



Universitetet i Bergen

Institutt for litterære, lingvistiske og estetiske studiar

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vår 2018

Kor budde Brytteva?

- **Ei geografisk undersøking av personnamnbruken i Voss kommune 1866–2016**

Torbjörg Afdal

Føreord

Å arbeide med denne masteroppgåva har for meg vore ei stor utfordring og ei stor glede. Eg har heilt sidan eg var liten vore oppteken av namn, og historia til namna har alltid interessert meg. Eg har brukt mangfaldige timar med å søkje opp tydinga til ulike namn, og med å finne kurvar over utbreiinga. I dag er eg mest oppteken av kor mange *Torbjörg* som forsvinn kvart år. Det er om lag 100. Mine foreldre var opptekne av oppkalling då dei gav namn til storesystema mi og meg. Ho heiter *Ingrid*, og er kalla opp etter mormora vår som heiter *Ingeborg*. Eg er oppkalla etter morfaren min, *Torstein* og bestemora mi *Bjørg*. Så kom vetlesystema mi. Ho fekk namnet *Åshild*, og då var nok idébanken tom, for ho er ikkje kalla opp etter nokon som helst. Eg fekk på denne måte namneinteressa inn med morsmjølka, og må med det takke mine foreldre fordi dei var både spenstige og tradisjonelle då dei gav meg namnet mitt.

Med denne oppgåva har eg fått eit djupt og grundig innblikk i kva namn folk i Voss kommune har gitt ungene sine i 151 år. Utviklinga har vore stor og det har vore interessant å sjå korleis den generelle samfunnsutviklinga har påverka namnebruken. I starten av perioden eg undersøker var namnebruken i stor grad prega av ei lita gruppe med svært mykje brukte namn. Voss har i dag blitt eit moderne samfunn der namnebruken speglar kontakten ein no har med omverda. Ein ser likevel at nokre få av dei gamle mykje bruke namna framleis er i bruk.

Eg set umåteleg stor pris på at Universitetet i Bergen lét folk som meg få halde på med det me tykkjer er aller mest interessant. For meg har dette vore å fordjupe meg i namnehistoria til heimkommunen min, Voss. Eg vil gjerne takke medvossing og rettleiar Gunnstein Akselberg for all hjelp og inspirasjon undervegs i arbeidet. Det har vore til stor hjelp. Eg vil òg takke «svigerfar» Dag Orseth for korrekturlesing både av masteroppgåva og ved tidlegare høve.

Hausten 2013 møtte eg opp til fadderveke og studiestart. Der møtte eg ei fantastisk gruppe med menneske som i løpet av fem år har blitt ein klasse. Sjølv om vi er blitt færre, har samhaldet i klassen ført oss dit vi er i dag. Eg set pris på kvar og ein av dykk. #Lektorlove. Og spesielt takk til Lars, Tor og Kristin, mine beste vener og medsamansvorne på universitetet, men mest utanfor.

Eg er òg så heldig at eg har hatt verdas beste kjæraste og sambuar med meg gjennom masterprosessen. Det har vore både lange dagar og kveldar, sure miner og oppmuntrande ord. Matias, vi kom i mål.

Innhald

Føreord	2
1. Innleiing	6
2. Voss kommune	9
2.1 «Typiske vossanamn»	11
3. Teori	13
3.1 Oppkalling	13
3.2 Den nordiske namnerenessansen	15
4. Metode	17
4.1 Kjelder	17
4.1.1 Primærkjelder	17
4.1.2 Sekundærkjelder	17
4.2 Dei ulike kjeldene	17
4.2.1 Kyrkjebøker	18
4.2.2 Fødselsregister	19
4.2.3 Kyrkjelydsbladet	20
4.3 Arbeidet med materialet	20
4.3.1 Transkripsjonen og arbeidet i Excel	20
4.3.2 Åttungsinndelinga	21
4.3.3 Ulike former av same namn	23
4.4 Feilkjelder og manglar i metoden	24
4.4.1 Skrifta	24
4.4.2 Ulike typar kjelder	25
4.4.3 Feilkjelder i åttungsinndelinga	27
5. Resultat	29
5.1 Resultat frå Voss kommune 1866–2016	30
5.1.1 Oppsummering for kommunen 1866–2016	34
5.2 Resultat frå Voss kommune 1866–1886 i tidsbolkar	34
5.2.1 Voss kommune 1866–1886	34
5.2.2 Voss kommune 1887–1906	36
5.2.4 Voss kommune 1907–1926	38
5.2.5 Voss kommune 1927–1946	39
5.2.6 Voss kommune 1947–1966	40
5.2.7 Voss kommune 1967–1986	42
5.2.9 Oppsummering for Voss kommune i tidsbolkar	44
5.3 Resultat frå dei ulike sokna 1866–2016	45
5.3.1 Vangen sokn 1866–2016	45
5.3.2 Vinje sokn 1866–2016	46
5.3.3 Oppheim sokn 1866–2016	48
5.3.4 Evanger sokn 1866–2016	49
5.3.5 Oppsummering for dei ulike sokna 1866–2016	50

5.4 Resultat frå Vangen sokn i tidsbolkar	51
5.4.1 Vangen sokn 1866–1886	51
5.4.2 Vangen sokn 1887–1906	52
5.4.3 Vangen sokn 1907–1926	53
5.4.4 Vangen sokn 1927–1946	55
5.4.5 Vangen sokn 1947–1966	56
5.4.6 Vangen sokn 1967–1986	57
5.4.7 Vangen sokn 1987–2016	59
5.4.8 Oppsummering for Vangen sokn i tidsbolkar	60
5.5 Resultat frå Vinje sokn 1866–2016 i tidsbolkar	60
5.5.1 Vinje sokn 1866–1886	60
5.5.2 Vinje sokn 1887–1906	62
5.5.3 Vinje sokn 1907–1926	63
5.5.4 Vinje sokn 1927–1946	64
5.5.5 Vinje sokn 1947–1966	66
5.5.6 Vinje sokn 1967–1986	67
5.5.7 Vinje sokn 1987–2016	68
5.5.8 Oppsummering for Vinje sokn i tidsbolkar	69
5.6 Resultat frå Oppheim sokn 1866–2016 i tidsbolkar	69
5.6.1 Oppheim sokn 1866–1886	69
5.6.2 Oppheim sokn 1887–1906	71
5.6.3 Oppheim sokn 1907–1926	72
5.6.4 Oppheim sokn 1927–1946	73
5.6.5 Oppheim sokn 1947–1966	74
5.6.6 Oppheim sokn 1967–1986	76
5.6.7 Oppheim sokn 1987–2016	77
5.6.8 Oppsummering for Oppheim sokn i tidsbolkar	78
5.7 Resultat frå Evanger sokn 1866–2016 i tidsbolkar	79
5.7.1 Evanger sokn 1866–1886	79
5.7.2 Evanger sokn 1887–1906	80
5.7.3 Evanger sokn 1907–1926	82
5.7.4 Evanger sokn 1927–1946	83
5.7.5 Evanger sokn 1947–1966	84
5.7.7 Evanger sokn 1987–2016	87
5.7.8 Oppsummering for Evanger sokn i tidsbolkar	88
5.8 Resultata frå åttungane i to periodar	89
5.8.1 Dyrvinjardals åttung	89
5.8.2 Gullfjordungs åttung	92
5.8.3 Borgstrandar åttung	94
5.8.4 Vinjar åttung	97
5.8.5 Bæjar åttung	99
5.8.6 Kvitlar åttung	101
5.8.7 Bordadals åttung	104
5.8.8 Vikja åttung	106
5.8.9 Holebygds åttung	109
5.8.10 Sygnastrands åttung	112
5.8.12 Oppsummering resultata frå åttungane	117
5.9 Resultat frå eit utval av gardane	118

6. Analyse og konklusjon	121
6.1 Analyse av resultatata frå sokna i sju periodar	121
6.1.1 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1866–1886	122
6.1.2 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1887–1906	123
6.1.3 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1907–1926	123
6.1.4 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1927–1946	124
6.1.5 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1947–1966	124
6.1.6 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1967–1986	125
6.1.7 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1986–2016	125
6.1.8 Oppsummering av analysen for sokna	126
6.2 Analyse av åttungane i to periodar	126
6.2.1 Analyse av resultatata frå åttungane i perioden 1866 (1887)–1926	127
6.2.2 Analyse av resultatata frå åttungane i perioden 1927–1982	128
6.2.3 Oppsummering av analysen for åttungane	128
6.3 Dei mest brukte namna	129
6.4 Konklusjon	130
6.4.1 Konklusjon Vinje	130
6.4.3 Konklusjon Oppheim	131
6.4.4 Konklusjon Evanger	131
6.4.5 Konklusjon Vangen	132
6.5 Avslutning	134
Litteratur	137
Samandrag	139
Summary:	141
Profesjonsrelevans	143
Vedlegg 1: Oversiktstabellar gutenamn	144
Vedlegg 2: Oversiktstabellar jentenamn	149
Vedlegg 3: Talmateriale I BORA	153
Vedlegg 4: Søknad om innsyn til Arkivverket	153
Vedlegg 5: Erklæring frå rettleiar til Arkivverket	156
Vedlegg 6: Svar på søknad til Arkivverket	157

1. Innleiing

Denne masteravhandlinga skal undersøke den geografiske variasjonen i personnamnebruken i Voss kommune. Målet er å finne ut om den sterke personnamnekonservatismen i kommunen har ført til at ein kan sjå forskjellar i namnebruken i kommunen med utgangspunkt i dei geografiske faktorane kyrkjesokn, åttungar og gardar. Forskinga vil vere basert på data innhenta om namn på døypte barn i kommunen i perioden 1866–2016. Eg vil så langt det lèt seg gjere forklare forskjellane dersom dei er der. I tillegg vil eg i avhandlinga prøve å svare på følgjande spørsmål:

- Kva er «typiske vossanamn», og kva har skjedd med desse personnamna?
- Kan vi sjå teikn på oppkalling i personnamnbruken i kommunen?

Innom namnegransking med fokus på personnamn er det gjort ganske mykje forskning tidlegare. Ein del av denne forskinga er også gjort innom eit visst geografisk område. Eg kan nemne Terje Aarset si forskning på personnamna i Vartdal, Hareide og Ulstein gjennom 500 år¹, Gunnstein Akselberg sin artikkel om namnebruken i Voss kommune frå 1801–2013 og Torodd Kinn sin tekst om geografisk namnevariasjon i Nordre- og Søndre Bergenhus.

Hausten i 2016 tok eg faget namnegransking ved Universitetet i Bergen. Eg valde då å skrive ei semesteroppgåve om namnetradisjonane i Voss kommune. Oppgåva mi tok utgangspunkt i den nemnte artikkelen til Gunnstein Akselberg *Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn*. I mi eiga oppgåve fortsette eg på Akselberg sitt arbeid og tok for meg perioden frå 2004 og fram til 2016. Hovudtrekka frå forskinga til Akselberg var at ein ser ein sterk kontinuitet i namnebruken i kommunen og at namnebruken er prega av sterke tradisjonar. Mi eiga forskning viste at det same var tilfelle i perioden 2004–2016. Funna som både eg og Akselberg gjorde var såpass interessante at eit vidare arbeid med temaet verka svært freistande på meg.

Det var fleire moglegheiter når eg skulle fortsetje med arbeidet med personnamn på Voss. Eg kunne sett på kva namn som var dei mest populære i kommunen og studert kva namnetypar dette var. Det hadde òg vore mogleg å gjort ei undersøking i namngjeving ved bruk av spørjeskjema. Fenomenet oppkalling har lenge fascinert meg, og denne namngjevingstradisjonen har vore viktig for det namnetilfanget ein har hatt og har, i kommunen. Etter samtale med rettleiar kom eg difor fram til at ei historisk studie der ein

¹ Aarset, «Personnamn i Vartdal, Hareide og Ulstein gjennom 500 år»

fokuserer på ulike delar av Voss, ville vere interessant. Var det slik at dei sterke namngjevingstradisjonane hadde ført til geografiske forskjellar i kommunen?

Emnet namnegransking er ein liten del av den store språkdelen av faget nordisk. Emnet er likevel omfangsrikt og ein deler det grovt mellom forskning på toponym (stadnamn) og forskning på antroponym (personnamn). Av geografisk avgrensa forskning på nyare personnamnebruk kan eg til dømes nemne Gro Sørensen si hovudoppgåve frå 2002 om motiv til namngjeving i Harstad og Arendal². I oppgåva fokuserer ho på forskjellane mellom nord og sør i to byar med omtrent lik storleik. Også Anne Svanevik si hovudoppgåve frå 1981 bør nemnast i denne samanhengen. Ho skriv om namngjeving i Oslo med fokus på forskjellane på aust og vest i byen³. Svanevik brukar skulekretsar i Oslo aust og Oslo vest som utgangspunkt for forskinga si. Svanevik si forskning er svært geografisk avgrensa og difor relevant for mitt eige prosjekt. Formåla med studiane er likevel svært ulike då ho fokuserer på sosiale skilnadar medan mitt prosjekt ikkje har eit sosialt fokus som utgangspunkt.

Både Svanevik og Sørensen si forskning fell inn under det vi i namnegranskinga kategoriserer som *sosionomastikk*. Akselberg definerer omgrepet på denne måten: «Sosioonomastikk er vitskapen om korleis namnebruken i eit samfunn varierer i høve til ekstraonomastiske tilhøve i samfunnet, som t.d. sosiale, kulturelle og materielle faktorar.»⁴ Med dette som grunnlag kan ein rekne sosioonomastikken som ei undergrein til både onomastikken og til sociolingvistikken. I denne samanhengen bør ein absolutt nemne doktogradsavhandlinga til Kathrine Kehlet Bechsgaard frå 2015 som tar for seg namneval i den danske befolkninga.⁵ Mi eiga avhandling kan ikkje definerast direkte som sosioonomastisk, då den manglar den sociolingvistiske delen av vitskapen. I denne avhandlinga kjem til dømes inn på korleis kulturen i Voss kommune har påverka namngjevingstradisjonane som har vore rådane i fleire tiår. Ei geografisk kvantitativ namneanalyse som dette er, kan òg vere eit bilete på sosiale skilnadar og utvikling i kommunen. Det vil til dømes vere mogleg å sjå teikn på urbanisering ved korleis namnematerialet utviklar og forflytter seg. Dessutan kan namnegranskinga vere eit slags bilete på korleis samfunnet utviklar seg. Auken i namnetilfangen speglar til dømes effekten av urbanisering og globalisering ein har hatt, og har i Noreg og internasjonalt. Med

² Sørensen, «Motiv til navnevalg i to kommuner i Norge»

³ Svanevik, «Personnavn i Oslo»

⁴ Akselberg, «Sosioonomastikk - framlegg til avgrensing.», 16

⁵ Bechsgaard, «Hvorfor skal barnet hedde sådan?»

dette kan ein argumentere for at avhandlinga kan passe inn i det sosioonomastiske fagfeltet, men ikkje i den tradisjonelle definisjonen.

Særleg relevant er artikkelen til Torodd Kinn *Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801* frå 2011. Teksten er ei namnegeografisk studie av namna i Nordre- og Søndre Bergenhus med utgangspunkt i folketeljinga frå 1801. Resultata frå undersøkinga vert presentert slik at karakteristiske namn frå områda kjem fram i eit diagram. Forskinga til Kinn er på mange måtar ulik mi eiga, då han tar utgangspunkt i ei folketeljing på eit mykje større område enn det eg undersøker. I det eine avsnittet avgrensar han materialet til å gjelde dei 100 mest frekvente namna for kvart kjønn, og i det andre tek med alle namn med minst fem berarar.⁶ Eg har ikkje noka slik avgrensing i mi forskning, noko som betyr at namn det berre er eitt einaste tilfelle av er representert i materialet. Det geografiske området for undersøkingane mine er også mykje mindre enn det Kinn undersøker. Likevel er teksten til Kinn relevant for mi eiga forskning då Voss er ein del av området for studien hans og funna hans kan seie noko om namneskikken i kommunen på eit tidlegare stadium.

⁶ Kinn, «Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801», 66.

2. Voss kommune



Voss er ei bygd i Indre Hordaland med rundt 14 000 innbyggjarar. Jordbruk og gardsdrift har vore dei viktigaste næringane i bygda opp mot nyare tid. Frå 1800-talet fekk ein ei oppblomstring i småindustrien i bygda, og ulike verksemdar dukka opp⁷. I dag er bygda i mykje større grad prega av handel og turisme, og det er desse næringane som skaper flest arbeidsplassar i kommunen. Ein kan med dette slå fast at bygda har hatt ei utvikling frå tradisjonelt jordbrukssamfunn til å bli ei moderne bygd med impulsar både frå inn- og utland. I dag er bygda spesielt godt kjent for sitt blomstrandende kulturliv og store idrettsprestasjonar. Framleis er jordbruket viktig i kommunen, og odell, arv og tradisjonar er viktige stikkord for kulturen. Sjølv om bygda er eit moderne samfunn, står dei sterke tradisjonane støtt. Voss er ei

⁷ Voss kommune, «Voss kommune – Bygd for sterke opplevingar»

bygd som kunne blitt by for lenge sidan dersom dette hadde vore ynskjeleg. At dette ikkje er blitt noko av, kan ein tolke som at det å vere ei bygd er noko som er viktig for innbygarane.

Voss kommune er den største kommunen i Hordaland med sine 1 805 kvadratkilometer. Med eit så stort areal vert det naturleg at det dannar seg mindre bygdesamfunn inni bygda der folk buset seg. Desse bygdesamfunna forgreinar seg ofte utifrå ei kyrkje, fordi den historisk har vore ein viktig samlingsstad. I kommunen i dag har ein desse kyrkjesokna; Vangen, Vinje, Oppheim og Evanger. Raundalen ligg under Vangen sokn, men har ei eiga kyrkje frå 1921.⁸ Ein har også kapell både i Jordalen og på Mjølfjell, men desse ligg under sokna Oppheim og Vangen. På Bolstadøyri ligg eit bedehus og dette høyrer såleis til Evanger sokn. Voss er som nemnt ein stor kommune i geografisk utstrekning, og det at kommunen i dag berre har fire kyrkjesokn, kan verke lite. Om ein t.d. ser på Hol kommune i Buskerud som er på omtrent same storleik som Voss, så har denne kommunen i dag sju kyrkjesokn. Det er ikkje noka norm for kor mange kyrkjer det bør eller skal vere i ein kommune, og poenget her er berre å vise at fire kyrkjesokn kanskje er lite for ein kommune på denne storleiken. Voss sokn som høyrer til Voss kyrkje eller Vangskyrkja som den vert kalla, ligg i midten av Voss sentrum. Dette soknet vil eg vidare i avhandlinga kalle «Vangen sokn». Dette for å ikkje blande Voss sokn med kommunen. Dei andre kyrkjene ligg i rimeleg stor avstand til Vangskyrkja. Dette poengterer Arne Berg i si bok *Voss kyrkje*.⁹ Det er difor to faktorar som fører til at det er ei veldig mykje større gruppe menneske som soknar til Vangskyrkja enn til dei andre kyrkjene. Det er både det at Vangskyrkja ligg i sentrum der det bur flest folk, men også det at avstanden til dei andre kyrkjene er så stor. Det må også nemnast at det finst fleire bygdesamfunn enn dei som i dag er representert med eiga kyrkje. Skulestadmo, Bulken og Palmafossen er døme på desse.

Kommunen slik den er i dag er ei samanslåing av fleire tidlegare kommunar. Både Evanger og Vossestrand var tidlegare eigne kommunar, men i 1964 vart Vossestrand og Evanger med unntak av Eksingedalen og Bergsdalen slått saman med Voss og vart med det til det som i dag er Voss kommune. Det er dagens Voss kommune eg har brukt som mitt geografiske utgangspunkt. Det vil seie at namn på barn som tidlegare var busette i Vossestrand eller Evanger kommune vil vere representerte i materialet mitt. På eit punkt i planlegginga vurderte eg i tillegg å hente inn data frå ein eller fleire av nabokommunane til Voss. Eg var då spesielt interessert i Vaksdal kommune og Granvin herad. Vaksdal kommune ligg vest for Voss og

⁸ Hoff, «Raundalen kyrkje.»

⁹ Berg, *Voss kyrkje*, 16

nærare Bergen. Det hadde vore interessant å undersøke namnebruken i denne kommunen fordi påverknaden frå Bergen kanskje hadde vist seg her. Det er fleire årsaker til at eg kunne tenkt meg å undersøkt namnebruken i Granvin herad. For det første er kommunen ein del av Hardanger, og ein ville då kanskje sjå andre mønster i namnebruken enn det ein gjer på Voss. I tillegg blir Granvin herad ein del av det nye Voss herad i 2020, og det kunne av den grunnen vore naturleg og interessant å ha den med i materialet. Det var då eg innsåg kor lang tid det faktisk ville ta å samle inn og omarbeide materialet, at grensa vart sett ved den noverande Voss kommune.

2.1 «Typiske vossanamn»

I Akselberg sin tekst *Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn* gjennomfører han ei lita haldningsundersøking i avisa Hordaland. Her prøvar han å finne ut kva namn lesarane meiner passar inn i termen «typiske vossanamn». Dei namna lesarane meiner er typiske vossanamn er namn som er svært vanlege på Voss og som eg sjølv har veldig mange tilfelle av i materialet mitt. Eg veit ikkje om eg er einig i denne definisjonen av typiske vossanamn. At noko er typisk tyder at det representerer eller er utpregande for noko. Dei namna som vart føreslått av flest lesarar var *Lars*, *Knud* og *Ola(v)* for gutane, og *Marta*, *Brita* og *Anna* for jentene. Dette er namn som veit har vore i bruk langt utanfor grensene til Voss. I kor stor grad dei har vore i bruk i landet elles skal eg kome tilbake til seinare. Eg meiner at det vi kan kalle typiske vossanamn kan vere dei namna som er typiske for Voss fordi dei nesten berre har funnest på Voss. Det finst nokre slike namn.

Eg vil her trekkje fram fire namn. *Godskalk* (tysk: *Godascalc*) har i dag fire eller færre namneberarar og er såleis eit svært sjeldant namn.¹⁰ Namnet var vanleg i Sunnhordaland og på Voss etter reformasjonen, noko som gjer at det er sannsynleg at eg har tilfelle av dette namnet i materialet mitt. Sjølv om namnet har vore brukt andre stader enn på Voss vel eg å ta det med her fordi den geografiske utbreiinga av namnet er såpass liten. *Viking* er det andre gutenamnet eg vil dra fram. Namnet kjem frå det norrøne *Vikingr* og var opphavelig eit tilnamn, altså eit kallenamn på dei som var vikingar. Namnet har hatt tyngdepunktet sitt på Voss etter reformasjonen, men er svært sjeldant etter 1935. Det er i dag 16 menn som har *Viking* som sitt første førenamn. Det er to jentenamn som også er verdt å nemne. Det første er *Dønåt*. Dette namnet har fleire ulike skrivemåtar og er av ukjend opphav. Det kan vere knytt til det italienske *Dionetta*, men dette er berre ein teori. Namnet er berre litt brukt i Hordaland, og då

¹⁰ Statistisk sentralbyrå, «Navn» (Alle opplysningar om namneberarar i dag er henta frå denne kjelda).

spesielt på Voss på 17- og 1800-talet, og har i dag fire eller færre berarar. Namnet er eitt av dei Torodd Kinn kjem fram til som typiske for Voss og Hardanger i si undersøking frå 2011.¹¹ *Brytteva* er det siste namnet eg vil kommentere. Namnet kjem av det engelske *Brihtgifu* og er mykje brukt på Voss etter reformasjonen. Etter 1900 er det svært sjeldant, og det er i dag fire eller færre i Noreg som heiter *Brytteva*. I Kinn si undersøking utgjer namnet over 5 % av materialet for kvinnenamna i 1801.¹²

Det blir interessant å sjå kor mange tilfelle eg finn av desse namna i materialet mitt, og om dei er knytt til enkelte delar av kommunen. Det vil også vere interessant å sjå om det er nokon nye namn som vi i dag kan kalle typiske vossanamn.

¹¹ Kinn, «Førenamnsgeografi i Bergnhus-amta i 1801», 87.

¹² Ibid, 88.

3. Teori

3.1 Oppkalling

Oppkalling er ein av dei eldste namngjevingsmåtane vi har i Noreg. I dag forstår dei fleste dette omgrepet som at ein kallar opp eit barn anten med heile eller delar av namnet til ein person. Det er ikkje noko krav om at denne personen skal vere i eit bestemt slektsforhold til barnet, og heller ikkje om at personen skal vere død før ein bruker namnet til oppkalling. Eg kan bruke meg sjølv som eksempel her. Eg heiter Torbjørg og er ifølgje mine foreldre oppkalla etter mi farmor Bjørg og min morfar Torstein. Tidlegare har reglane for oppkalling vore ein del meir strenge. Alt frå svært tidleg tid var namngjevinga basert på at namnet skule vise slektskap til dei som gav namnet. Den eldste namneskikken vi kjenner til i Skandinavia er det vi kallar namngjeving etter variasjonsprinsippet. Her beholdt ein det eine namneleddet, men varierte det andre.¹³ Denne namngjevingsmåten var i stor grad den viktigaste i hundreåra før vikingtida. Eksempel på oppkalling etter variasjonsprinsippet kan vere ein far som heiter *Torstein*, der sonen får namnet *Torgeir*. Dei tidlege kjeldene viser også at addisjonsvariasjon, som vi seie at ein namneledd vart lagt til, og subtraksjonsvariasjon, altså at eit namneledd vart fjerna, var eksisterande namngjevingsmåtar. Døme på addisjonsvariasjon er at *Tor* blir til *Torstein*, og døme på subtraksjonsvariasjon er at *Torgeir* blir til *Geir*. Dette kan ein sjå på som ein type oppkalling ettersom det var namna på foreldra som var utgangspunktet for namna til barna. Det er først seinare at ein får oppkalling av heile namn, såkalla heil oppkalling. Ifølgje Ola Stemshaug kom denne skikken til Noreg i vikingtida eller kanskje eit par hundreår tidlegare.¹⁴ Då denne namneskikken kom i bruk var det ikkje lenger foreldra som var namnekjelde, men då helst besteforeldre. Det var likevel tilfelle der det var foreldra som vart kalla opp ved heil oppkalling. Om faren døydde før sonen var fødd, fekk sonen namnet til faren. Likeins fekk dottera namnet til mora dersom mora døydde i barsel. Noko av årsaka til dette prinsippet var trua på sjelevandring. Ein trudde at barnet kom til å arve eigenskapane til den avdøde dersom dei vart kalla opp etter vedkommande.

Tradisjonen med heil oppkalling utvikla seg vidare til eit ganske fast system. Den eldste sonen fekk namnet til sin farfar, den nest eldste til sin morfar. Den eldste dottera fekk namnet til farmora og den nest eldste til mormora. Om det var fleire yngre sysken, fekk desse namn etter oldeforeldre eller eventuelt syskena til foreldra. Dette systemet overlevde lenge, og då spesielt

¹³ Stemshaug, *Namngjeving og namnebruk*, 27

¹⁴ *Ibid.*, 29.

i innlandsbygdene. Nokre stader hevdar Stemshaug at nivået for heilnamnsoppkalling etter dette mønsteret har vore mellom 90 og 100 % fram mot midten av 1900-talet.¹⁵ Det finst ikkje tal eller undersøkingar som viser om denne oppkallingskikken var vanleg på Voss, men ettersom ein definerer Voss som ei innlandsbygd er det sannsynleg at den absolutt har vore til stades. Kor lenge og i kor stor grad er sjølv sagt umogleg å seie noko om. Stemshaug presiserer også at når oppkalling som namngjevingsmåte har stått så sterkt, så medførte dette at vanlege namn vart endå meir vanlege og at mindre vanlege namn fall ut av bruk.¹⁶ Dette presiserer òg Inge Særheim i kapittelet *Person- og stadnamn* i *Handbok i norrøn filologi* frå 2004.¹⁷

Då eg skreiv semesteroppgåva mi i namnegransking gjennomførte eg ei undersøking hjå foreldre som hadde gitt namn til eit barn i perioden 2003–2015. Her stilte eg fleire spørsmål for å få svar på motivet bak namngjevinga. Eg var her spesielt opptatt av om barnet var kalla opp. Resultata frå undersøkinga viste at litt over halvparten av foreldra hadde kalla opp barnet på ein eller annan måte. Det var ikkje så mange tilfelle av heil oppkalling, og i dei tilfella vart ofte dette namnet gitt som eit andre førenamn. Det er vanskeleg å dra nokre bastante slutningar ut frå denne undersøkinga då den var av ein heller beskjeden storleik. Likevel fekk eg svar som kan vise noko om korleis trenden for namngjeving er på Voss i dag.

Konklusjonen min ut frå resultata av undersøkinga var at folk stadig er opptekne av å gi barna namn som viser slektskap til familien. Oppkalling er eit viktig motiv for namngjeving for mange, men heller få kallar opp etter foreldre eller besteforeldre. Det at foreldra likte det namnet dei skulle kalle opp etter, viste seg å vere ein vel så viktig faktor som det at det viste slektskap. Eg vil å kalle denne namngjevingsmåten «selektiv oppkalling». Trenden viser med andre ord at oppkalling enno er eit viktig motiv for namngjeving, men berre så lenge namnet som skal kallast opp passar med namngjevarane sin smak. Det er heller ikkje dei næraste slektningane som det helst vert kalla opp etter, og om dei vert det, så vert ikkje heile namnet brukt. Eg vil i resultata mine fokusere på heil oppkalling, då andre typar oppkalling, som t.d. etter variasjonsprinsippet, vil vere vanskelegare å spore. Det kan tenkast at ein del av den heilnamnsoppkallinga som viser seg i mitt materialet er selektiv. Dette vil eg ikkje kunne spore, men ein bør ha med seg at noko av oppkallinga kan vere av ein nyare og meir selektiv karakter enn det gamle faste mønsteret.

¹⁵ Ibid., 29.

¹⁶ Ibid., 29.

¹⁷ Særheim, «Person- og stadnamn», 341.

Som nemnt var denne undersøkinga liten, og det er ikkje sikkert at dei som svarte på den var eit representativt utval av namnegjevarane i kommunen. I Katrine Kehlet Bechsgaard si doktorgradsavhandling frå 2015 finn ho at ein svært stor del av foreldra svarar at oppkalling ikkje er viktig for dei i det heile i namngjevingsprosessen.¹⁸ Denne store undersøkinga tek for seg 432 nybakte foreldre frå alle delar av Danmark. Det er ikkje nødvendigvis slik at det er mogleg å dra slutningar mellom desse undersøkingane, då forholda i Danmark mest sannsynleg er annleis enn dei ein finn på Voss, og motiva for namngjeving vil då òg vere ulike. Det er likevel slik at ein historisk sett har vore store fellestrekk i namnetrenden i dei skandinaviske landa.

3.2 Den nordiske namnerenessansen

Omgrepet nordisk namnerenessanse er definert av fleire ulike namnegranskarar og går ut på at ein i ein periode frå midten av 1800-talet og til eit stykke ut på 1900-talet ser ei oppblomstring i bruken av nordiske namn. Omgrepet kan vere problematisk. For det første må ein avgrense kva det tyder at eit namn er nordisk. Dette er ein problematikk som Akselberg tek opp i teksten *Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn*. Her skriv han: «Tanken bak termen *nordiske namn* er at dette er namn som har bakgrunnen sin i dei nordiske språka, det vil seie at dei har oppstått innom det nordiske språkvaldet, og at dei såleis skil seg frå dei framande eller innlånte namna som er komne inn i dei nordiske språka utanfrå.»¹⁹ Eksempel på dette kan vere *Knut* som kjem av norrøne *Knútr* og *Ivar* av norrøne *Ívarr*. Dette er ein klar definisjon på kva som er nordiske namn. Når ein diskuterer nordisk namnerenessanse er likevel ikkje avgrensinga for kva nordiske namn er, like klar. Mange namn som av namnebrukarane bli oppfatta som nordiske, er gjerne ikkje etymologisk nordiske. Dette er gjerne namn som har lang brukstid i Noreg, men som er innlånte frå eit anna språk og gjort norske. På Voss er til dømes *Lars* og *Brita* namn som har svært populære i svært lang tid. *Lars* kjem frå det latinske *Laurentius* og *Brita* kjem frå det keltiske *Brigit*. Namn som vi opplever som nordiske eller norske er nødvendigvis ikkje det av etymologi. I diskusjonen og forskinga som er gjort på den nordiske namnerenessansen er det ikkje opplevingane til namnebrukarane tatt med som faktor. Akselberg plasserer namna som ikkje

¹⁸ Bechsgaard, «*Hvorfor skal barnet hedde sådan?*», 93

¹⁹ Akselberg, «Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn», 101

er nordiske, men som har lang brukstid i Noreg og som blir oppfatta som norske i kategorien tradisjonsnamn.²⁰

Eit anna problem med den nordiske namnerenessansen er tidsrommet den opptre i. Terje Aarset brukar statistiske funn og argumenterer for at ein kan rekne med ein nordisk namnerenessanse i frå midten av 1800-talet.²¹ Han presiserer at endringane mot meir bruk av nordiske namn først skjer i byane og at det er vanskeleg å tidfeste renessansen då det er store regionale forskjellar i landet. Som nemnt forstår ein den nordiske namnerenessansen som den namnerenessansen som gjekk føre seg i den oppgjevne tidsperioden. Det er ingenting som tilseier at vi ikkje skal oppleve fleire nordiske namnerenessansar, då namnetrendar stadig endrar seg.

²⁰ Ibid., 101

²¹ Aarset, «Frå den nordiske namnerenessansen til i dag.», 66

4. Metode

For å få tak i dei dataa som kan gi eit best mogleg svar på problemstillinga mi, er det naudsynt å velje ein relevant metode. Ein skil i hovudsak mellom kvalitativ og kvantitativ metode.

Metoden i dette prosjektet har bestått av ei stor innsamling av data og vidare behandling av dette materialet, som har ført fram til namnestatistikkar som viser resultatet av forskinga.

Metoden eg har brukt vil eg vurdere som kvantitativ då den tek for seg ei stor mengde data.

Dataa i kvantitative undersøkingar vert ofte behandla som tal og fungerer godt i statistiske framstillingar. Den kvantitative metoden eller analysen står i motsetnad til den kvalitative metoden. Den kvalitative metoden går i djupna på få einingar og desse einingane er gjerne i tekstform.²²

4.1 Kjelder

4.1.1 Primærkjelder

Avhandlinga tek utgangspunkt i ca. 35 000 førenamn og ein tidsperiode på 150 år. Namna gjeld barn som er døypte i Voss kommune i perioden 1886–2016. Eg har vald å fokusere på 150 år av to viktige grunnar. I utgangspunktet var tanken min at dette prosjektet måtte vere av ein viss storleik og frå byrjinga var arbeidet avgrensa til perioden 1800–2016. Den andre grunnen til at perioden vart 150 var at det ikkje let seg gjere med den perioden som var planlagt i utgangspunktet. Dette var av årsaker eg skal kome nærmare inn på når eg forklarar bruken av kjeldene. Namna er henta frå tre ulike kjelder. Namna frå perioden 1866–1970 er henta frå klokkearbøker frå dei ulike sokna i kommunen. Dette med unntak av Oppheim sokn, der ein berre har klokkearbøker fram til 1949. Klokkearboka som kjem etter dette var ikkje innlevert til Arkivverket. I perioden 1970–1982 har eg nytta fødselsregister frå dei ulike sokna. For Oppheim sokn har eg nytta fødselsregisteret frå 1949 til 1982.

4.1.2 Sekundærkjelder

Etter 1982 og fram til 2016 er namna frå alle fire sokna henta frå kyrkjelydsbladet som blir gjeve ut i Voss kommune. Dette kan vurderast som ei sekundærkjelde då desse namna er henta frå protokollane til kyrkja og førte inn i bladet av redaksjonen.

4.2 Dei ulike kjeldene

Her vil eg gi ei innføring i dei ulike kjeldene eg har brukt i innsamlinga av materialet til undersøkinga.

²² Dahlum, «Kvantitativ analyse.»

4.2.1 Kyrkjebøker

Dei eldste kyrkjebøkene ein har i Noreg er frå 1600-talet²³. Det vart påbode å føre kyrkjebøker i 1686, men dei kom ikkje i regelmessig bruk før ut på 1700-talet²⁴.

Kyrkjebøkene er nyttige historiske kjelder då dei inneheld mange ulike opplysningar om einskildpersonar. I kyrkjebøkene finn ein opplysningar om døypte, konfirmerte, trulova, vigde og gravlagde. Enkelte kyrkjebøker inneheld også fleire andre opplysningar som t.d. nattverdslister og lister over skriftemål, og utover 1800-talet vart fleire opplysningar lagde til. Dette var t.d. lister over innflytta og utflytta innbyggjarar. Det finst to ulike typar kyrkjebøker; ministerialbøker og klokkarbøker. Ministerialbøker er den opphavelige kyrkjeboka som vart ført av soknepresten. Frå 1812 vart klokkeboka innført. Klokkarboka skulle vere ein kopi av ministerialboka og skulle bli ført av klokkaren.²⁵ Desse bøkene skulle oppbevarast kvar for seg slik at om ei skulle gå tapt, så ville ein alltid ha den eine att.

Kyrkjebøkene er gode namnekjelder fordi dei inneheld namneopplysningar om alle som vart døypte i kyrkja. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor stor del av befolkninga som vart døypte i kyrkja i det tidsrommet eg har forska på. Eg vil likevel gå ut frå at dette talet var høgt i og med at kyrkja i dag enno har størstedelen av befolkninga som medlemmar. Tal frå utgangen av 2016 viser at 71,5 % av innbyggjarane i Noreg var medlemmar av Den norske kyrkja.²⁶ Kyrkjebøkene har vore ei uvurderleg kjelde for meg i arbeidet mitt, men ikkje berre for dei omfattande personnamnopplysningane. For perioden 1887 til 1982 i dei kyrkjebøkene eg brukte fekk eg også opplysningar om bustaden til foreldra til det døypte barnet. Desse opplysningane har eg nytta til å gjere ein meir grundig og nøyaktig analyse av den lokalgeografiske namnevariasjonen. Som nemnt finst det både ministerialbøker og klokkarbøker. Eg har i hovudsak valt å bruke klokkarbøkene i arbeidet mitt. Dette av den enkle grunnen at skrifta i dei er lettare å tyde. I og med at desse to bøkene er identiske, har eg konsultert ministerialboka når eg har vore i tvil om eit namn.

Sjølv om kyrkjebøkene er gode namnekjelder, er det likevel ein del tilhøve ved dei som er problematiske. I dag er kyrkjebøkene elektroniske og det er foreldra til barnet som har myndigheita når det gjeld korleis namnet blir skriva. Dei kjeldene eg har nytta er heilt fram til 1976, skrivne for hand, og då altså skrivne av presten eller klokkaren. Skriftspråket i Noreg

²³ Arkivverket, «Kirkebøker»

²⁴ Kruken, «Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen», 45

²⁵ Arkivverket, «Kirkebøker.»

²⁶ Den norske kirke, «Medlemsstatistikk.»

var dansk eller i alle høve danskprega i store delar av den perioden eg har undersøkt. Prestane var utdanna og skreiv dansk. Dette førte med seg at også namna vart skrivne på dansk, og at skrivemåten varierte veldig frå kven som skreiv dei ned.²⁷ Eit eksempel på kva dette førte med seg, kan vere at eit foreldrepar kjem for å døype barnet sitt. Dei seier at barnet skal heite *Per*, men presten skriv namnet som *Peder* fordi dette er den danske skrivemåten av namnet. For jentene kan t.d. namnet som skulle vere *Ingebjørg* ha blitt til *Ingeborg*. I dei aller fleste tilfella er ikkje skilnadane så store, men ein ser ofte at det har blitt ført til ein «h» eller at den harde norske konsonanten «t» har blitt endra til den mjukare danske konsonanten «d». Dette finn ein t.d. i at *Brita* har blitt til *Britha* og at *Knut* har blitt til *Knud*. Talemålet til folk var ikkje dansk og om ikkje skrivaren, i dette tilfellet presten eller klokkaren, har klart å omsetje namnet til ei dansk form, ser ein ofte at namnet har fått ei meir «opphaveleg» eller talemålsnær form. Alt dette gjer at namn som vart uttala på same måte av foreldra som skulle døype barnet sitt har fått mange ulike skriftlege former. Det er i utgangspunktet ikkje noko problem at namna har fleire ulike former. Dette blir først eit problem når ein skal føre namna inn i ein statistikk. Skal ein t.d. rekne *Olaf*, *Oluf*, *Olav*, *Ola* og *Ole* som same namn? Problemet med ulike former av namn vert diskutert i eit eige delkapittel.

Årsaka til at eg ikkje har brukt kyrkjebøker som kjelde for namna heilt fram til 2016, er at dei nyare kyrkjebøkene enno ikkje er levert til Arkivverket. Desse bøkene ligg då framleis på dei ulike kyrkjekontora, noko som gjer at det hadde vore problematisk å få innsyn i dei. I tillegg er ein del av dei opplysningane ein finn i kyrkjebøkene verna med teieplikt opp til 100 år. Dette gjeld informasjon om såkalla «sterke adopsjonar». Det vil seie adopsjonar der banda mellom foreldre og barn skulle brytast.²⁸ Ved å søke til Arkivverket fekk eg innsyn i kyrkjebøkene som ligg i arkivet fordi dei verna opplysningane ikkje var relevante for arbeidet mitt. Eg har ikkje løyve til å bruke opplysningar i andre kyrkjebøker og hadde difor ikkje lov til å nytte nyare kyrkjebøker som enno ikkje er innleverte.

4.2.2 Fødselsregister

I perioden 1970–1982 nytta eg fødselsregister som kjelde for namna. For Oppheim sokn nytta eg fødselsregister frå 1949 til 1982. Fødselsregistra var soknepresten sitt ansvarsområde frå 1916–1982. Dei inneheld opplysningar om kor tid fødselen vart meldt, fødselsdatoen og namnet barnet fekk då det blei født. I tillegg inneheld dei ein del opplysningar om foreldra. I forskinga mi har eg nytta fødselsnamn og -dato og i tillegg opplysningar om bustaden til

²⁷ Kruken, «Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen.», 45

²⁸ Arkivverket, «Sperrrede bilder av kirkebøker»

foreldra. Fødselsregistera er svært like kyrkjebøkene og byr difor på dei same utfordringane, men i og med at dei er frå ein nyare periode, har ein ikkje den same problematikken med forskjellane i den korleis foreldra ynskjer at namnet skal skrivast og korleis det blir skrivne i protokollen.

4.2.3 Kyrkjelydsbladet

I Voss kommune har det sidan 40-talet blitt gitt ut eit blad for kyrkjelydane i kommunen. Dette bladet har skifta namn nokre gonger opp gjennom tida. I dag heiter det *Kyrkjennytt*. Bladet blir gjevne ut av Voss kyrkjelege fellesråd. Tidlegare kom bladet fleire gonger i månaden medan det i dag kjem ei ny utgåve fire gonger i året. Bladet annonserer kyrkjelege hendingar som angår menneske i kyrkjelydane, altså døypte, konfirmantar, vigde og døde. Desse blada har eg brukt som namnekjelde i den siste delen av perioden eg har undersøkt då bladet annonserer namnet på barna som blir døypte i kommunen.

4.3 Arbeidet med materialet

Eg starta med innsamlinga av materialet i august 2017. Dette var ein omfattande prosess som eg til saman brukte over tre månadar på. Kyrkjebøkene frå 1866 til 1929 er skanna og offentleg tilgjengelege på digitalarkivet.no. Kyrkjebøkene og fødselsregistera i perioden 1929–1982 er verna med teieplikt. Eg fekk innvilga søknaden min om innsyn i desse protokollane. Innsamlinga av dette materialet vart gjort ut frå dei originale bøkene på Arkivverket i Bergen sin eigen lesesal. Der var også her eg fekk tilgang til fødselsregistera som eg har nytta. Kyrkjekontoret på Voss har eit arkiv med alle kyrkjeblada som er gjevne ut. Her var eg og tok bilete av alle dei relevante sidene før eg transkriberte namna.

4.3.1 Transkripsjonen og arbeidet i Excel

Transkripsjonen gjorde eg ved å skrive inn namna frå alle dei tre kjeldene inn i eit Excel-dokument. Eg lagde fire kolonnar i dokumentet. Ei kolonne for gutar og ei for jenter, og i tillegg to kolonnar for bustad. Eg førte inn namna i tidsbolkar på 20 år med unntak av den første bolken som går frå 1866–1886 og den siste bolken som gjeld perioden 1987–2016 og som dermed gjeld for 30 år. Desse tidsbolkaner fungerer som eigne ark i dokumentet. Denne oppdelinga gjorde eg fordi det vil vere nyttig å kunne sjå namneendringane i eit visst tidsperspektiv, og fordi ei slik oppdeling ville vere vanskeleg å gjere etter at eg var ferdig med transkriberinga. Eg førte inn namna kronologisk og sokn for sokn. Det vil seie at namna frå Voss, Vinje, Oppheim, Evanger og Raundalen er skilt frå kvarandre i det transkriberte materialet. Vidare vurdere eg kva slags statistikkar som ville vere interessante å lage ut frå

materialet. Eg brukte bustadnamna, som i all hovudsak er gardsnamn til å sortere dei tilhøyrande personnamna inn i geografiske mindre delar av soknet. Her har eg tatt utgangspunkt i den gamle åttungsindelinga. Denne skal eg kome nærare inn på. Resultatet av dette arbeidet er at eg har ein total namnestatistikk for heile kommunen for 150 år og i bolkar på 20 år. Eg har også statistikk for dei ulike sokna, både totalt og i bolkar, og eg har statistikk for dei ulike åttungane totalt og i bolkar. I og med at størstedelen av personnamna har eit tilhøyrande bustadnamn, har eg også moglegheit til å søke på bustadnamnet og med det få statistikk av personnamna på den enkelte bustaden eller garden.

Fordelen med å bruke Excel i dette arbeidet er at programmet er nyttig med tanke på statistikk av den storleiken som dette prosjektet er. Det er relativt enkelt å sortere dataa på ein ryddig måte, og søkefunksjonane gjer at det er enkelt å finne tilbake til ting. Det har likevel vore eit utfordrande arbeid som til tider har vore svært gjentakande og monotont. Sjølv om Excel opnar for at mange operasjonar skal kunna gjerast automatisk, gjorde enkelte avgrensingar i programmet at ganske mykje manuelt arbeid har vore naudsynt.

4.3.2 Åttungsindelinga

Ein del av arbeidet med materialet har gått ut på å plassere namna i geografiske delar av kommunen. Desse geografiske delane har vore med utgangspunkt i den gamle åttungsindelinga frå mellomalderen. I boka *Fjordung – Granskingar i eldre norsk organisasjons-søge* av Gustav Indrebø forklarar han inndelinga. Fjordungane var administrative einingar i dei gamle fylka, og fjordungane kunne igjen delast i åttungar²⁹. Indrebø skriv: «Nordhordaland, Sunnhordaland, Voss og og Hardanger kann vanskeleg ha vore fylkesfjordungar i Hordafylke. [...] Til det er dei altfor ujamne.»³⁰ Voss har sannsynlegvis ikkje vore ein fylkesfjordung og består berre av åttungar. Åttungsindelinga er dokumentert i Oluf Rygh si store oversikt *Norske Gaardnavne*. Inndelinga går ut ifrå dei ulike kyrkjesokna og somme stader frå dei ulike herada.

Voss sokn er delt inn i åtte ulike åttungar, noko som gjer meining med tanke på namnet «åttung». Vossestrand er knytt til åttungsindelinga på Voss, og delt i to. Gardane i Vinje sokn høyrer til Holebyggs åttung, og gardane i Oppheim sokn høyrer til Sygnastrands åttung³¹. Evanger sokn høyrde tidlegare til Vassvær åttung.³² Fordi denne åttungen òg inneheldt ein del

²⁹ Indrebø, «Fjordung», 7

³⁰ Ibid, 16

³¹ Rygh, *Søndre Bergenhus amt*, 11, *Norske Gaardnavne*, 516–572

³² Lokalhistoriewiki, s.v. «Evanger»

gardar som ikkje er ein del av Evanger i dag, har eg valt å sjå vekk frå denne. Eg har i staden valt å undersøkje Evanger sokn med unntak av dei gardane som etter kommunesamanslåinga i 1964 ikkje vart ein del av Voss kommune. Denne geografiske eininga vil eg behandle på same måte som åttungane. Åttungane er av ulik storleik, og talet på gardar i dei ulike åttungane er forskjellig. Gardane i åttungane er òg av ulik storleik og dei store gardane har etter kvart vorte delt opp i fleire mindre gardar. Nummereringa nedanfor er ikkje offisiell, men berre gjort for at det skal vere oversiktleg. Eg bruker namna på åttungane slik dei står i *Norske Gaardnavne*. Områda for dei tidlegare åttungane har i dag andre namn, men det hadde blitt feil å nytte dei moderne namna for åttungane, då dei i dag ikkje er åttungar.

Åttungsinnndelinga for Voss kommune med gardsnummer:

Voss sokn:

1. Dyrvinjardals åttung: Gardsnummer 1–28
2. Gullfjordungs åttung: Gardsnummer 29–51
3. Borgstrandar åttung: Gardsnummer 52–84
4. Vinjar åttung: Gardsnummer 85–107
5. Bæjar åttung: Gardsnummer 108–168+170
6. Kvitlar åttung: Gardsnummer 169+171–190
7. Bordadals åttung: Gardsnummer 192-217
8. Vikja åttung: Gardsnummer 218–254

Vinje sokn:

9. Holebygds åttung: Gardsnummer 1–56

Oppheim sokn:

10. Sygnastrands åttung: Gardsnummer: 57–95

Evanger sokn:

11. Evanger: Gardsnummer 1-30+39–68

For å plassere dei ulike personnamna i dei ulike åttungane har eg brukt bustadnamnet som er oppgjeve i kyrkjebøkene og fødselsregistera. I den tidlege delen av perioden var bustadnamna som vart oppgjeve som oftast gardsnamn og kunne finne i oversikta til Rygh. Seinare i perioden vart dette litt meir problematisk då namna har blitt forandra og gardane har vorte delt i ulike bruk. Enkelte gardsnamn har også forsvunne, noko som anten tyder på at busetnaden

på garden er borte eller at namnet har blitt forandra. I mange tilfelle har eg vore i tvil om i kva åttung eg skulle plassere gardsnamnet då det ikkje finst i oversikta til Rygh. I dei fleste tilfella har eg funne løysinga ved å søke på nettet. Eg har også diskutert enkelte namn som eg ikkje klarte å finne med rettleiaren min. Det er likevel slik at det ikkje er alle namna som har vore mogleg å plassere. Dette gjeld spesielt romantiske nye namn som ikkje seier noko om plasseringa eller historia til stadnamnet³³ Eksempel på dette i mitt materiale er *Solbakken, Nyheim, Solheim* og *Solstad*. Andre namn som har vore umoglege å plassere er dei det finst fleire av i soknet eller heradet. Det finst til dømes fleire gardar som heiter *Li/Lid/Lie, Bø/Bøe* og *Kvåle* i Voss sokn. For at ikkje namn skulle bli plassert i feil del av kommunen, har eg valt å utelate personnamna tilhøyrande desse bustadnamna. Som eg tidlegare har presisert, gjeld denne avhandlinga den geografiske avgrensinga som er dagens Voss kommune. Då Evanger og Vossestrand vart slått saman med Voss kommune i 1965 vart delar av Evanger slått saman med Vaksdal³⁴. Dette gjeld størstedelen av Eksingedalen og Bergsdalen. For Eksingedalen er følgjande gardar no ein del av Vaksdal kommune: *Fosse, Binningabø, Bergo, Nesheim, Brakestad, Trefall, Ekse* og *Gullbrå*³⁵. For Bergsdalen gjeld det desse gardane: *Røydland, Småbrekkene, Kaldestad, Hatlestad, Berge, Solbjørg, Li* (Øvre og Nedre), *Brekke, Øye* og *Fosse*.³⁶ Personnamna som er knytt til desse gardane i materialet er difor ikkje teke med i åttungsinnendinga. Namna er likevel med i det totale materialet, i og med at dei er døypte i Evanger sokn. Dette gjeld for så vidt dei for dei andre sokna òg, då ein har ein del namn med registrerte bustadar utanfor kommunegrensene.

4.3.3 Ulike former av same namn

Når ein arbeider med personnamn og statistikk møter ofte på problematikken rundt kva namn som bør slåast saman til ei form. Denne samanslåinga gjer ein oftast av praktiske årsaker, men det er eit evig dilemma å avgjere kva ein skal slå saman og ikkje. Det finst heller ikkje nokon reglar på korleis ein skal gjere dette. Ei moglegheit kan vere å slå saman namn med den same etymologien, men dette ville føre til at svært mange namn som er svært ulike, vil bli slått saman til den same forma. I dag er det få namn vi ser på som så like at vi vil rekne dei som det same namnet. Sjølv om *Olav* og *Ole* er like namn både i skrift og tale, er dei for meg to heilt ulike namn. Slik er det nok òg for namneberarane. Eg har i arbeidet mitt valt å slå saman ein del namn for å lettare kunne sjå variasjonen i namnebruken. Som nemnd tidlegare er det

³³ Stemshaug, «Namn i Noreg», 42

³⁴ Juvkvam, «Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen», 49.

³⁵ Veka, «Gardar i gamle Evanger»

³⁶ Ibid.

òg sannsynleg at ein del namn som hadde lik uttale vart skrivne ned på ulik måte i dei tidlege periodane. Eg har valt å slå saman formene av namna på same måte gjennom heile perioden eg undersøker, sjølv om dette betyr at fleire namn som i dag blir sett på som ganske ulike vert rekna som eitt namn. Måten eg har valt å gjere mine samanslåingar på er delvis basert på etymologi, og delvis basert på mitt eige skjønn. I enkelte tilfelle har eg valt å slå saman former av namnet som tydeleg er kome inn i namnetilfanget i seinare periodar, men som ortografisk er ganske like på dei andre formene. Eksempel på dette kan vere forma *Petro*, som eg har slått saman med til dømes *Peder*. Ein kan argumentere for at desse formene burde ha stått for seg sjølv, men samanlikna med dei andre formene har dei så få tilfelle at dei vil utgjere ein minimal del av tilfella for namnet. Det finst t.d. berre eit tilfelle av *Petro* i materialet.

4.4 Feilkjelder og manglar i metoden

Datainnsamlinga til prosjektet har vore omfattande og eg har vore nøydd til å bruke tid og ressursar på å skaffe meg tilgang til dei ulike kjeldene eg hadde behov for. Arbeidet har ført til fleire utfordringar og problemstillingar som eg har løyst på best mogleg måte undervegs. Det at prosjektet er såpass omfattande, gjer også at feilkjeldene må vere av ein viss storleik dersom dei skal ha nokon reell effekt på resultata. Eg veit likevel at det er ein del ting som bør kommenterast når det gjeld innsamlinga og behandlinga av materialet. Eg vil i det følgjande ta for meg dei feilkjeldene eg har kjennskap til.

4.4.1 Skrifta

Eg har tidlegare kort nemnd at det meste av materialet mitt har vore skrive for hand. Det har i all hovudsak vore greitt å tolke skrifta og å transkribere namna korrekt. I somme høve har det likevel vore utfordrande. Enkelte handskrifter har vore vanskelegare å tyde enn andre, og det ser ut som det ikkje nødvendigvis har vore slik at skrivaren har tenkt at nokon skal lese det i etterkant. Arkivverket har skanna kyrkjebøkene slik at alt som ikkje er verna med teieplikt er tilgjengeleg på digitalarkivet.no. I nokre tilfelle har desse bileta vore ganske dårlege og har gjort at transkriberinga vart endå meir utfordrande. Det var også kvaliteten på skrifta og skanningane som gjorde at eg måtte avgrense tidsperioden for forskinga mi. Den var i utgangspunktet tenkt å skulle omhandle perioden 1800–2016. Eg ville gå så nært fram til vår eigen tid som mogleg. Eg hadde allereie namna frå 2016, då eg nytta desse i semesteroppgåva mi, og eg valde difor å avslutte med 2016. Det blei likevel klart ganske raskt etter at eg byrja å bla i kyrkjebøkene frå tidleg på 1800-talet at det ville bli svært vanskeleg å bruke desse

kjeldene. Kyrkjebøkene vart meir leselege utover på 1800-talet, og eg valde å starte med 1866 slik at prosjektet no omhandlar 151 år.

Eg har i tilfelle der det har vore vanskeleg å tolke namna først konsultert duplikatet av kjelda, i dette høvet ministerialboka, då klokkeboka og ministerialboka er skrivne av to ulike personar, og difor inneheld ulike handskrifter. Dersom eg framleis ikkje klarte å tolke namnet tok eg bilete av namnet og sida i boka og sendte det til rettleiaren min. I dei aller fleste tilfella har vi klart å bli samde om ei tolking av namnet. I enkelte tilfelle har eg vore i tvil om det har vore slik at eg har tolka namnet feil eller om namnet berre er svært skjeldant. Som oftast har det i desse tilfella vore nok å bla opp i *Norsk Personnamnleksikon*, eller å gjere eit søk i *Google* for å stadfeste at det faktisk er eit namn. Om eg ikkje lukkast på denne måten, noterte eg namnet for å konsultere med rettleiar. Ofte har eg ikkje hatt behov for denne konsultasjonen då namnet seinare har dukka opp igjen. Eg har valt å godta namnet som eit namn om det har dukka opp meir enn ein gong i materialet. Sjølv om eg har brukt mykje tid på at transkripsjonen skulle bli så nøyaktig som mogleg, er det stor grunn til å tru at det har blitt enkelte feil. Problematikken med tolking av handskrift forsvann etter kvart då skrifta i dei nyare kjeldene er klårare og at blekket som er brukt er av betre kvalitet.

4.4.2 Ulike typar kjelder

Som nemnt har eg i dette prosjektet nytta tre ulike primærkjelder for å hente ut namn. Det i seg sjølv er ikkje eit problem. Problemet er at desse kjeldene ikkje er like og med det ikkje kjem med akkurat dei same opplysningane. For både kyrkjebøkene og kyrkjelydsbladet gjeld namneopplysningane berre for barn som er døypte i kyrkja. Dette ekskluderer med andre ord dei borna som ikkje er døypte, eller som høyrer til andre religionar. Det er vanskeleg å vite kor stor denne gruppa er, men som eg tidlegare har nemnd, så veit ein at størstedelen av befolkninga har vore og er medlemmar av Den norske kyrkja. Ein kan med dette dra den slutninga at dei aller fleste born i perioden har blitt døypte i kyrkja og er representerte i materialet. Eg har likevel merka meg at det i nokre tidsperiodar kan vere manglar i materialet. I perioden 1907–1926 i Voss sokn er det 1903 døypte gutar, men berre 1724 døypte jenter. Dette gir ein differanse på 179 born, noko som er for stort til at ein kan forklare det ved at det blir fødd fleire gutar enn jenter. Eg har ikkje vore i stand til å finne nokon god forklaring på kvifor denne differansen eksisterer. I materialet ser det generelt ut til at det blir døypt fleire gutar enn jenter. Om det er slik at det er ein del av dei fødte jentebarna som ikkje er døypt, så er desse i tilfelle ikkje representert i materialet mitt, noko ein kan vurdere som ei feilkjelde.

Eg vil likevel påstå at desse tala ikkje er så store at det vil ha den store innverknaden på dei endelege resultatata då materialet samla sett er såpass stort.

Rundt år 1900 døydde om lag 80 born av 1 000 som blei fødde, medan dette talet i år 2000 berre var 3,8 barn per 1 000 levande fødde³⁷. Nokre av desse borna døydde så tidleg at dei ikkje vart døypte. I den nyare delen av tidsperioden eg har undersøkt, vil dette gjelde ein minimal del av dei fødde barna i kommunen, men i den tidlegare delen vil det derimot gjelde for ein større del. Dette fører ikkje med seg nemneverdige problem, då eg i den tidlege delen av perioden har nytta namn på døypte born. Fødselsregistera som eg har nytta gjeld derimot alle born og ikkje berre dei døypte. Ved å nytte fødselsregistera vil eg med andre ord moglegvis ha fått med namn på nokre born som har døydd før dei vart døypte, men som likevel har fått eit namn i fødselsregisteret. Det kan også ha komme med namn på barn som ikkje vart døypte i kyrkja. Då eg transkriberte fødselsregistera oppdaga eg også at det i overgangsperiodane mellom kyrkjebøker og fødselsregister og mellom fødselsregister og kyrkjebladet, var enkelte dobbeltoppføringar. Dette oppdaga eg ved at eg hadde notert namnet på ein av mine egne onklar frå kyrkjeboka, og så dukka dette namnet opp i fødselsregisteret. Eg måtte difor gå tilbake og fjerne dei namna som eg såg var registrerte to gonger. Det kan likevel hende at det framleis finst tilfelle av dette.

Ei anna feilkjelde i dette materialet er nettopp det at materialet i all hovudsak dreier seg om born som er døypte i kommunen. Ein del av desse er ikkje busette i kommunen og namnet deira vil av den grunn ikkje vere representative for namnebruken i kommunen. For dei fleste vil bustaden dei er registrerte på då vere utanfor kommunen, og med den sorteringa eg har gjort i åttungar, er desse namna ikkje med i åttungsinndelinga. Eg har likevel valt å ta namna med i dei totale statistikkane. Eg har valt å gjere dette fordi eg oppfattar det som sannsynleg at om nokon som er busette utanfor Voss vel å døype barnet sitt på Voss, så er det fordi dei som foreldre har ei tilhøyrse til kommunen. Eit sannsynleg eksempel er at anten ein eller begge av foreldra til barnet er frå Voss, men har flytta frå kommunen, og at dei tek barnet med tilbake og døyper det der. Ein kan med dette som grunnlag påstå at namna likevel er representative for namnebruken i kommunen fordi foreldra har ei tilhøyrse der og er påverka av dei tradisjonane som Voss representerer. På same måte bør det nemnast at det kan vere ein del barn som er busette i Voss kommune som har blitt døypte i kyrkjer i nabokommunar eller andre stader. Namna på desse barna vil då heller ikkje vere representert i materialet.

³⁷ Statistisk sentralbyrå, «100 år med redusert spedbarnsdødlighet.»

4.4.3 Feilkjelder i åttungsinnndelinga

Ved inndelinga i åttungar dukka det opp fleire små utfordringar. Eitt av desse problema er dei nye bustadnamna som ikkje er nemnde i *Norske Gaardnavne*. Her har eg for det meste brukt kart til å finne ut kva åttung eg skulle plassere dei i. Det at nokre bustadnamn har vore umogleg å finne ut kor ein skal plassere, har ført til at nokre av dei ikkje har vorte ein del av materialet. Nye romantiske namn frå slutten av 1800- og starten av 1900-talet er døme på dette. Nokre gardsnamn har òg vist seg å liggje utanfor kommunegrensene. Dei bustadnamna eg ikkje har klart å lokalisere, har likevel hatt svært få tilhøyrande personnamn, og vil difor ikkje påverke resultatata i nokon særleg grad. Som nemnt er det også nokre bustadnamn som finst fleire stader i kommunen. Personnamna som høyrer til desse gardane har eg valt å utelate totalt i dei tilfella der det ikkje er markert kva gard det er snakk om. I kyrkjebøkene er det ofte sett ein bokstav bak gardsnamnet som viser kva del av kommunen det høyrer til. Eks. *Lid* (R) for *Lid* i Raundalen. Utelatingane fører til at det er ein del namn som ikkje bli med i materialet for dei ulike åttungane. Eg trur at det vil vere mogleg å sjå mønster i dei ulike åttungane trass i dette, men det at ein del namn manglar kan påverke resultatet.

På Voss har ein også ein del namn som tek utgangspunkt i det gamle matrikkelgardsnamnet. Ein har til dømes stadnamnet *Skulestadmo*. Dette namnet er ikkje nemnt av Rygh, men matrikkelgarden *Skulestad* finst i oversikta. Andre døme er *Haugamoen* der matrikkelgarden heiter *Haugo*, og *Dugstadvossen* der matrikkelgarden er *Dugstad*. Her har eg etter samtale med rettleiar vald å plassere desse bustadnamna i same åttung som den opphavslege matrikkelgarden. Dette kan ha ført med seg at geografiske område som ikkje eigentleg var ein del av åttungen, har vorte det i mitt arbeid. *Haugamoen* er eit godt eksempel på dette. Garden *Haugo* er plassert i den åttungen som i *Norske Gaardnavne* blir kalla *Bordadals aatting*. *Haugamoen* slik vi kjenner området i dag er svært sentrumsnært og ein kunne difor vurdert om dette stadnamnet heller burde plasserast i den åttungen som sentrumsgardane høyrer til, *Gullfjordungs aatting*. Ein slik arbeidsmetode hadde nok fort ført til at ein hadde fått mange tilfelle der det var tvil om kva åttung stadnamnet skulle plasserast i. Dette er t.d. tilfelle med *Dugstadvossen*. *Dugstadvossen* ligg svært nær *Skulestadmoen*. Nokon meiner kanskje til og med at *Dugstadvossen* er ein del av *Skulestadmoen*. Garden *Dugstad* ligg over elva frå *Dugstadvossen* og *Skulestadmoen*, og *Dugstad* og *Skulestad* høyrer til to ulike åttungar, *Vinjar aatting* og *Borgstrandar aatting*. Det hadde difor oppstått eit stort dilemma om kva åttung *Dugstadvossen* skulle høyre til om ein ikkje vel å gå ut frå matrikkelgarden si tilhøyrslse. Ein kan argumentere for at denne arbeidsmetoden har ført til at namn som geografisk kanskje

burde tilhøyre ein åttung, har vorte plassert i ein annan i mitt materiale og difor fører til at den geografiske namneplassinga blir skeiv.

5. Resultat

Eg skal no presentere resultatata frå undersøkingane mine. Som nemnt tidlegare har kontinuiteten i namnebruken i kommunen vore svært sterk. Det er difor svært sannsynleg at nokre av dei namna som ligg på øvst på listene stort sett vil vere dei same i heile perioden og også i dei ulike delane av kommunen. Forskjellane blir nok å finne litt lenger ned på listene. Eg kjem til å kommentere dette etter kvart. Eg vil begynne med resultatata frå den totale tidsperioden og for kommunen sett under eitt. Eg kjem vidare til å ta for meg sokna, åttungane og til slutt kommentere enkelte av gardane.

Resultata vil bli presentert i tabellar over dei ti mest brukte namna. Eg vil presentere to tabellar for det same materialet, ein tabell der løpenamna er rekna saman og ein tabell der ulike former av same namn vert slått saman til ulike leksikalske namn og presentert i same rubrikk. Omgrepet «løpenamn» brukar eg om alle dei registrerte namna, altså alle tilfelle av alle namn. «Ulike leksikalske namn» er dei forskjellige namna som er registrert uavhengig av tal på tilfelle. For dei ulike leksikalske namna har eg ikkje slått saman ulike former av like namn. Namna får nummerering 1–10 sjølv om det kan vere fleire namn med same tal på tilfelle. Der det er fleire namn med same tal på tilfelle som namn nummer ti, vil også desse bli presenterte. Om eg har vurdert det slik at det er for mange namn som har like mange tilfelle og desse tala er låge, har eg i enkelte høve valt å gjere listene kortare. Ein oversiktstabell for kvart kjønn vil bli lagt ved som vedlegg.

5.1 Resultat frå Voss kommune 1866–2016

Når det gjeld gutenamn for den totale perioden har vi desse topp 10-listene:

Tabell 1 Voss kommune 1866–2016 Gutenamn
(In:18068)³⁸

1. Lars	1075
2. Knut	926
3. Nils	759
4. Anders	752
5. Olav	643
6. Johannes	584
7. Ole	575
8. Ivar	326
9. Sjur	272
10. Arne	264

Tabell 2 Voss kommune 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole, Olaf, Oluf)	1508
2. Lars	1075
3. Knut (Knud, Knudt)	991
4. Nils (Niels)	789
5. Anders (Andres)	767
6. Johannes	584
7. Ivar (Iver)	353
8. Peder (Per, Peter, Petro, Petter)	329
9. Jon (John)	316
10. Eirik (Erik)	297

Eg har til saman samla inn 18265 gutenamn. Ein finn 1075 tilfelle av *Lars* i materialet, noko som betyr om lag 5,9 % av dei totale gutenamna. I tabellen med ulike former ser vi at *Olav* ligg øvst på lista saman med andre former av namnet. Om vi ser på lista utan ulike former i same rubrikk, finst både *Olav* og *Ole* på denne lista. Dette kan tyde på at namnet har vore svært populært, men at det har hatt ulike føretrekte skrivemåtar i løpet av perioden. Til saman er det 1508 tilfelle av former av *Olav*, noko som utgjer om lag 8,3 % av alle løpenamna. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 38,8 % av løpenamna.

Lars er eit namn som har lang brukstid i Noreg, men som opphavelig kjem frå det latinske *Laurentius*³⁹. Dette er eit slikt namn som Akselberg omtalar som tradisjonsnamn⁴⁰. *Knut*, *Olav*, *Ole*, *Ivar*, *Sjur* og *Arne* har alle nordisk etymologi, medan *Nils*, *Anders* og *Johannes* er innlånte namn på same måte som *Lars*. På den andre lista har vi fått inn *Eirik* og *Jon*. *Eirik* er eit namn med nordisk opphav, medan *Jon* er innlånt.

³⁸ «In» i bildeteksten står for løpenamn. Dei døypte borna i det området og den perioden det gjeld.

³⁹ Kruken, «Norsk personnamnleksikon», Alle forklaringar på namn er henta frå den same kjelda.

⁴⁰ Akselberg, «Den nordiske namnerenessansen», 101

Om vi går litt lenger ned har vi denne lista over dei 11 til 30 mest brukte namna:

Tabell 3 Voss kommune 1866–2016 Gutenamn (ln:18068)

11. Jan	180
12. Odd	178
13. Johan	175
14. Peder	175
15. Martin	166
16. Olaf	165
17. Sigurd	165
18. Kjell	161
19. Helge	158
20. John	158
21. Jon	158
22. Eirik	156
23. Gunnar	150
24. Einar	147
25. Hans	146
26. Erik	141
27. Kristian	134
28. Andreas	125
29. Harald	123
30. Per	122

Tabell 4 Voss kommune 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

11. Sjur (Sjurd)	273
12. Arne	264
13. Brynjulv (Bryng/jel, Brynju/olf)	196
14. Odd (Aad, Od)	187
15. Jan (Jahn)	182
16. Johan (Johann)	176
17. Martin (Marthin)	173
18. Kjell (Kjeld)	167
19. Sigurd (Sighurd)	166
20. Bjørn (Bjørnar)	165
21. Kristian (Christian)	162
22. Helge (Helje)	160
23. Einar	147
24. Magne (Magnar)	147
25. Eivind (Even, Eyvind, Øy/ivin(d))	132
26. Svein (Sven(d), Svenn)	129
27. Kåre (Kaare)	125
28. Torstein (Thorstein, T(h)orsten)	125
29. Steinar (Stein)	115
30. Sverre	112

Det ein bør legge merke til her er at talet på tilfelle av namna har hatt ein drastisk nedgang om ein samanliknar dei namna som ligg øvst på topp 10-lista og dei namna ein har på denne.

Dette tyder på at dei namna som har vore populære i perioden har vore svært populære. *Jan*, som vi finn på 11. plass, har vi 180 tilfelle av i materialet og ein del på om lag 1 %. Dette er likevel høgt om ein samanliknar med populære namn i dag. I 2017 var *Jacob/Jakob* det mest populære gutenamnet i Noreg. Det er om lag 14 av 1000 fødte gutar som har fått dette namnet, noko som svarar til ca. 1,4 %.⁴¹

Det er totalt 784 ulike namn på lista over gutenamn og det er 273 namn som det berre er eitt enkelt tilfelle av. Ein del av desse namna er variantar av eit meir vanleg namn og høyrer difor

⁴¹ Statistisk sentralbyrå, «Navn».

til høgare oppe på lista. Ein finn til dømes berre eitt tilfelle av *Brynjolf*, men vi har 97 tilfelle av *Brynjulf* og 73 tilfelle av *Brynjulv*. Vi har også 17 tilfelle av *Bryngel* og 8 tilfelle av *Brynjel*. Alle desse fem namna har den same etymologien og til saman svarar dei til 196 tilfelle og hamnar då inne på lista over dei 20 mest brukte namna. Det er fleire slike tilfelle i listene.

For jentenamna ser topp 10-lista slik ut for den totale perioden:

Tabell 5 Voss kommune 1866–2016 Jentenamn
(In:17301)

1. Anna	1262
2. Ingebjørg	489
3. Martha	484
4. Marta	469
5. Brita	456
6. Ingeborg	446
7. Britha	442
8. Kari	421
9. Inger	354
10. Anne	286

Tabell 6 Voss kommune 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ann, Anne, Anny)	1598
2. Brita (Bert(h)a, Berthe, Birt(h)a/e, Brit(t)(a), Britha)	1073
3. Marta (Marte, Martha, Marthe)	998
4. Ingebjørg (Ingeborg)	935
5. Maria (Mari, Marie, Mary)	494
6. Kari	421
7. Inger (Ingegjerd, Ingerd, Inggjerd, Ingjer, Ingjerd)	395
8. Gudrun (Guro)	323
9. Ragnhild (Ranghilda, Ragnhilde, Ragnild, Ragnilde, Rognelde)	290
10. Synneva (Suniva, Sunne/iva, Sunva, Synneve/ø, Synniva, Synnøva/e, Synva, Synve)	288

I materialet har vi til saman 17301 registrerte jentenamn. Som vi ser er Anna det overlegent mest brukte namnet i perioden. Anne står òg på lista, og om ein slår desse namna saman har ein 1548 tilfelle noko som svarar til om lag 9,2 % av dei registrerte løpenamna. Det som er spesielt med topp 10-lista for jentenamna er at fleire av dei er variantar av det same namnet. Ein har *Anna* og *Anne*, *Ingebjørg* og *Ingeborg*, *Martha* og *Marta* og til slutt *Brita* og *Britha*. For desse namna er begge variantane mykje brukt, og om ein slår dei saman får vi ein større bruksprosent. Vi ser på lista med ulike skrivemåtar at det i realiteten er fire jentenamn som skil seg heilt klart ut i tal på tilfelle i materialet. Vi bør også legge merke til *Kari*. Namnet er på tabellen med ulike former av same namn i same rubrikk sjølv om eg reknar *Kari* som einaste form av namnet. Alle jentenamna på topplista er på same måte som gutenamna det vi ser på som vanlege namn. *Anna*, *Martha*, *Marta*, *Brita*, *Britha*, *Kari* og *Anne* er innlånte namn med lang brukstid i Noreg. *Ingebjørg*, *Ingeborg* og *Inger* er namna på lista som har nordisk opphav. Vi kan med dette sjå at det er færre namn med nordisk etymologi på topplista for

jentenamna enn det var på topplista for gutenamn. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 39,4 % av løpenamna.

Slik ser lista for jentenamna med plassering 11–30 ut:

Tabell 7 Voss kommune 1866–2016 Jentenamn
(In:17301)

11. Guri	239
12. Ragnhild	226
13. Maria	220
14. Guro	199
15. Sigrid	199
16. Marie	186
17. Astrid	176
18. Synneva	165
19. Bjørg	159
20. Liv	150
21. Borghild	148
22. Marit	148
23. Gjertrud	142
24. Solveig	139
25. Margit	138
26. Ingrid	137
27. Kristi	135
28. Gudrun	124
29. Eli	114
30. Berit	112

Tabell 8 Voss kommune 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

11. Margit (Margaret(e)(h), Margot, Margreta/e, Margretha/e)	266
12. Guri (Gudrid, Gurid)	254
13. Sigrid (Sigfrid, Sigri)	215
14. Ingrid (Ingeri, Ingerid, Ingri)	213
15. Kristine (Christina/e, Kirstiana, Kirstina, Kirstine, Kristina)	193
16. Kristi (Kirsten, Kjirsti, Kjersti, Kjerstin)	191
17. Kirsti (Kristin)	190
18. Astrid (Astri)	182
19. Eli (Elin, Eline, Elina)	181
20. Marit (Marita, Maritha)	174
21. Oline (Oliana, Oliane, Olianna, Olina)	168
22. Liv (Live, Liva)	161
23. Bjørg	159
24. Borghild	148
25. Gjertrud (Geirtrud, Gjørtrud)	144
26. Solveig (Solvei)	140
27. Elisabeth (Elisabet, Elisebet, Elizabeth)	127
28. Aslaug (Aaslaug, Åslaug)	124
29. Berit (Berithe, Beret)	114
30. Åse (Aasa, Aase, Åsa)	106

På lista over dei 11–30 mest brukte gutenamna såg vi at avstanden frå desse til dei namna som låg på topp 10-lista var ganske stor i tal på tilfelle av dei ulike namna. Vi ser ikkje den same differansen på lista over jentenamna. *Anne* som er det tiande mest brukte namnet har 286 tilfelle og *Margit* på ellefte plass har 266 tilfelle. Her må det leggjast til at begge desse namna har variantar av seg på listene. På topp 10-lista har vi *Gudrun* og varianten *Guro* på ein åttande plass. Vi har *Guri* og andre variantar av dette namnet på ein tolvte plass. *Guro* og *Guri* er to veldig like namn, men har ulik etymologi. *Guro* er ei yngre form av *Gudrun* som kjem frå det norrøne *Guðrún*. *Guri* kjem frå det norrøne *Guðríðr*. I tabellen med der dei ulike skrivemåtane er med at vi har både *Kirsti* og *Kristi*. Desse namna har også ulik etymologi og dei blir difor ikkje vurdert som det same namnet. *Bjørg* er også på denne lista. Dette namnet

finst som både førsteledd og andreledd i mange andre namn, og vi ser det til dømes i namnet *Ingebjørg*, som er eit av dei mest populære jentenamna i perioden. Det at det ikkje er like stor avstand frå dei namna som har flest tilfelle og til dei som ligg lenger ned på lista, kan seie noko om at det er fleire ulike jentenamn som er populære enn det ein ser ved gutenamna.

5.1.1 Oppsummering for kommunen 1866–2016

I det totale materiale er det klare teikn på at dei mest populære namna har vore svært mykje brukt. Når dei mest brukte namna utgjer mellom åtte og ni prosent av heile materialet viser det kor sterkt desse namna har stått. Det er likevel stor variasjon i materialet med nesten 800 ulike leksikalske namn for gutane, og godt over 1 000 for jentene. Dette kan ein forklare som ein større variasjon i namnebruken for jentene, men vi ser at det er *Anna* som er namnet med størst prosentdel i materialet, uavhengig av kjønn. Det er òg dei ti mest brukte jentenamna som har den største prosentdelen av materialet.

5.2 Resultat frå Voss kommune 1866–1886 i tidsbolkar

Eg kjem vidare til å presentere topp 10-lister i tidsbolkar for heile kommunen. Her vert berre dei ti mest brukte namna presenterte i tabellar, men eg kjem til å kommentere det dersom det er nokon meir interessante funn lenger ned på listene. Den første tidsbolken er på 21 år og gjeld frå 1866 til 1886. Vidare er det 20-årsbolkar fram til den siste bolken som gjeld frå 1987 til 2016. Målet med tidsbolkanane er å sjå om det har vore ei utvikling i namnebruken i kommunen.

5.2.1 Voss kommune 1866–1886

Tabell 9 Voss kommune 1866–1886 Gutenamn (ln:2925)

1. Lars	345
2. Ole	248
3. Knut	247
4. Anders	211
5. Nils	188
6. Johannes	153
7. Sjur	97
8. Olaf	65
9. Peder	65
10. Ivar	60

Tabell 10 Voss kommune 1866–1886 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf, Oluf, Olov)	379
2. Lars	345
3. Knut (Knud, Knudt)	300
4. Nils (Niels)	217
5. Anders (Andres)	213
6. Johannes	153
7. Sjur	97
8. Ivar (Iver)	82
9. Peder (Per, Peter, Petro, Petter)	69
10. Erik (Eirik)	52

Vi ser av desse tabellane at dei fleste av namna er dei same vi såg på topp 10-lista for heile perioden. På den første lista har vi variantane *Ole* og *Olaf* i staden for *Olav*, noko som kan seie noko om kva skrivemåte som var vanleg i denne perioden. *Peder* var ikkje på lista for den totale perioden, medan vi ikkje har *Arne* på denne lista. Vi ser at dei øvste fem til seks namna skil seg ut med tanke på talet på tilfelle. Dette tyder på at nokre få namn var svært populære i perioden. Det samla talet på gutenamn i perioden er 2 925, noko som vil seie at nærare 13 % av alle gutar som vart døypte i perioden fekk namnet *Ole* og 12 % fekk namnet *Lars*. For *Lars* er dette nesten ei dobling i prosentdelen i høve til kva det var i den totale perioden. 65,2 % av gutane fekk eit av dei ti mest brukte namna i tidsrommet.

Tabell 11 Voss kommune 1866–1886 Jentenamn
(ln:2807)

1. Anna	386
2. Martha	218
3. Britha	187
4. Brita	174
5. Ingeborg	143
6. Kari	113
7. Ingebjørg	111
8. Marta	98
9. Guri	87
10. Inger	73

Tabell 12 Voss kommune 1866–1886 Jentenamn (m. ulike skrivemåtar)

1. Anna (Anne, Ann, Anny)	412
2. Britha (Bert(h)a, Birt(h)a/e), Brit, Brita, Britt(a))	386
3. Martha (Marthe, Marta/e)	324
4. Ingeborg (Ingebjørg)	254
5. Kari	113
6. Maria (Mari, Marie, Mary)	90
7. Guri	87
8. Ragnhild (Ragnhilda/e, Ragnild(e), Rognelde)	84
9. Oline (Oliana, Oliane, Olianna, Olina)	81
10. Inger	73

Som vi såg på gutenamna er det også her stor skilnad på talet på tilfelle på namna øvst på lista og dei som kjem lenger ned. Vi ser også at listene stort sett inneheld dei same namna som topp 10-lista for den totale perioden. *Guri* er komme inn i staden for *Anne*, noko vi kan tolke som at *Anna* var ein meir populær skrivemåte for dette namnet i denne perioden. Vi ser også at det i denne perioden var vanleg å skrive dei populære namna *Brita* og *Marta* med «h», altså *Britha* og *Marta*. I materialet er det registrert 2 807 jentenamn i kommunen i perioden 1866–1886. I denne perioden var det 386 barn som fekk namnet *Anna*, noko som betyr nesten 14 % av dei døypte jentene. Dersom vi tek med dei andre formene er vi oppe i nesten 15 %. Om lag 68 % av dei døypte jentene fekk eit namn som var eitt av dei ti mest populære i perioden. Lenger ned på lista finn vi to interessante namn som er verdt å kommentere. *Brytteva* har vi i ulike variasjonar 17 tilfelle av på lista. *Brytteva* er av engelsk opphav og ein har ikkje kjelder til personnamnet andre stader enn på Voss. Det var svært populært i tida etter reformasjonen,

men etter 1900 er det blitt svært sjeldant. I følge SSB er det i dag færre enn fire eller ingen som har namnet *Brytveva*. Eit anna spesielt namn for Voss som vi finn på lista over denne perioden er *Dønaat/Dønnåt*. Dette namnet er av ukjend opphav og er berre litt brukt i Hordaland og då spesielt på Voss på 17- og 1800-talet.

5.2.2 Voss kommune 1887–1906

Tabell 13 Voss kommune 1887–1906 Gutenamn (In:3413)

1. Lars	275
2. Knut	267
3. Anders	237
4. Nils	228
5. Ole	224
6. Johannes	207
7. Ivar	93
8. Olav	90
9. Sjur	79
10. Olaf	71

Tabell 14 Voss kommune 1887–1906 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf, Oluf)	399
2. Knut (Knut)	279
3. Lars	275
4. Anders	237
5. Nils (Niels)	229
6. Johannes	207
7. Ivar (Iver)	95
8. Sjur	79
9. Peder (Per, Petter)	68
10. Erik (Eirik)	62

Som vi ser er denne lista ganske lik den for den førre tidsperioden. Vi ser ein sterk kontinuitet i namnevala då det er dei same namn som er populære over ein lengre periode. *Knut* er på andreplass på denne lista, medan *Ole* var det på den førre lista. Dette kan ha samband med at *Olav* har auka i popularitet og difor kan ha blitt ein meir populær skrivemåte av dette namnet. *Peder* er ikkje lenger på topp 10-lista, men vi finn det på ellefte plass med 62 tilfelle. I materialet for denne tidsbolken finn vi 3 396 gutenamn, det vil seie at om lag 8 % av gutane fekk namnet *Lars*. Tilfella av former av *Ole* utgjør 11,7 % av løpenamna. Dette er ein nedgang frå perioden før, og vi ser også ei auke i talet på ulike namn i materialet. I perioden 1866–1886 hadde vi 213 ulike gutenamn, og i perioden 1887–1906 har vi 262 ulike gutenamn. Vi ser med andre ord ein større variasjon i namnetilfanget. 56,5 % av gutane fekk eit av dei ti mest brukte namna i perioden.

Tabell 15 Voss kommune 1887–1906 Jentenamn
(In:3302)

1. Anna	469
2. Britha	241
3. Martha	225
4. Ingeborg	180
5. Ingebjørg	173
6. Inger	99
7. Marie	90
8. Kari	76
9. Guri	66
10. Marta	63

Tabell 16 Voss kommune 1887–1906 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	481
2. Ingeborg (Ingebjørg)	353
3. Britha (Berta, Bertha, Berthe, Birta, Birtha, Birthe, Brit, Brita, Britt, Britta)	344
4. Martha (Marta, Marthe)	290
5. Marie (Maria, Mari)	136
6. Inger	99
7. Kari	76
8. Gudrun (Guro)	76
9. Guri	66
10. Ragnhild (Ragnhilde, Ragnild)	65

Også for topplista for jentenamna ser vi store samanfall med lista for den førre perioden. *Anna* ligg på toppen her òg, og når vi tek utgangspunkt i at det er 3 302 registrerte jentenamn i denne perioden er faktisk om lag 14 % av desse namna *Anna*. Dersom ein tek med dei andre variantane av namnet, er resultatet nærmare 15 %. I statistikken til SSB frå 2017 kjem det fram at *Sofie/Sophie* var det mest brukte jentenamnet i løpet av året. Likevel er det berre om lag 14 av 1000 fødde jenter som har fått namnet. Dette svarar til ein prosentdel på 1,4 %.⁴² Dette viser oss at det at eit namn var populært rundt år 1900 og at ein namn er populært i 2017 er to forskjellige ting. Vi ser også på topp 10-lista for denne perioden at det er store skilnadar mellom dei namna som ligg øvst på lista og dei som kjem lenger ned. Dette er enno eit argument for kor populære dei mest brukte namna faktisk var. Om lag 60 % av jentene fekk eit av dei ti mest brukte namna i perioden.

⁴² Statistisk sentralbyrå, «Navn.»

5.2.4 Voss kommune 1907–1926

Tabell 17 Voss kommune 1907–1926 Gutenamn (ln:2745)

1. Olav	228
2. Lars	181
3. Knut	150
4. Anders	123
5. Nils	122
6. Johannes	112
7. Ivar	82
8. Sigurd	61
9. Gunnar	58
10. Einar	52

Tabell 18 Voss kommune 1907–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	294
2. Lars	181
3. Knut	150
4. Anders (Andres)	133
5. Nils	122
6. Johannes	112
7. Ivar	82
8. Peder (Per, Peter, Petter)	67
9. Sigurd	61
10. Gunnar	58

I denne perioden kan vi sjå at skiljet mellom dei aller mest populære namna og dei som kjem lenger ned på lista, er veldig stort. Det som òg er tydeleg er at *Olav* og dei andre variantane av namnet er i ei særstilling når det gjeld popularitet. Det er totalt 2 745 gutenamn i denne perioden, noko som vil seie at om lag 10,7 % av desse har namnet *Olav* eller variantar av dette. Om lag 45,7 % av gutane fekk eit av dei ti ulike leksikalske namna på lista. Vi ser ein nedgang i prosentdelen for både det mest brukte namnet og dei ti mest brukte namna frå førre periode. Ein bør også legge merke til at *Sjur* ikkje lenger er inne på topp 10-lista. Namnet var på sjuande plass på lista i den første perioden og på niande i den andre. Dette viser at populariteten til namnet er dalande.

Tabell 19 Voss kommune 1907–1926 Jentenamn (ln:2514)

1. Anna	246
2. Marta	177
3. Brita	126
4. Ingebjørg	114
5. Borghild	87
6. Gudrun	70
7. Margit	64
8. Kari	55
9. Ingeborg	52
10. Maria	52

Tabell 20 Voss kommune 1907–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	249
2. Marta (Martha)	202
3. Ingebjørg (Ingeborg)	166
4. Brita (Berta, Bertha, Britha)	156
5. Gudrun (Guro)	102
6. Margit (Margreta, Margrete, Margretha, Margrethe)	89
7. Borghild	87
8. Maria (Marie, Mary)	73
9. Inger (Inggjerd, Ingjerd, Ingjer)	67
10. Synneva (Synneve, Synniva, Synnøva, Synnøve)	58

Vi ser også i denne perioden at *Anna* ligg på topp som det mest populære namnet. I denne perioden har vi totalt 2 514 registrerte namn, noko som betyr at ca. 9,9 % av desse var *Anna* eller ein variant av dette namnet. Dette tyder på ein stabil popularitet for *Anna*. *Brita*, *Marta* og *Ingebjørg* har også vore inne på topp 10-listene til no. Når det gjeld desse namna varierer det litt frå periode til periode kva variant av namnet som er den mest brukte. Vi ser i denne perioden at ein tek vekk «h-en» i namna og at *Ingebjørg* er meir brukt enn *Ingeborg*. Vi ser også at *Gudrun* er stigande i popularitet, medan *Guri* er ute frå topplista i denne perioden. *Borghild* har også kome inn på lista i denne perioden. Dette er eit namn som i likskap med *Kari* står aleine utan andre variantar. Om lag 50 % av jentene fekk eitt av dei ti ulike leksikalske namna på lista, noko som er mindre enn vi såg i førre periode.

5.2.5 Voss kommune 1927–1946

Tabell 21 Voss kommune 1927–1946 Gutenamn (In:2125)

1. Olav	138
2. Arne	92
3. Knut	89
4. Lars	85
5. Nils	72
6. Anders	58
7. Johannes	53
8. Kåre	51
9. Gunnar	49
10. Jon	49

Tabell 22 Voss kommune 1927–1946 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole, Olaf)	162
2. Arne	92
3. Knut	89
4. Lars	85
5. Nils	72
6. Leif (Leiv)	69
7. Anders (Andres)	61
8. Jon (John)	59
9. Johannes	53
10. Kåre (Kaare)	53

Det vi bør leggje merke til ved tabellane for denne perioden er at dei ti mest populære namna ikkje har like mange tilfelle som tidlegare. Det ser ut til at det til ei viss grad har jamna seg ut litt og at det no er fleire namn som er relativt populære og færre som skil seg ut som ekstremt populære. I denne perioden er det registrert 2 125 gutenamn. Om lag 7,6 % har fått namnet *Olav* eller ein av variantane. Dette er eit høgt tal, men nesten ei halvering i frå førre periode. Det har også skjedd ein del endringar på lista. *Lars* har i dei tidlegare periodane alltid vore av dei tre mest populære namna, medan det i denne perioden er nede på ein fjerde plass. *Jon* og *Leif* er nye namn på lista når ein reknar med variantane, medan *Gunnar* og *Sigurd* har rykka nedover. Om lag 37,4 % av gutane fekk eitt av dei ti ulike leksikalske namna på lista, noko som er ein sterk nedgang frå førre periode.

Tabell 23 Voss kommune 1927–1946 Jentenamn (ln:1882)

1. Anna	81
2. Marta	74
3. Brita	67
4. Astrid	56
5. Bjørg	54
6. Ingebjørg	53
7. Aslaug	50
8. Margit	46
9. Ragnhild	46
10. Solveig	44

Tabell 24 Voss kommune 1927–1946 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne, Anny)	93
2. Marta (Martha)	77
3. Brita (Bertha, Brit, Britt)	72
4. Ingebjørg (Ingeborg)	69
5. Astrid	56
6. Aslaug (Åslaug)	54
7. Bjørg	54
8. Ragnhild	46
9. Inger (Ingerd, Inggjerd, Ingjerd)	45
10. Solveig	44

Vi ser også for jentenamna den same tendensen med at dei populære namna ikkje har like stor oppslutning som tidlegare periodar. I perioden har vi 1 882 registrerte jentenamn noko som betyr at om lag 4,9 % har fått namnet *Anna* eller andre variantar. Dette namnet har i tidlegare periodar hatt ei oppslutning på nærmare 15 % og vi ser med dette ein stor nedgang. Elles har det også skjedd ganske store endringar i kva namn vi finn på topplista. *Astrid*, *Aslaug*, *Bjørg*, *Ragnhild* og *Solveig* er nye namna på topplista i denne perioden, medan vi i førre periode hadde *Gudrun*, *Margit*, *Borghild*, *Maria* og *Synneva*. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 32,4 % av løpenamna. Vi ser her ein stor nedgang i frå perioden før.

5.2.6 Voss kommune 1947–1966

Tabell 25 Voss kommune 1947–1966 Gutenamn (ln:2615)

1. Knut	100
2. Nils	100
3. Arne	95
4. Kjell	87
5. Lars	87
6. Olav	87
7. Jan	86
8. Terje	57
9. Steinar	52
10. Bjørn	50

Tabell 26 Voss kommune 1947–1966 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole, Olaf)	124
2. Knut	100
3. Nils	100
4. Arne	95
5. Kjell	87
6. Lars	87
7. Jan	86
8. Steinar (Stein)	63
9. Jon (John)	59
10. Terje	57

Også i denne perioden ligg namnet *Olav* med ulike variantar på topp. Vi ser likevel at det har vore ein viss nedgang i talet på tilfelle. Dei 124 tilfella utgjer om lag 4,7 % av løpenamna. Det er også ganske jamt mellom namna på denne topplista. Av nye namn på lista har vi *Kjell*, *Jan*, *Steinar* og *Terje*. Desse har kome inn i staden for *Leif*, *Anders*, *Johannes* og *Kåre*. I denne

perioden har vi 2 615 registrerte namn fordelt på 271 ulike guttenamn. Dette er det høgste talet på ulike namn vi har hatt så langt, noko som kan tyde på at namnevariasjonen vert noko større. Eit anna teikn på dette er òg at dei mest populære namna ikkje lenger er så suverene som dei var i nokre av dei tidlegare periodane. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer i denne perioden om lag 32,8 % av løpenamna, noko som er ein liten nedgang frå perioden før.

Tabell 27 Voss kommune 1947–1966 Jentenamn (In:2570)

1. Anne	129
2. Bjørg	93
3. Kari	93
4. Marit	81
5. Liv	77
6. Inger	61
7. Randi	55
8. Astrid	53
9. Berit	49
10. Gerd	48

Tabell 28 Voss kommune 1947–1966 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Anna, Ann, Anny)	184
2. Bjørg	93
3. Kari	93
4. Marit (Marita)	84
5. Liv	77
6. Brita (Birthe, Brit, Britha, Britt)	67
7. Inger (Ingegjerd, Ingerd, Ingjerd)	65
8. Randi	55
9. Astrid	53
10. Berit	49

I alle dei tidlegare periodane og i lista for den totale perioden har *Anna* vore det mest populære namnet. I denne perioden ser vi ein endring då forma *Anne* no er den klart mest brukte forma. Kva dette kjem av er vanskeleg å svare på, men det kan vere ei endring i smaken til namnebrukarane der namn som sluttar på «a» ikkje lenger har ein like god klang. Vi ser også at namn som *Brita* og *Marta* har tapt seg i popularitet. Dei ulike formene av *Anne* utgjer om lag 7,2 % av løpenamna. Av nye namn på lista har vi *Marit*, *Liv*, *Randi*, og *Berit*. *Kari* var ikkje på lista i førre periode, men har her komme inn igjen. I denne perioden har vi 2 570 registrerte jentenamn fordelt på 328 ulike namn. På same måte som for guttenamna er dette ny rekord når det gjeld breidda i namnetilfanget. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 32 % av løpenamna. Dette talet held seg relativt stabilt frå førre periode.

5.2.7 Voss kommune 1967–1986

Tabell 29 Voss kommune 1967–1986 Gutenamn (ln:1861)

1. Jan	64
2. Frode	57
3. Lars	51
4. Geir	48
5. Rune	40
6. Jon	35
7. Knut	34
8. Stig	34
9. Terje	34
10. Kjell/Nils	32

Tabell 30 Voss kommune 1967–1986 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Jan (Jahn)	65
2. Olav (Ole, Ola)	62
3. Frode	57
4. Lars	51
5. Geir	48
6. Jon (John)	46
7. Rune (Runar)	41
8. Bjørn (Bjørnar)	36
9. Knut	34
10. Stig	34

Det som er mest påfallande for listene for denne perioden er at namna på toppen av listene ikkje lenger er like populære som dei var i tidlegare periodar. I denne perioden har vi 1 861 registrerte gutenamn og om lag 3,5 % av desse er ei form av *Jan*. Vi har tidlegare sett at dei mest populære namna har vore oppe i nærare 15 % av materialet. I dei tre siste periodane har vi også sett ei stor utskifting av namna på topplista, noko som tyder på mindre kontinuitet i namnetrendane i kommunen. Det ser også ut til at ein del av dei namna som har kome inn på listene i desse tre periodane berre har vore på toppen i den eine perioden. Dette gjeld t.d. *Steinar* og *Terje* frå førre periode. Vi ser også i denne perioden ein auke i variasjonen av namn, då vi i dette materialet har 288 ulike leksikalske gutenamn. Om lag 25,5 % av gutane fekk eit av dei ti ulike leksikalske namna på lista. Dette er ein nedgang frå førre periode og er eit argument for at vi ser større variasjon i namnebruken.

Tabell 31 Voss kommune 1967–1986 Jentenamn (ln:1692)

1. Anne	77
2. Hege	31
3. Inger	30
4. Ann	29
5. Kristin	29
6. Anita	28
7. Elin	28
8. Gro	28
9. Hilde	27
10. Laila,Marit,Tone	26

Tabell 32 Voss kommune 1967–1986 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Anna, Ann)	115
2. Elin (Eli, Eline)	39
3. Kristin (Kristi)	35
4. Britt (Brita, Birte, Brit)	34
5. Inger (Ingjerd)	32
6. Hege	31
7. Anita	28
8. Gro	28
9. Hilde	27
10. Laila,Marit (Marita, Maritha),Tone	26

Vi har også i denne perioden *Anne* og variantar av dette namnet på toppen av lista. Det at ein for jentenamna har eitt namn som ligg stabilt på toppen i popularitet, er noko forskjellig frå det vi ser hjå gutenamna. Former av *Anne* utgjer i perioden om lag 6,8 % av dei 1 692 løpenamna. Nedover på lista er det derimot ein større variasjon og utskifting. Fleire namn vert bytt ut i kvar periode og vi ser også at det er ei endring i kva variant av namnet som er den mest brukte. Det mykje brukte *Brita* har i denne perioden blitt utkonkurert av *Britt*, og *Eli* av *Elin*. Vi ser på same måte som for gutenamna at ein ikkje ser ein suverenitet ved enkelte namn som ein hadde i tidlegare periodar. *Anne* skil seg enno frå dei andre namna i talet på tilfelle, men ein ser definitivt ei utjamning. Namnetilfanget blir også litt større då vi har 334 ulike jentenamn i denne perioden. Tilfella av dei tolv ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 26,4 % av løpenamna.

5.2.8 Voss kommune 1987–2016

Tabell 33 Voss kommune 1987–2016 Gutenamn (ln:2637)

1. Eirik	62
2. Anders	60
3. Lars	52
4. Andreas	50
5. Olav	47
6. Vegard	44
7. Sondre	43
8. Kristian	40
9. Martin	40
10. Knut	39

Tabell 34 Voss kommune 1987–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	89
2. Eirik (Erik)	73
3. Anders	60
4. Kristian (Christian)	53
5. Eivind (Even, Øivind, Øyvind)	53
6. Lars	52
7. Vegard (Vegar)	46
8. Sondre	43
9. Håvard (Haavard, Håvar)	40
10. Martin	40

Den siste perioden går over 30 år og i denne perioden er det registrert 2 637 gutenamn fordelt på 450 ulike namn. Dette er altså ein stor auke i ulike namn samanlikna med dei tidlegare periodane. Det er også i denne perioden ei viss utskifting i dei mest populære namna. Nokre namn har likevel vore stabilt inne på lista over dei mest brukte namna gjennom heile tidsrommet for denne undersøkinga. *Olav* og *Lars* har vore på topp 10-lista i alle periodane, men også namn som *Anders*, *Eirik* og *Knut* har vore stabilt populære i 150 år. I denne siste perioden er *Olav* og variantar av dette namnet igjen på topp som det mest brukte namnet. Namnet har 89 tilfelle i materialet, noko som vil seie om lag 3,4 % av alle namna. Dette er framleis ein stor del om ein samanliknar med dei mest populære namna på landsbasis, men

ein stor nedgang frå tidlegare periodar i denne undersøkinga. Om lag 20,8 % av dei døypte gutane fekk eit av dei ti ulike leksikalske namna på lista.

Tabell 35 Voss kommune 1987–2016 Jentenamn
(In:2620)

1. Mari	55
2. Silje	47
3. Ingrid	46
4. Anna	40
5. Ingeborg	39
6. Ida	38
7. Maria	38
8. Amalie	37
9. Sigrid	36
10. Oda	33

Tabell 36 Voss kommune 1987–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Mari (Marie, Maria)	115
2. Anna (Ann(e), Ane, Anny/ie,)	93
3. Kristina (K/(Ch)ristine/a)	69
4. Synnøve (Sunne/iva, Synne/(i)va, Sy/unva/e)	57
5. Ingrid (Ingri)	49
6. Ingeborg (Ingebjørg)	48
7. Silje	47
8. Marte (Marta, Martha/e)	45
9. Amalie (Amalia)	38
10. Ida	38

Det første vi bør leggje merke til når vi ser lista for denne perioden er at *Anna* har tapt si plassering på toppen. Vi ser på same måte som vi har sett på lista for gutenamna, og som vi har sett i dei tidlegare periodane, at det er ei viss utskifting av dei mest populære namna, men at nokre heldt seg stabilt populære. *Anna* har vore på lista i alle periodane, men også namn som *Ingeborg*, *Brita*, *Kari* og *Inger* eller variantar av desse namna, har vore populære gjennom store delar av tidsrommet for denne undersøkinga. I materialet for denne tidsperioden finn vi 2 620 jentenamn fordelt på 533 ulike namn. Av desse har om lag 4,4 % fått namnet *Mari* eller ein variant av dette, og 22,9 % har fått eitt av dei ti ulike leksikalske namna på lista.

5.2.9 Oppsummering for Voss kommune i tidsbolkar

Det er tydeleg at det er i dei første periodane dei mest brukte namna står sterkast. Ein ser ei stadig utjamning mellom namna og ein auke i talet på ulike leksikalske namn. Det ser ut til å gå eit skilje mellom perioden 1907–1926 og 1927–1946, då prosentdelen for det mest brukte namnet går meir ned her enn vi har sett mellom dei tidlegare periodane. Dei mest populære namna, *Anna* og *Olav*, held seg lenge stabilt på toppen av listene. For gutane får vi ei endring på toppen i perioden 1967–1986, og for jentene kjem skiftet i den siste perioden. Det er likevel fullstendig klart at desse namna er dei aller mest brukte i kommunen. Ein del andre namna held seg også ganske stabilt populære, både for jentene og gutane. Ein del av desse namna endrar seg i løpet av periodane, slik at ei anna form enn den som var populær i dei

første periodane, blir meir brukt i dei seinare periodane. Døme på dette er at *Brita* er mykje brukt i dei første periodane, men at *Britt* vert meir brukt etter kvart.

5.3 Resultat frå dei ulike sokna 1866–2016

Vidare kjem eg til å ta for meg dei ulike kyrkjesokna i kommunen; Vangen, Vinje, Oppheim og Evanger. Eg kjem også her til å presentere resultatata frå dei ulike tidsperiodane i tabellar. På denne måten kan ein sjå namneutviklinga i ulike delar av kommunen over tid. Først vil eg presentere tabellar for dei heile perioden for dei ulike sokna.

5.3.1 Vangen sokn 1866–2016

Tabell 37 Vangen sokn 1866–2016 Gutenamn (In:12866)

1. Knut	701
2. Lars	646
3. Nils	547
4. Anders	472
5. Olav	449
6. Johannes	374
7. Ole	313
8. Ivar	251
9. Arne	205
10. Jan	141

Tabell 38 Vangen sokn 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole, Olov, Oluf)	964
2. Knut (Knud)	710
3. Lars	646
4. Nils (Niels)	562
5. Anders (Andres)	481
6. Johannes	374
7. Ivar (Iver)	258
8. Eirik (Erik)	243
9. Per (Peder, Peter, Petter)	227
10. Jon (John)	216

Størstedelen av namna i materialet kjem frå Vangen sokn, då dette er det største kyrkjesoknet i kommunen. Det er også difor naturleg at dei mest populære namna i dette soknet stort sett er dei same som dei mest populære i kommunen totalt. Om vi samanliknar denne topp 10-lista med lista for heile kommunen, ser vi at det er nøyaktig dei same namna som er dei ti mest populære. Det er likevel nokre skilnader. På lista for heile kommunen var *Lars* det nest mest populære namnet, medan det her er *Knut*. Litt nedover på lista er det også enkelte endringar i rangeringa av namna *Eirik*, *Per* og *Jon*. I materialet for Vangen sokn finn vi 12 866 gutenamn og nesten 7,5 % av desse er *Olav* eller ein variant av namnet. Av dei døypte gutane i soknet i denne perioden har om lag 36,4 % fått eit av dei ti mest brukte namna.

Tabell 39 Vangen sokn 1866–2016 Jentenamn (ln:12227)

1. Anna	794
2. Marta	380
3. Ingebjørg	379
4. Brita	355
5. Inger	277
6. Kari	261
7. Martha	238
8. Anne	209
9. Britha	184
10. Sigrid	165

Tabell 40 Vangen sokn 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ann, Anne, Anny)	1056
2. Marta (Marte, Martha/e)	654
3. Brita (Bert(h)a, Berthe, Birt(h)e, Brit(t)a, Britha,)	632
4. Ingebjørg (Ingeborg)	538
5. Maria (Mari(e), Mary)	322
6. Inger (Ingegjerd, Ing(g/j)erd,)	315
7. Kari	261
8. Guro (Gudrun)	243
9. Margit (Margaret, Margeta/e, Margret(h)a/e)	199
10. Synneva (Sun(n)e/iva, Synva/e Synneve/ø, Synniva, Synnøve)	196

Dersom vi samanliknar denne lista med lista for heile kommunen ser vi at det også for jentenamna stort sett er dei same namna på listene. På denne lista finn vi *Margit* medan vi hadde *Ragnhild* på lista for heile kommunen. Det er også visse endringar i rangeringa av dei mest brukte namna. *Brita* og *Marta* har bytta plass slik at *Marta* på denne lista er det nest mest brukte namnet. *Anna* er det klart mest brukte namnet i Vangen sokn, og av dei 12 227 jentenamna i dette materialet er om lag 8,6 % av desse *Anna* eller ein variant av namnet. Av dei døypte jentebarna i Vangen sokn i perioden har 36,1 % av desse fått eit av dei ti mest populære namna. Altså omtrent det same talet som vi hadde for gutane.

5.3.2 Vinje sokn 1866–2016

Tabell 41 Vinje sokn 1866–2016 Gutenamn (ln:1518)

1. Lars	164
2. Ole	124
3. Anders	117
4. Sjur	79
5. Olav	78
6. Knut	46
7. Nils	33
8. Odd	30
9. Peder	25
10. Johannes	23

Tabell 42 Vinje sokn 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf)	222
2. Lars	164
3. Anders (Andres)	120
4. Sjur	79
5. Knut (Knud, Knudt)	66
6. Nils (Niels)	43
7. Odd (Aad)	32
8. John (Jon)	32
9. Peder (Per, Peter)	32
10. Kolbein (Kolben)	25

Om vi samanliknar denne lista med lista for Vangen sokn ser vi enkelte forskjellar i kva namn som er på listene, men det er også skilnadar når det gjeld kva variant av namna som er den mest brukte. I Vinje sokn er det tydeleg at *Ole*, *John* og *Peder* er dei føretrekte variantane av desse namna. Vi ser også at namn som *Sjur*, *Odd* og *Kolbein* er mykje meir populære i denne delen av kommunen enn det dei var i Vangen sokn. På lista er det tydeleg at dei tre mest brukte namna er ganske overlegne i popularitet i høve til dei andre. *Ole* og variantar av dette namnet står for om lag 14,6 % av alle namna i materialet, og samla står alle tilfella av dei ti mest brukte namna for 53,7 % av materialet.

Tabell 43 Vinje sokn 1866–2016 Jentenamn (In:1482)

1. Ingeborg	120
2. Martha	119
3. Anna	99
4. Britha	92
5. Ingebjørg	47
6. Kari	40
7. Brita	33
8. Guri	29
9. Synneva	29
10. Maria/Marta	28

Tabell 44 Vinje sokn 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingeborg (Ingebjørg)	167
2. Martha (Marthe, Marta, Marte)	151
3. Britha (Berthe, Brit, Brita, Britt)	131
4. Anna (Anne, Ane, Anny)	112
5. Synneva (Sunniva, Synniva, Synnøve)	46
6. Maria (Mari, Marie, Mary)	45
7. Kari	40
8. Margit (Magrete, Margareth, Margreta, Margrete, Margretha, Margrethe)	32
9. Guri	29
10. Olina (Oliane, Oline)	29

For jentenamna ser vi også forskjellar om vi samanliknar med lista frå Vangen sokn. *Ingeborg* er det mest brukte jentenamnet i Vinje sokn og ligg øvst på lista over *Anna*, som vi såg at stod i ei særstilling i popularitet i Vangen sokn. Vi bør også legge merke til at det ser ut til at variantane med «h» av namna *Martha* og *Britha* er den mest populære i denne delen av kommunen, noko som også skil seg frå det vi såg i Vangen sokn. På lista er det dei fire mest brukte namna som er dei overlegent mest populære, medan ein ser ei jamnare fordeling nedover til tiandeplassen. 167 av dei 1 482 døypte jentene i soknet har fått namnet *Ingeborg* eller *Ingebjørg*, noko som svarar til om lag 11,3 %. Dei ti mest brukte namna i soknet utgjør 52,8 % av heile materialet.

5.3.3 Oppheim sokn 1866–2016

Tabell 45 Oppheim sokn 1866–2016 Gutenamn (ln:1098)

1. Lars	103
2. Anders	58
3. Ole	56
4. Olav	49
5. Knud	34
6. Knut	28
7. Nils	27
8. Sjur	20
9. Hans	18
10. Ivar	18

Tabell 46 Oppheim sokn 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Olav, Ola, Olaf)	122
2. Lars	103
3. Knud (Knut, Knudt)	63
4. Anders (Andres)	59
5. Ivar (Iver)	32
6. Nils (Niels)	30
7. John (Jon)	25
8. Peder (Per, Petter)	20
9. Sjur	20
10. Anfind (Anfin, Anfinn, Arnfin, Arnfinn)/Erik (Eirik)	19

For Oppheim sokn har *Ole* og variantar av namnet vore det mest brukte i perioden. Om vi samanliknar lista med den førre frå Vinje sokn ser vi at vi har fått inn *Ivar*, *Anfind* og *Erik*. *Odd* og *Kolbein* er derimot ikkje av dei mest brukte i Oppheim sokn. *Johannes*, som låg på topp 10-lista for Vangen sokna, har ikkje vore inne på lista for verken Vinje eller Oppheim. I Oppheim sokn er det i perioden registrert 1 098 døypte gutar. Av desse har 11,1 % fått namnet *Ole* eller ein variant av dette. Om lag 46,6 % av gutane har fått eit av dei elleve mest brukte namna.

Tabell 47 Oppheim sokn 1866–2016 Jentenamn (ln:1046)

1. Anna	64
2. Britha	54
3. Ingeborg	51
4. Martha	37
5. Kari	36
6. Maria	35
7. Anne	30
8. Ingerid	29
9. Ingebjørg	24
10. Synneva	21

Tabell 48 Oppheim sokn 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ann, Anne, Ane, Anny)	101
2. Britha (Berta, Birtha, Birthe, Brita, Britt)	78
3. Ingeborg (Ingebjørg)	75
4. Martha (Marthe, Marta, Marte)	61
5. Maria (Mari, Marie)	44
6. Kari	36
7. Ingerid (Ingrid)	33
8. Synneva (Sunniva, Synniva)	25
9. Olina (Oline)	23
10. Guri (Gudrid, Gurid)	21

Anna og variantar av namnet er det mest brukte jentenamnet i Oppheim sokn i perioden. Vi ser på same måte som i Vinje sokn at det er variantane av namna *Britha* og *Martha* med «h» som er dei mest brukte. *Ingerid* er kome inn på lista, og det er interessant og merke seg at denne forma er meir populær enn den generelt meir brukte *Ingrid*. I materialet har vi 1 046 døypte jenter i Oppheim sokn. 9,7 % av desse fekk namnet *Anna* eller ei form av dette. Om lag 47,5 % av alle dei døypte jentene fekk eit av dei ti mest brukte namna.

5.3.4 Evanger sokn 1866–2016

Tabell 49 Evanger sokn 1866–2016 (ln:2740)

1. Johannes	176
2. Lars	167
3. Nils	148
4. Knut	135
5. Anders	114
6. Ole	111
7. Helge	89
8. Olav	69
9. Jakob	62
10. Andreas	44

Tabell 50 Evanger sokn 1866–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf, Oluf)	218
2. Johannes	176
3. Lars	167
4. Nils (Niels)	155
5. Knut (Knud, Knudt)	144
6. Anders (Andres)	117
7. Helge	89
8. Jakob (Jacob)	79
9. Peder (Per, Petter)	51
10. John (Jon)	49

Ole og andre former av namnet er det mest brukte i Evanger sokn i perioden. *Johannes* som er det nest mest brukte, og den mest brukte forma av alle, var verken på lista for Vinje eller Oppheim sokn. *Helge* og *Jakob* verkar og å stå sterkt i dette soknet, då desse namna ikkje var å finne på listene til dei tre andre sokna. 2 740 gutar var døypt i Evanger sokn i tidsrommet, og av desse fekk om lag 8 % namnet *Ole* eller ei form av dette. Om lag 45,4 % av gutane fekk eit av dei ti mest brukte namna.

Tabell 51 Evanger sokn 1866–2016 Jentenamn (In:2607)

1. Anna	280
2. Britha	118
3. Ingeborg	114
4. Martha	94
5. Kari	82
6. Ragnhild	76
7. Marie	65
8. Brita	57
9. Guri	48
10. Marta	44

Tabell 52 Evanger sokn 1866–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne, Ann, Ane, Anny)	324
2. Britha (Berta, Berth, Bertha, Berthe, Brit, Brita, Britt)	244
3. Ingeborg (Ingebjørg)	156
4. Martha (Marte, Marta)	140
5. Ragnhild (Ragnhilda/e, Ragnild, Rognelde)	114
6. Marie (Mari, Maria, Mary)	87
7. Kari	82
8. Guri (Gudrid)	50
9. Elisabeth (Elisabet)	38
10. Inger	38

Også for jentene ser det ut til at det er nokre namn som er spesielt populære i Evanger sokn. *Ragnhild* og *Elisabeth* finn vi blant dei mest brukte i Evanger sokn, men ikkje på listene for nokon av dei andre sokna. *Anna* og formene av dette namnet er ganske overlegen i sin popularitet, medan det frå sjetteplassen og nedover er ei jamnare fordeling i tilfella for namna. I soknet vart det i tidsrommet døypt 2 607 jenter og om lag 12,4 % av desse fekk namnet *Anna* eller ein av formene. Dei ti mest brukte namna står for 48,8 % av heile materialet.

5.3.5 Oppsummering for dei ulike sokna 1866–2016

For Vangen, Oppheim og Evanger er *Olav/Ole* og *Anna* dei mest brukte namna i perioden. For Vinje er *Ole* det mest brukte gutenamnet, men *Ingeborg* det mest brukte jentenamnet. *Anna* er faktisk nede på ein tredjeplass i dette soknet. Dette er eit tydeleg teikn på geografiske variasjonar i namnebruken. Det er òg nokre andre namn som skil seg ut. *Kolbein* har få tilfelle i dei andre sokna, men er mellom dei ti mest brukte i Vinje. I Evanger sokn er det fleire namn som ikkje er å finne på listene for resten av kommunen. For gutane finn vi *Helge* og *Jakob* på lista her, men ingen andre stader, og for jentene ser det ut til at *Ragnhild* har stått sterkt i Evanger. *Johannes* er eit mykje brukt gutenamn i heile kommunen, men i Evanger er dette det namnet med flest tilfelle for ei form, noko som tyder på at *Johannes* er typisk for Evanger. Det mest brukte gutenamnet har høgst prosentdel i Vinje sokn, medan det mest brukte jentenamnet står sterkast i Evanger. Det er i Vinje sokn dei ti mest brukte namna har høgst prosentdel for både jentene og gutane. Det er òg i dette soknet vi har færrest ulike leksikalske namn, noko som tyder på ein namnebruk med mindre variasjon.

5.4 Resultat frå Vangen sokn i tidsbolkar

Her kjem eg til å presentere resultatata frå dei ulike sokna kronologisk sokn for sokn. Resultata blir framleis framstilt i tabellar for dei ti mest brukte namna med kommentarar under kvart kjønn for der eg nemner eventuelle endringar og andre ting som er verdt å leggje merke til. Eg startar med Vangen sokn.

5.4.1 Vangen sokn 1866–1886

Tabell 53 Vangen sokn 1866–1886 Gutenamn (In:1563)

1. Knut	180
2. Lars	180
3. Nils	127
4. Anders	102
5. Ole	98
6. Johannes	94
7. Olaf	50
8. Ivar	47
9. Ola	41
10. Sjur	37

Tabell 54 Vangen sokn 1866–1886 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf)	199
2. Knut (Knud)	189
3. Lars	180
4. Nils (Niels)	141
5. Anders	102
6. Johannes	94
7. Ivar (Iver)	52
8. Eirik (Erik)	38
9. Sjur	37
10. Peder (Per, Petro)	36

Lista for dette tidsrommet liknar svært mykje på den tabellen vi såg for Vangen sokn for den fullstendige perioden (Tabell 38). På denne tabellen har vi *Sjur* på ein niande plass, medan ein for heile perioden hadde *Per* på niandeplass og *Jon* på tiandeplass. 1 563 gutar vart døypt i Vangen sokn mellom 1866 og 1886 og om lag 13 % av desse fekk ei form av namnet *Ole*. Så mykje som 68,3 % av dei døypte gutane fekk eitt av dei ti mest brukte gutenamna. Det er i særleg grad dei seks øvste namna på lista som er svært mykje brukt.

Tabell 55 Vangen sokn 1866–1886 Jentenamn (In:1492)

1. Anna	223
2. Brita	132
3. Martha	112
4. Ingebjørg	93
5. Marta	74
6. Inger	61
7. Kari	58
8. Britha	55
9. Guri	48
10. Guro	35

Tabell 56 Vangen sokn 1866–1886 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	227
2. Brita (Bertha, Britha, Britta)	190
3. Martha (Marthe, Marta, Marte)	190
4. Ingebjørg (Ingeborg)	124
5. Inger (Inger)	61
6. Kari	58
7. Guri	48
8. Maria (Mari, Marie)	43
9. Synneva (Suniva, Sunneva, Sunniva, Synniva)	39
10. Oline (Oleana, Oleanna, Oliana, Olina)	37

For jentenamna er det også mange likskapar mellom perioden 1866–1886 og den fullstendige perioden (Tabell 40). Det er likevel større skilnader enn det var for gutenamna. På denne lista finn vi *Guri* og *Oline*, medan vi i Tabell 40 hadde *Guro* og *Margit*. Dei fire mest brukte namna i dette tidsrommet er suverene i høve til dei andre namna på lista. Av dei 1 492 jentene som vart døypte i Vangen sokn mellom 1866 og 1886, fekk om lag 15 % namnet *Anna* eller ei form av dette. Dei ti mest brukte namna var svært populære, og heile 68 % av jentene i perioden fekk eitt av desse namna.

5.4.2 Vangen sokn 1887–1906

Tabell 57 Vangen sokn 1887–1906 Gutenamn (In:2047)

1. Knut	189
2. Lars	158
3. Nils	152
4. Anders	138
5. Ole	137
6. Johannes	120
7. Ivar	68
8. Olav	49
9. Olaf	48
10. Erik	47

Tabell 58 Vangen sokn 1887–1906 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav, Olaf, Oluf)	244
2. Knut	189
3. Lars	158
4. Nils (Niels)	153
5. Anders	138
6. Johannes	120
7. Ivar	68
8. Erik (Eirik)	48
9. Martin	40
10. Peder (Per, Petter)	39

Lista for den andre perioden i det totale tidsrommet er svært lik på den første. Den einaste utskiftinga som har skjedd er at *Martin* har kome inn på niande plass i staden for *Sjur*. *Ole* er også i denne perioden den mest brukte forma av dette namnet. *Erik* har blitt meir populært enn *Eirik*. 2 047 gutar vart døypte i Vangen sokn mellom 1887 og 1906. 11,9 % av desse fekk ei form av namnet *Ole*. 58,5 % av dei døypte gutane fekk eit av dei ti mest brukte namna. Ein ser med dette ein nedgang i popularitet av både det mest brukte og av dei ti mest brukte namna frå førre periode.

Tabell 59 Vangen sokn 1887–1906 Jentenamn (In:1966)

1. Anna	281
2. Ingebjørg	160
3. Britha	128
4. Martha	113
5. Inger	74
6. Marta	61
7. Brita	51
8. Sigrid	50
9. Marie	46
10. Guri	43

Tabell 60 Vangen sokn 1887–1906 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	285
2. Ingebjørg (Ingeborg)	201
3. Britha (Berta, Bertha, Berthe, Brita)	194
4. Martha (Marta, Marthe)	176
5. Inger	74
6. Marie (Maria, Mari)	74
7. Guro (Gudrun)	53
8. Sigrid	50
9. Olina (Oleana, Oliana, Oline)	46
10. Margreta (Margeta, Margete, Margit, Margrete, Margretha, Margrethe)/Guri	43

For jentenamna ser vi større endringar frå den førre perioden. *Ingebjørg* har auka i popularitet og ligg på ein andre plass på lista. *Kari* og *Guri*, som låg på høvesvis sjette- og sjuandeplass i førre periode, er ikkje lenger å finne mellom dei ti mest brukte namna, i staden har *Guro* og *Sigrid* kome inn. I 1966 jenter vart døypte i Vangen sokn mellom 1887 og 1906, og av desse fekk 14,5 % ei form av namnet *Anna*. Av dei døypte jentene fekk 63 % eitt av dei ti mest brukte namna. Vi ser på same måte som for gutane ein liten nedgang i bruken av dei mest populære namna.

5.4.3 Vangen sokn 1907–1926

Tabell 61 Vangen sokn 1907–1926 Gutenamn (In:2902)

1. Olav	158
2. Knut	119
3. Lars	112
4. Anders	91
5. Nils	89
6. Johannes	77
7. Ivar	61
8. Sigurd	43
9. Gunnar	40
10. Einar	34

Tabell 62 Vangen sokn 1907–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	193
2. Knut	119
3. Lars	112
4. Anders (Andres)	99
5. Nils	89
6. Johannes	77
7. Ivar	61
8. Per (Peder, Peter, Petter)	46
9. Sigurd	43
10. Brynjulf (Brynjel, Brynjulv)/Gunnar	40

Dersom vi samanliknar denne lista med den frå førre periode ser vi at det i utgangspunktet er det same namnet som er det mest populære i periodane, men at den mest brukte forma har

endra seg frå *Ole* til *Olav*. *Erik* og *Martin* som var med mellom dei ti mest brukte namna i tidsrommet 1887–1906 har no blitt bytta ut med *Sigurd*, *Brynjulf* og *Gunnar*. Mellom 1907 og 1926 vart det døypt 1 902 gutar i Vangen sokn, fordelt på 216 ulike namn. Om lag 10 % av gutane fekk ei form av namnet *Olav* og 48,3 % fekk eitt av dei elleve mest brukte namna. Dette er ein relativt stor nedgang i bruken av dei mest populære namna i høve til det det var i dei førre periodane.

Tabell 63 Vangen sokn 1907–1926 Jentenamn (In:1723)

1. Anna	161
2. Marta	142
3. Brita	98
4. Ingebjørg	65
5. Borghild	58
6. Gudrun	49
7. Margit	46
8. Inger	38
9. Synneva	37
10. Ingeborg	36

Tabell 64 Vangen sokn 1907–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne, Anni)	165
2. Marta (Martha)	143
3. Brita (Berta)	104
4. Ingebjørg (Ingeborg)	101
5. Gudrun (Guro)	74
6. Margit (Margreta, Margrete)	67
7. Borghild	58
8. Inger (Inggjerd, Ingjerd)	56
9. Maria (Marie)	44
10. Synneva (Sunniva, Synneve, Synnøve)	43

Anna er også i denne perioden det mest brukte jentenamnet i Vangen sokn. Lista over dei ti mest brukte namna er òg elles i stor grad lik den vi såg i førre periode. *Olina* var mellom 1887 og 1906 det niande mest brukte namnet. For dette tidsrommet er ikkje lenger *Olina* mellom dei ti mest brukte, men *Borghild* har kome inn som det sjuande mest populære namnet. 1 723 jenter vart døypte i Vangen sokn mellom 1907 og 1926, og 9,6 % av desse fekk ei form av namnet *Anna*. Om lag 50 % av dei døypte jentene fekk eitt av dei ti mest populære namna. Vi ser også for jentene ein nedgang i bruken av dei mest populære namna.

5.4.4 Vangen sokn 1927–1946

Tabell 65 Vangen sokn 1927–1946 Gutenamn (ln:1509)

1. Olav	94
2. Knut	69
3. Arne	67
4. Lars	56
5. Nils	56
6. Kåre	43
7. Ivar	39
8. Anders	38
9. Jon	36
10. Gunnar	35

Tabell 66 Vangen sokn 1927–1946 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	108
2. Knut	69
3. Arne	67
4. Lars	56
5. Nils	56
6. Leiv (Leif)	51
7. Jon (John)	45
8. Kåre	43
9. Anders (Andres)	39
10. Ivar	39

Også i tidsrommet 1927–1946 var *Olav* det mest brukte gutenamnet i Vangen sokn. Seks namn har vore mellom dei ti mest brukte i dei periodane som er presentert til no. Dette gjeld *Olav, Knut, Lars, Nils, Anders* og *Ivar*. Namn som er nye på lista over dei ti mest brukte i denne perioden er *Arne, Jon, Leiv* og *Kåre*. Vi ser at det er ei jamnare fordeling i bruken av namna, og at det heller ikkje er eit like stort skilje mellom dei tre-fire øvste namna på lista og resten. I tidsrommet 1927–1946 vart det døypt 1 505 gutar i Vangen sokn. 7,2 % av desse fekk ei form av namnet *Olav*, og om lag 38 % fekk eit av dei ti mest brukte namna. I førre periode var det 221 ulike gutenamn i materialet, medan vi i denne perioden har 260 ulike namn. Vi har med andre ord ei utvikling både i namnebruken og i namnetilfanget.

Tabell 67 Vangen sokn 1927–1946 Jentenamn (ln:1343)

1. Anna	58
2. Marta	53
3. Brita	45
4. Astrid	40
5. Aslaug	39
6. Berit	36
7. Bjørg	36
8. Margit	34
9. Solveig	34
10. Ragnhild	33

Tabell 68 Vangen sokn 1927–1946 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne, Anny)	67
2. Marta (Martha)	54
3. Brita (Brit, Britt)	47
4. Aslaug (Åslaug)	42
5. Astrid	40
6. Ingebjørg (Ingeborg)	40
7. Margit (Margot, Margreta)	39
8. Berit (Beret)	37
9. Inger (Ingerd, Inggjerd, Ingjerd)	37
10. Bjørg	36

For jentenamna ser vi ei relativt stor utvikling med tanke på utjamninga i bruken av dei mest populære namna. *Anna* er framleis det mest brukte namnet, men er ikkje lenger så overlegent som det har vore tidlegare. Det er fem av jentenamna som har vore mellom dei ti mest brukte i dei periodane som er presentert til no. Dette gjeld *Anna, Brita, Marta, Ingebjørg* og *Inger*. Namn som ikkje var mellom dei ti mest brukte i førre periode, men som er det no er *Aslaug, Astrid, Berit* og *Bjørg*. Mellom 1927 og 1946 vart det døypt 1 343 jenter i Vangen sokn. Av desse fekk om lag 5 % ei form av namnet *Anna*, og 32,7 % fekk eitt av dei ti mest brukte namna. Som for gutane ser vi ein nedgang i bruken av dei mest populære namna. Det bør også leggjast til at medan vi hadde 129 ulike jentenamn i materialet for tidsrommet 1866–1886, så har vi mellom 1927 og 1946 219 ulike jentenamn.

5.4.5 Vangen sokn 1947–1966

Tabell 69 Vangen sokn 1947–1966 Gutenamn (ln:2112)

1. Knut	81
2. Arne	81
3. Nils	80
4. Kjell	76
5. Jan	70
6. Olav	67
7. Lars	64
8. Terje	49
9. Bjørn	46
10. Per	40

Tabell 70 Vangen sokn 1947–1966 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole, Olaf)	93
2. Arne	81
3. Knut	81
4. Nils	80
5. Kjell	76
6. Jan	70
7. Lars	64
8. Terje	49
9. Bjørn (Bjørne)	48
10. Jon (John)	48

Olav og former av dette namnet er også i tidsrommet 1947–1966 det mest brukte gutenamnet i Vangen sokn. *Arne, Knut, Nils* og *Lars* finn vi på same måte som i førre periode på lista over dei 10 mest brukte namna. Nye namn som har kome til er *Kjell, Jan, Terje, Bjørn* og *Jon*. Som i førre periode ser vi også her ei jamnare fordeling i namnebruken, og sjølv ikkje det mest brukte namnet kjem har 100 tilfelle. Det vart døypt 2 112 gutar i soknet mellom 1947 og 1966. Av desse fekk 4,4 % ei for av namnet *Olav*, og 32,7 % fekk eitt av dei ti mest populære namna. Dette viser ei nedgåande utvikling i bruken av dei mest populære namna.

Tabell 71 Vangen sokn 1947–1966 Jentenamn (ln:2058)

1. Anne	98
2. Kari	76
3. Bjørg	75
4. Marit	66
5. Liv	58
6. Randi	47
7. Astrid	46
8. Inger	46
9. Berit	39
10. Gerd	39

Tabell 72 Vangen sokn 1947–1966 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna, Anny)	148
2. Kari	76
3. Bjørg	75
4. Marit (Marita)	68
5. Liv	58
6. Brita (Birthe, Brit, Britha, Britt)	57
7. Astrid (Astri)	49
8. Inger (Ingegjerd, Ingjerd)	49
9. Randi	47
10. Gerd (Gerda)	41

Også i denne perioden ser vi ganske store endringar på lista over dei ti mest brukte namna samanlikna med førre periode. *Anne* og former av namnet er framleis det mest brukte, men nedover lista er det fleire utskiftingar. I tillegg til *Anne* er *Bjørg*, *Brita*, *Astrid* og *Inger* enno mellom dei ti mest populære namna. Dei nye namna som har kome inn er *Kari*, *Marit*, *Randi* og *Gerd*. *Kari* var inne på lista i den første perioden og har blitt populært igjen 80 år seinare. 2 058 jenter vart døypte i Vangen sokn mellom 1947 og 1966. Av desse fekk 7,2 % ei form av namnet *Anne* og 32,5 % fekk eitt av dei ti mest brukte namna. Eg meiner med dette at vi kan slå fast at *Anna/Anne* er det mest stabilt populære namnet i Vangen sokn. I materialet er det 310 ulike jentenamn frå denne perioden, noko som er ein solid auke frå førre periode og eit teikn på ei sterk utvikling i namnetilfanget.

5.4.6 Vangen sokn 1967–1986

Tabell 73 Vangen sokn 1967–1986 Gutenamn (ln:1564)

1. Frode	48
2. Jan	48
3. Lars	38
4. Geir	37
5. Rune	34
6. Jon	31
7. Morten	30
8. Nils	29
9. Anders	28
10. Knut, Olav, Terje, Øystein	28

Tabell 74 Vangen sokn 1967–1986 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ole)	51
2. Jan (Jahn)	50
3. Frode	48
4. Jon (John)	39
5. Lars	38
6. Geir	37
7. Rune (Runar)	35
8. Morten	30
9. Nils	29
10. Anders, Bjørn (Bjørnar), Øyvind (Eivind, Even, Eyvind, Øyvin), Knut, Terje, Øystein	28

Framleis ligg *Olav* og former av dette namnet på topp over dei mest brukte i soknet. Vi ser likevel at det no er svært jamt når det gjeld talet på tilfelle på dei ulike namna. Det er faktisk seks namn med 28 tilfelle og ein delt tiandeplass i materialet. Det er også store utskiftingar i kva namn som er dei mest brukte samanlikna med førre periode. I materialet har vi 1 564 døypte gutar i Vangen sokn mellom 1967 og 1986, og av desse fekk 3,3 % ei form av namnet *Olav*. 33,6 % fekk eitt av dei namna som er presenterte i tabell 74, men her må ein ha med at det er 15 namn på denne lista og ikkje ti som det brukar å vere. I denne perioden er det registrert 275 ulike gutenamn, noko som betyr ein liten auke frå førre periode.

Tabell 75 Vangen sokn 1967–1986 Jentenamn (ln:1446)

1. Anne	68
2. Gro	27
3. Kristin	27
4. Hege	26
5. Ann	25
6. Inger	25
7. Elin	24
8. Randi	24
9. Tone	23
10. Hilde	22

Tabell 76 Vangen sokn 1967–1986 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	102
2. Elin (Eli, Eline)	34
3. Kristin (Kristi)	33
4. Britt (Birte, Brita, Brit)	27
5. Gro	27
6. Inger (Ingjerd)	27
7. Hege	26
8. Randi	24
9. Katrine (Caterina, Catherina, Cathrine, Catrine, Katharina, Kathrine, Katrina)	23
10. Kjersti (Kirsti, Kjerstin), Tone	23

Også i perioden 1967–1986 er *Anne* og former av namnet det mest brukte i Vangen sokn, men talet på tilfelle har gått sterkt ned frå førre periode. Det er langt ned til neste namn på lista, og derifrå er det ei relativt jamn fordeling av tilfelle på resten av namna. Vi ser på same måte som for gutenamna at det er fleire utskiftingar av namn i høve til kva vi såg på lista i førre periode (Tabell 72). 1 446 jenter vart døypte i soknet mellom 1967 og 1986 og 7 % av desse fekk ei form av namnet *Anne*. 25,5 % fekk eitt av dei elleve namna på lista over (tabell 76). Det er i dette tidsrommet registrert 314 ulike jentenamn, altså omtrent det same talet som i førre periode.

5.4.7 Vangen sokn 1987–2016

Tabell 77 Vangen sokn 1987–2016 Gutenamn (ln:2174)

1. Eirik	50
2. Anders	48
3. Olav	43
4. Andreas	40
5. Lars	38
6. Kristian	37
7. Sondre	37
8. Vegard	36
9. Knut	35
10. Martin	33

Tabell 78 Vangen sokn 1987–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	75
2. Eirik (Erik)	60
3. Anders	48
4. Kristian (Christian)	48
5. Eivind (Even, Øivind, Øyvind)	46
6. Andreas	40
7. Lars	38
8. Sondre	37
9. Vegard (Vegar)	37
10. Knut	35

I denne siste perioden ser vi at fleire av dei namna som var mellom dei ti mest brukte i tidlegare periodar no er inne på lista igjen. Dette gjeld t.d. *Eirik* og *Knut*. *Olav* og former av dette namnet er det mest brukte namnet i Vangen sokn også i dette tidsrommet. Namn som har kome inn på lista som ikkje var det i førre periode er *Eirik*, *Kristian*, *Eivind*, *Andreas*, *Sondre* og *Vegard*. I perioden var det døypt 2 174 gutar i Vangen sokn og 3,4 % av desse fekk ei form av namnet *Olav*. 21,3 % av gutane fekk eitt av dei 10 mest populære namna. I materialet er det i tidsrommet registrert 414 ulike gutenamna. Dette er ein stor auke frå den førre perioden, men her må ein også ta med at denne perioden omfattar 30 år.

Tabell 79 Vangen sokn 1987–2016 Jentenamn (ln:2171)

1. Mari	47
2. Silje	41
3. Ingrid	38
4. Maria	34
5. Amalie	32
6. Anna	31
7. Ida	31
8. Ingeborg	29
9. Emma	28
10. Guro	28

Tabell 80 Vangen sokn 1987–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Mari (Maria, Marie)	97
2. Anna (Ann, Anne, Ane)	71
3. Kristina (Kristine, Christina, Christine, Kirstiana)	60
4. Sunniva (Sunneva, Sunva, Synneva, Synnøve, Synva, Synve)	48
5. Ingrid (Ingri)	41
6. Silje	41
7. Marte (Marta, Martha, Marthe)	37
8. Ingeborg (Ingebjørg)	36
9. Amalie (Amalia)	33
10. Sara (Sarah)	33

Dette er den første perioden det er eit anna namn enn ei form av *Anna* som er det mest brukte i soknet. Det er også interessant å sjå at det er forma *Anna* og ikkje *Anne*, som igjen er den mest brukte. Også for jentenamna ser vi at nokre av namna som var populære tidlegare no har kome inn igjen på lista. Dette gjeld t.d. *Mari*, *Sunniva*, *Marte* og *Ingeborg*. 2 171 jenter vart døypt i soknet mellom 1987 og 2016. Av desse fekk 4,5 % ei form av namnet *Mari* og 22,9 % fekk eitt av dei ti mest populære namna. 488 ulike jentenamn vart registrert i perioden. Dette er ei stor auke frå perioden før, men som nemnd er den siste perioden på 30 år.

5.4.8 Oppsummering for Vangen sokn i tidsbolkar

Vangen sokn er det soknet med desidert størst del av innbyggjarane. Det fører med seg at resultata frå Vangen liknar mykje på dei vi såg for heile kommunen. *Olav* og *Anna* er dei mest brukte namna i seks av dei sju periodane. I den siste perioden er former av *Mari* meir brukt. *Ole* er den føretrekte forma i dei to første periodane, og *Anne* er meir brukt enn *Anna* i dei to nest siste. Vi ser ein klar nedgang i prosentdelen til både det mest brukte namnet og til dei ti mest brukte namna. Det mest brukte jentenamnet har ein større prosentdel enn det mest brukte gutenamnet i dei fleste av periodane, medan prosentdelen for dei ti mest brukte namna er meir lik for kjønna. Vi ser òg i dette materialet eit skilje, der det er ein større nedgang enn elles i prosentdelen til dei mest brukte namna. Det ser her ut til at dette går mellom 1906 og 1946. Dette skiljet er tydelegare for jentene enn for gutane. Vi finn i dei fleste periodane at det er fleire ulike leksikalske jentenamn enn gutenamn, noko som kan vere eit teikn på større variasjon i namnebruken.

5.5 Resultat frå Vinje sokn 1866–2016 i tidsbolkar

5.5.1 Vinje sokn 1866–1886

Tabell 81 Vinje sokn 1866–1886 Gutenamn (ln:354)

1. Ole	57
2. Lars	56
3. Anders	45
4. Sjur	31
5. Olav	10
6. Peder	10
7. Knut	9
8. Johan	8
9. John	8
10. Knud	8

Tabell 82 Vinje sokn 1866–1886 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olaf, Olav)	69
2. Lars	56
3. Anders (Andres)	46
4. Sjur	31
5. Knut (Knud, Knudt)	19
6. Nils (Niels)	12
7. Peder (Peter)	11
8. Axel (Aksel)	10
9. Johan	8
10. John, Kolben (Kolbein)	8

Ole og former av namnet er det mest brukte i Vinje sokn mellom 1866 og 1886 på same måte som i Vangen sokn i same periode. *Axel, Johan, John* og *Kolben* finn vi på topp 10-lista for Vinje i dette tidsrommet, men ikkje for Vangen sokn. *Axel* er nok ein skrivemåte av dette namnet som er typisk for tidsrommet. 354 gutar vart døypt i Vinje sokn mellom 1866 og 1886 og av desse fekk 19,5 % ei form av namnet *Ole*. 78,5 % av gutane fekk eitt av dei elleve mest brukte namna. Dette er ein større del enn det vi såg for Vangen sokn (Tabell 54), men tabellen for Vinje sokn inneheld elleve namn. Vi ser at dei 3–4 øvste namna i tabellen har mange tilfelle, medan det jamnar seg ut nedover lista.

Tabell 83 Vinje sokn 1866–1886 Jentenamn (In:355)

1. Ingeborg	52
2. Martha	49
3. Britha	40
4. Anna	29
5. Kari	11
6. Synneva	11
7. Guri	10
8. Gjøri	9
9. Maria	9
10. Sigvor	9

Tabell 84 Vinje sokn 1866–1886 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingeborg (Ingebjørg)	56
2. Martha (Marta, Marthe)	54
3. Britha (Berthe, Brit, Brita)	47
4. Anna	29
5. Synneva (Synniva)	17
6. Olina (Oliane, Oline)	13
7. Maria (Marie)	12
8. Kari	11
9. Guri	10
10. Gjøri, Sigvor	9

Ingeborg og former av namnet er det mest brukte i Vinje sokn i den første perioden, medan former av *Anna* var det i Vangen sokn i same periode. Namn vi finn i denne tabellen, men ikkje i den for Vangen sokn, er *Gjøri* og *Sigvor*. Dette er dei to namna som deler tiandeplassen på lista, så resten av namna er dei same som på tabellen for Vangen. 355 jenter vart døypte i Vinje sokn mellom 1866 og 1886 og av desse fekk 15,8 % ei form av namnet *Ingeborg*. 75,2 % fekk eitt av dei elleve mest brukte namna. For Vangen sokn i same tidsrommet var dette talet 68 % (Tabell 56). I perioden har vi 67 ulike leksikalske namn, medan vi hadde 129 for Vangen.

5.5.2 Vinje sokn 1887–1906

Tabell 85 Vinje sokn 1887–1906 Gutenamn (ln:319)

1. Lars	49
2. Anders	36
3. Sjur	31
4. Ole	27
5. Knut	23
6. Olaf	13
7. Nils	11
8. Peder	10
9. Erik	9
10. Sigurd	9

Tabell 86 Vinje sokn 1887–1906 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Lars	49
2. Ole (Ola, Olav, Olaf)	49
3. Anders	36
4. Sjur	31
5. Knut (Knut)	25
6. Nils	11
7. Peder	10
8. Erik	9
9. Sigurd	9
10. David, Johan, Kolbein	7

Lars og former av namnet *Ole* har like mange tilfelle i materialet frå Vinje sokn i perioden 1887–1906. For Vangen sokn i same periode låg *Ole* på topp, *Knut* på andreplass og *Lars* på tredjeplass (Tabell 58). Elles på lista er det stort sett dei same namna som i førre periode. *Axel* og *John* er ute, medan *Erik*, *Sigurd* og *David* er inne. På denne lista er det 12 namn, då vi har tre namn med sju tilfelle. 319 gutar vart døypte i Vinje sokn i tidsrommet og om lag 15,4 % av desse fekk namnet *Lars*. Same prosentdel gjeld for former av *Ole*. 78 % av gutane fekk eitt av dei tolv mest brukte namna, altså om lag same del som i førre periode. Vi ser òg at det er den øvste delen av lista som klart skil seg ut i popularitet.

Tabell 87 Vinje sokn 1887–1906 Jentenamn (ln:311)

1. Anna	54
2. Ingeborg	53
3. Martha	45
4. Britha	34
5. Kari	13
6. Gjørine	9
7. Guro	9
8. Synneva	8
9. Maria	7
10. Kristine, Oline	6

Tabell 88 Vinje sokn 1887–1906 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	54
2. Ingeborg (Ingebjørg)	54
3. Martha (Marta)	46
4. Britha (Berthe)	35
5. Kari	13
6. Gjørine (Jørgine, Jørine)	12
7. Guro (Gudrun)	10
8. Maria (Marie)	8
9. Synneva	8
10. Kristine, Oline	6

Også for jentene har vi ein delt førsteplass. Det er 54 tilfelle av både *Anna* og former av *Ingeborg*. *Anna* har stige kraftig i popularitet frå førre periode. Vi finn ikkje lenger *Guri*, *Gjøri* eller *Sigvor* blant dei ti mest brukte namna, men vi har fått inn *Gjørine*, *Guro* og *Kristine*. Som i førre periode har vi elleve namn på lista, då dei to nedste har like mange

tilfelle. Dei fire namna på topp i denne tabellen er dei same som vi såg for Vangen sokn i same tidsrommet (Tabell 60), men rangeringa er litt ulik. I Vinje sokn vart det mellom 1887 og 1906 døypt 311 jenter. Av desse fekk 17,4 % namnet *Anna*. Same prosentdel gjeld for former av *Ingeborg*. 81 % fekk eitt av dei elleve namna i denne tabellen.

5.5.3 Vinje sokn 1907–1926

Tabell 89 Vinje sokn 1907–1926 Gutenamn (ln:230)

1. Lars	29
2. Olav	24
3. Anders	16
4. Knut	11
5. Sjur	11
6. Ola	9
7. Ivar	8
8. Nils	8
9. Sigurd	8
10. Kolbein	6

Tabell 90 Vinje sokn 1907–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	36
2. Lars	29
3. Anders (Andres)	17
4. Knut	11
5. Sjur	11
6. Ivar	8
7. Nils	8
8. Sigurd	8
9. Kolbein	6
10. Peder (Per)	6

I dette tidsrommet er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet i Vinje sokn. Vi ser altså at forma *Olav* har overtatt for *Ole* som den mest brukte forma av dette namnet. Elles på lista ser vi at den stort sett inneheld dei same namna som i same periode. *Erik*, *David* og *Johan* er ikkje lenger på lista, men *Ivar* har kome inn. Om vi samanliknar med same periode i Vangen sokn (Tabell 62) ser vi at namn som *Johannes* og *Brynjulf* ikkje står like sterkt i Vinje sokn. I perioden vart det døypt 230 gutar i soknet og av desse fekk 15,7 % ei form av namnet *Olav*, altså om lag same prosentdel som i førre periode. 60,9 % av gutane fekk eitt av dei ti mest brukte namna, noko som er ein klar nedgang frå periode før, men denne lista inneheld berre ti namn.

Tabell 91 Vinje sokn 1907–1926 Jentenamn (ln:233)

1. Anna	29
2. Ingebjørg	22
3. Martha	21
4. Britha	12
5. Ingeborg	9
6. Kari	9
7. Guri	7
8. Marta	7
9. Borghild	6
10. Brita, Margit, Maria	6

Tabell 92 Vinje sokn 1907–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingebjørg (Ingeborg)	31
2. Anna (Anny)	30
3. Martha (Marta)	28
4. Britha (Brita)	18
5. Margit (Margreta, Margrete, Margretha, Margrethe)	11
6. Kari	9
7. Guro (Gudrun)	8
8. Guri	7
9. Borghild	6
10. Maria	6

Former av *Ingebjørg* er det mest brukte jentenamnet i Vinje sokn mellom 1907 og 1926. Vi ser at forma *Ingebjørg* har tatt over for *Ingeborg* som den mest brukte. Namna på lista er stort sett dei same som i førre periode med unntak av *Margit*, *Guri* og *Borghild* som har kome inn i staden for *Gjørine*, *Synneva*, *Kristine* og *Oline*. Vi ser enno at dei øvste namna på lista er mykje meir populære enn resten. Om vi samanliknar denne lista med den frå Vangen sokn i same periode (Tabell 64), ser vi at innhaldet stort sett er det same, men det ser ut til at *Inger* ikkje er like populært i Vinje sokn. 233 jenter vart døypte i soknet i perioden, og av desse fekk 13,3 % ei form av namnet *Ingebjørg*. 66 % av jentene fekk eitt av dei ti mest brukte namna.

5.5.4 Vinje sokn 1927–1946

Tabell 93 Vinje sokn 1927–1946 Gutenamn (ln:170)

1. Olav	22
2. Knut	11
3. Lars	10
4. Arne	7
5. Sverre	7
6. Anders	6
7. Martin	6
8. Gunnar	5
9. Leiv	4
10. Alf, Hans, Johannes, Jon, Leif, Magne, Odd, Olaf, Sigurd	3

Tabell 94 Vinje sokn 1927–1946 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Olaf)	25
2. Knut	11
3. Lars	10
4. Arne	7
5. Leiv (Leif)	7
6. Sverre	7
7. Anders	6
8. Martin	6
9. Gunnar	5
10. Alf (Alv), Magnar (Magne)	4

Mellom 1927 og 1946 vart det berre døypt 170 gutar i Vinje sokn. Dette er ein ganske stor nedgang frå førre periode med tanke på at tala allereie var relativt låge. Dette gjer at tala på

tilfelle nedover lista også blir låge og at vi får fleire namn med same tal på tilfelle. Dette er i og for seg ikkje noko problem, men gjer at ein må vurdere lista litt meir kritisk. *Olav* og former av namnet er også i denne perioden det mest brukte namnet med om lag 14,7 % av løpenamna. På lista har vi 11 ulike leksikalske namn og tilfella av dei representerer om lag 54 % av løpenamna. Det er ein nedgang frå førre periode, men om vi samanliknar med Vangen sokn i same periode (Tabell 66) var det tilsvarande talet der på 38 %.

Tabell 95 Vinje sokn 1927–1946 Jentenamn (In:141)

1. Ingebjørg	13
2. Brita	12
3. Marta	11
4. Anna	10
5. Margit	7
6. Bjørg	5
7. Aslaug	4
8. Dagny	4
9. Astrid	3
10. Borgny, Gudny, Kari, Maria, Ragnhild	3

Tabell 96 Vinje sokn 1927–1946 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingebjørg (Ingeborg)	14
2. Brita	12
3. Anna (Anny)	11
4. Marta	11
5. Margit	7
6. Bjørg	5
7. Aslaug	4
8. Dagny	4
9. Astrid	3
10. Kari, Lilly (Lilli), Maria, Borgny, Gudny, Ragnhild	3

Vi ser det same for jentene som vi gjorde for gutane. Berre 141 jenter vart døypte i Vinje sokn mellom 1927 og 1946. På lista har vi 15 namn, noko som er eit resultat av at tala blir så låge. *Ingebjørg* er framleis det mest brukte jentenamnet med ca. 10 % av løpenamna. Dei 15 namna på lista svarar til 63 % av løpenamna. Dette er ein liten nedgang frå førre periode, men denne nedgangen hadde vore større dersom ein hadde hatt 10 namn på lista. For Vangen sokn i same periode var dette talet 32,7 %. Nokre namn som må kommenterast er *Brita* og *Marta*. For desse namna har dei mest populære formene til no vore skrivne med «h», altså *Britha* og *Martha*. Dette har endra seg i denne perioden, og varianten utan «h» er no den einaste blant løpenamna i Vinje sokn.

5.5.5 Vinje sokn 1947–1966

Tabell 97 Vinje sokn 1947–1966 Gutenamn (ln:149)

1. Olav	9
2. Nils	8
3. Odd	8
4. Steinar	7
5. Lars	6
6. Knut	5
7. Arne	4
8. Jan	4
9. Leif	4
10. Magnar	4

Tabell 98 Vinje sokn 1947–1966 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf)	12
2. Nils	8
3. Odd	8
4. Steinar	7
5. Lars	6
6. Leif (Leiv)	6
7. Knut	5
8. Magnar (Magne)	5
9. Arne	4
10. Jan, John (Jon)	4

I denne perioden er *Olav* igjen det mest brukte namnet i Vinje sokn. Elles på lista er det stort sett dei same namna som vi har sett tidlegare. *Steinar* og *Odd* er to namn som har vore populære i denne perioden. 149 gutar vart døypte i soknet mellom 1947–1966 og vi ser at talet på tilfelle for dei ulike namna er låge. Dei tre nedste namna på lista har berre fire tilfelle kvar, noko som gjer at ein ikkje kan snakke om ein sterk populær trend for desse namna. Om lag 8 % av dei døypte gutane fekk ei form av namnet *Olav*, og 46 % fekk eit av dei elleve namna på lista. Dette er ein nedgang frå førre periode. Litt overraskande er det at talet på ulike leksikalske namn har gått ned. Mellom 1927–1946 var det registrert 73 ulike leksikalske namn, medan det i denne perioden var 68.

Tabell 99 Vinje sokn 1947–1966 Jentenamn (ln:145)

1. Liv	6
2. Anne	5
3. Bjørg	5
4. Brita	5
5. Berit	4
6. Inger	4
7. Jorunn	4
8. Margunn	4
9. Olaug	4

Tabell 100 Vinje sokn 1947–1966 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Anna)	6
2. Brita (Britt)	6
3. Liv	6
4. Bjørg	5
5. Berit	4
6. Inger	4
7. Jorunn	4
8. Margunn	4
9. Olaug	4

I denne perioden var former av *Anne*, *Brita* og *Liv* dei mest brukte namna i Vinje sokn. Vi ser i endå større grad for jentene at talet på tilfelle for dei ulike leksikalske namna er låge. Lista inneheld berre ni namn, då det er ni namn som har tre tilfelle. *Marta* som har vore eit mykje brukt namna i alle dei tidlegare periodane, er ikkje lenger inne på lista. *Ingebjørg* har òg færre

tilfelle enn tidlegare. I perioden er det registrert 145 løpenamn fordelt på 87 ulike leksikalske namn. 4,1 % av jentene fekk ei form av namnet *Anne*. Same prosentdel gjeld for former av *Brita* og *Liv*. Om lag 30 % av jentene fekk eitt av dei ni namna på lista. Denne prosentdelen er vanskeleg å samanlikne med tidlegare periodar då det er færre namn på lista i denne perioden.

5.5.6 Vinje sokn 1967–1986

Tabell 101 Vinje sokn 1967–1986 Gutenamn (ln:105)

1. Geir	6
2. Jan	5
3. Lars	5
4. Bjørn	4
5. Frode	4
6. Kjell	4
7. Leif	4
8. Ole	4
9. Asbjørn	3
10. Inge, Roger, Rune	3

Tabell 102 Vinje sokn 1967–1986 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Geir	6
2. Jan	5
3. Lars	5
4. Olav (Ole)	5
5. Bjørn	4
6. Frode	4
7. Kjell	4
8. Leif	4
9. Asbjørn	3
10. Kristian (Christian), John (Jon), Inge, Roger, Rune	3

I denne perioden ser vi i enno større grad at talet på tilfelle for dei ulike leksikalske namna går nedover. Vi ser ikkje lenger at nokre namn er overlegent meir populære slik vi såg i dei tidlege periodane. Talet på løpenamn går også nedover. Mellom 1967 og 1986 vart det berre døypt 105 gutar i Vinje sokn, og desse løpenamna er fordelt på 56 ulike leksikalske namn. 5,6 % av dei døypte gutane fekk namnet *Geir*. På lista er det 14 namn, og tilfella av dei representerer om lag 50 % av løpenamna.

Tabell 103 Vinje sokn 1967–1986 Jentenamn (ln:88)

1. Linda	5
2. Laila	4
3. Gunn	3
4. Hege	3
5. Kari	3
6. Lillian	3
7. Anne	2
8. Elin	2
9. Inger	2
10. Irene, Lisbeth, Marianne, Marit, Monica, Silje, Tone, Trine	2

Tabell 104 Vinje sokn 1967–1986 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Linda	5
2. Laila	4
3. Elin (Eli)	3
4. Gunn	3
5. Hege	3
6. Kari	3
7. Lillian	3
8. Anne	2
9. Inger	2
10. Irene, Lisbeth, Marianne, Marit, Monica, Silje, Tone, Trine	2

Vi ser i denne perioden i enno større grad enn i den førre at fordelinga av tilfelle på dei ulike leksikalske namna jamnar seg ut. Namna som ligg nedst på denne lista har berre to tilfelle, noko som gjer det vanskeleg å omtale dei som populære. I perioden vart det døypt 88 jenter i Vinje sokn, ein klar nedgang frå førre periode. Av dei døypte jentene fekk 5,7 % namnet *Linda*. På lista er det 17 namn, og dei representerer 50 % av løpenamna. I materialet for denne perioden er det 63 ulike leksikalske namn, altså ein liten auke frå førre periode.

5.5.7 Vinje sokn 1987–2016

Tabell 105 Vinje sokn 1987–2016 Gutenamn (ln156)

1. Eirik	6
2. Bjørnar	5
3. Håvard	5
4. Jon	4
5. Martin	4
6. Ole	4
7. Anders	3
8. Magnus	3
9. Sondre	3
10. Ådne	3

Tabell 106 Vinje sokn 1987–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Eirik (Erik)	7
2. Bjørnar (Bjørn)	6
3. Ole (Olav)	6
4. Håvard	5
5. Aleksander (Alexander)	4
6. Jon	4
7. Martin	4
8. Anders	3
9. Magnus	3
10. Sondre, Stein (Steinar), Ådne	3

I den siste perioden vart det døypt 156 gutar i Vinje sokn. Former av *Eirik* var det mest brukte gutenamnet. Det er svært jamt mellom dei ti mest brukte namna, noko som gjer at vi ikkje kan snakke om nokon svært populære namn i soknet. Om vi samanliknar med Vangen sokn i same periode ser vi at *Eirik* som ligg øvst på lista for Vinje sokn, også var populært i Vangen sokn og ligg på andre plass der. 4,5 % av gutane i soknet fekk ei form av namnet *Eirik* og 32,7 % fekk eitt av dei tolv namna på lista.

Tabell 107 Vinje sokn 1987–2016 Jentenamn (ln:163)

1. Astrid	5
2. Ingeborg	5
3. Ingrid	5
4. Heidi	4
5. Mari	4
6. Marie	4
7. Oda	4
8. Sigrid	4
9. Synnøve	4
10. Anne, Eirin, Hilde, Linn, Tuva, Åsne	3

Tabell 108 Vinje sokn 1987–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Mari (Maria, Marie)	9
2. Christine (Ch/Kristina/e)	6
3. Ingeborg (Ingebjørg)	6
4. Synnøve (Sunniva, Synneva)	6
5. Anne (Ane, Anna)	5
6. Astrid	5
7. Ingrid	5
8. Heidi	4
9. Oda	4
10. Sigrid	4

For jentene er former av *Mari* det mest brukte namnet i Vinje sokn mellom 1987 og 2016. Namnet har fleire tilfelle enn det mest brukte gutenamnet. 163 jenter vart døypt i soknet i perioden, noko som betyr at formene av *Mari* er 5,5 % av desse. Dei ti mest brukte namna svarar til 33 % av løpenamna i perioden. Om vi samanliknar med Vangen sokn i same periode, ser vi at mange av namna er dei same. På denne lista har vi *Astrid, Heidi, Oda* og *Sigrid*, medan vi finn *Silje, Marte, Amalie* og *Sara* på lista for Vangen sokn. Elles er det dei same namna på listene, men i ulik rangering.

5.5.8 Oppsummering for Vinje sokn i tidsbolkar

For Vinje sokn ser vi langt meir variasjon når det kjem til det mest brukte namnet i høve til Vangen sokn. Fram til dei to siste periodane varierer det mest brukte namnet mellom *Ole, Lars*, og *Olav* for gutane, og *Ingeborg, Anna* og *Ingebjørg* for jentene. Dei to siste periodane er sterkt prega av at det er få løpenamn i materialet. Det er difor svært få tilfelle som skal til for at ein namn skal kome inn på lista. Dette gjer at det er noko vanskeleg å vurdere truverdet i desse statistikkane. *Kolbein* var mellom dei ti mest brukte gutenamna i dei tre første periodane. Namnet har relativt få tilfelle i dei andre sokna, noko som tyder på at det er typisk for Vinje. For jentene er det tydeleg at *Ingeborg/Ingebjørg* har vore meir populære i Vinje sokn enn i nokon av dei andre. Vi finn den høgste prosentdelen både for det mest brukte namnet og dei ti mest brukte namna i materialet for jentene i den andre perioden. Elles er det varierende om det er dei mest brukte gute- eller jentenamna som har høgst del av løpenamna. Det er ein nedgang i talet på løpenamn gjennom heile perioden, noko som kan vere årsaka til at ein ikkje ser den auken i talet på ulike leksikalske namn som ein kanskje kunne forvente.

5.6 Resultat frå Oppheim sokn 1866–2016 i tidsbolkar

5.6.1 Oppheim sokn 1866–1886

Tabell 109 Oppheim sokn 1866–1886 Gutenamn (ln:261)

1. Lars	37
2. Ole	34
3. Knud	26
4. Anders	16
5. Iver	12
6. Sjur	10
7. Peder	9
8. Anfind	8
9. Svend	7
10. Hans, Olaf	6

Tabell 110 Oppheim sokn 1866–1886 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Olaf, Olav)	42
2. Lars	37
3. Knud (Knut)	27
4. Anders	16
5. Iver	12
6. Sjur	10
7. Peder	9
8. Anfind	8
9. Erik (Eirik)	8
10. Svend (Svein)	8

For Oppheim sokn er former av *Ole* det mest brukte gutenamnet i denne perioden. Dette er det same som vi såg både for Vangen- og Vinje sokn (Tabell 54 og 82). Elles ser vi at *Iver* på lista, noko det ikkje var for Vinje sokn. Namnet er på lista for Vangen, men då mest brukt i forma *Ivar*. Dette kan seie oss at forma *Iver* har stått særleg sterkt i Oppheim sokn. 261 gutar vart døypt i Oppheim sokn mellom 1866 og 1886 og av desse fekk om lag 16 % ei form av namnet *Ole*. 68 % fekk eitt av dei ti mest brukte namna. Dette er mindre enn det vi såg for Vinje sokn, men om lag det same som vi såg for Vangen. I materialet er det 58 ulike leksikalske namn. For Vinje var dette talet 64 og for Vangen var det 149.

Tabell 111 Oppheim sokn 1866–1886 Jentenamn (ln:223)

1. Britha	34
2. Ingeborg	21
3. Anna	16
4. Martha	13
5. Ingerid	12
6. Maria	12
7. Kari	9
8. Anne	8
9. Guri	8
10. Oline	7

Tabell 112 Oppheim sokn 1866–1886 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Britha (Berta, Birtha, Brita)	37
2. Anna (Anne)	24
3. Ingeborg	21
4. Martha (Marthe)	16
5. Maria (Marie)	13
6. Ingerid	12
7. Oline (Olina)	11
8. Kari	9
9. Guri	8
10. Synneva (Sunniva, Synniva)	7

Former av *Britha* er det mest brukte jentenamnet i Oppheim sokn mellom 1866 og 1886. For Vinje sokn (Tabell 84) var dette *Ingeborg* og for Vangen var det *Anna* (Tabell 56). Vi finn desse namna på andre- og tredje plass på denne lista. *Ingerid* finn vi ikkje på lista til dei to andre sokna, noko som tyder på at dette namnet har stått sterkt i Oppheim sokn. Av dei 223 løpenamna på lista var 16,6 % ei form av *Britha*. Om lag 71 % av jentene fekk eitt av dei ti mest brukte namna. Dette er noko mindre enn for Vinje og litt meir enn for Vangen. For Vangen sokn i denne perioden fann eg 129 ulike leksikalske namn og for Vinje var dette talet 64. I Oppheim er det berre registrert 57 ulike jentenamn.

5.6.2 Oppheim sokn 1887–1906

Tabell 113 Oppheim sokn 1887–1906 Gutenamn (ln:199)

1. Lars	24
2. Anders	19
3. Ole	19
4. Olav	17
5. Knut	9
6. Nils	9
7. Knud	8
8. Ivar	5
9. Sigurd	5
10. Sjur	5

Tabell 114 Oppheim sokn 1887–1906 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ole (Ola, Olav)	37
2. Lars	24
3. Anders	19
4. Knut (Knud, Knudt)	18
5. Nils	9
6. Ivar (Iver)	7
7. Brynjulf (Brynjulv)	5
8. Sigurd	5
9. Sjur	5
10. Anfin (Anfind), Botolf (Bottolf, Botulv), Erik, John, Kolbein (Kolben), Marthin, Marthinus (Martinus)	4

Former av *Ole* er det mest brukte gutenamnet i Oppheim sokn mellom 1887 og 1906. Øvste del av lista består stort sett av dei same namna vi har sett tidlegare, men det ser ut til at *Brynjulf* har blitt meir populært. Det er dei fire øvste namna som skil seg frå dei andre med talet på tilfelle. Vi finn 16 namn på lista, då det er sju namn med fire tilfelle. I materialet finn vi 199 løpenamn frå soknet i perioden. Av desse er 18,6 % ei form av namnet *Ole*. Tilfella av dei 16 ulike leksikalske namna utgjer 78,9 % av løpenamna. Dette talet kan ikkje samanliknast med førre periode, då det er fleire namn på lista i denne perioden. Vi finn 57 ulike leksikalske namn i materialet frå tidsrommet, medan vi hadde 58 i førre periode.

Tabell 115 Oppheim sokn 1887–1906 Jentenamn (ln:195)

1. Anna	26
2. Martha	23
3. Britha	20
4. Ingeborg	19
5. Ingebjørg	9
6. Synneva	9
7. Ingerid	7
8. Maria	7
9. Olina	5
10. Sigrid	5

Tabell 116 Oppheim sokn 1887–1906 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	28
2. Ingeborg (Ingebjørg)	28
3. Martha (Marta)	24
4. Britha (Brita)	21
5. Maria (Marie)	10
6. Synneva	9
7. Ingerid	7
8. Jørgina (Jørina)	5
9. Olina	5
10. Sigrid	5

For jentene er former av *Anna* det mest brukte namnet i Oppheim sokn mellom 1887 og 1906. Øvste delen av lista inneheld dei same namna som vi såg i førre periode, men rangeringa har

endra seg. Vi ser også at dei fire øvste namna skil seg frå resten ved talet på tilfelle. Av dei 195 løpenamna i materialet, er 14,3 % ei form av *Anna*. Dei ti ulike leksikalske namna utgjer 72,8 % av det samla materialet, noko som er ein liten auke frå førre periode. I tidsrommet finn vi 56 ulike leksikalske namn i materialet, omtrent det same som i førre periode då det var 57.

5.6.3 Oppheim sokn 1907–1926

Tabell 117 Oppheim sokn 1907–1926 Gutenamn (ln:170)

1. Lars	22
2. Olav	15
3. Knut	9
4. Ola	8
5. Anders	7
6. Hans	7
7. Ivar	7
8. Martin	6
9. Nils	6
10. Einar, Jon, Sigurd	5

Tabell 118 Oppheim sokn 1907–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	24
2. Lars	22
3. Knut	9
4. Anders	7
5. Hans	7
6. Ivar	7
7. Jon (John)	6
8. Martin	6
9. Nils	6
10. Einar, Sigurd	5

I denne perioden ser vi at det mest brukte namnet er former av *Olav*. Det har skjedd ei endring i kva namneform som er den mest brukte, då *Ole* har vore meir populært i dei tidlegare periodane. Vi har ikkje hatt *Hans* på lista i tidlegare periodar, men her finn vi det på femteplass. Vi finn derimot ikkje mykje brukte namn som *Brynjulf* og *Sjur*. 170 gutar vart døypt i soknet mellom 1907–1926. Av desse fekk 14,1 % ei form av namnet *Olav*. 61,2 % fekk eitt av dei elleve ulike leksikalske namna på lista. Dette er ein mindre del enn i førre periode, men det er færre ulike namn på denne lista. I materialet er det registrert 63 ulike leksikalske namn, noko som er ein liten auke frå førre periode.

Tabell 119 Oppheim sokn 1907–1926 Jentenamn (ln:155)

1. Anna	14
2. Marta	12
3. Maria	11
4. Ingerid	10
5. Brita	8
6. Kari	8
7. Ingebjørg	7
8. Borghild	5
9. Ingeborg	5
10. Olina	5

Tabell 120 Oppheim sokn 1907–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	14
2. Ingebjørg (Ingeborg)	12
3. Marta	12
4. Maria	11
5. Ingerid	10
6. Brita (Berta)	9
7. Kari	8
8. Gudrun (Guro)	6
9. Olina (Oline)	6
10. Borghild	5

Anna er det mest brukte namnet i Oppheim sokn også i denne perioden, men vi ser at dei øvste namna ikkje har den tydelege populariteten som i tidlegare periodar. Elles på lista er det i stor grad dei same namna som tidlegare. Også i denne perioden finn vi *Ingerid* som eg har kommentert tidlegare, på lista. I materialet er det registrert 155 løpenamn, og av desse er om lag 9 % *Anna*. Dei ti ulike leksikalske namna på lista står for 60 % av løpenamna. Dette er ein ganske stor nedgang frå førre periode. Vi finn 59 ulike leksikalske namn i materialet, omtrent det same som tidlegare.

5.6.4 Oppheim sokn 1927–1946

Tabell 121 Oppheim sokn 1927–1946 Gutenamn (ln:136)

1. Olav	10
2. Lars	7
3. Leif	7
4. Anders	6
5. Kåre	6
6. Arne	5
7. Bjarne	5
8. Gunnar	4
9. Nils	4
10. Harald, Johan, Johannes, Magne	3

Tabell 122 Oppheim sokn 1927–1946 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola)	12
2. Leif (Leiv)	8
3. Anders (Andres)	7
4. Kåre (Kaare)	7
5. Lars	7
6. Arne	5
7. Bjarne	5
8. Gunnar	4
9. Nils	4
10. Harald, Henrik (Henry), Johan, Johannes, Magne	3

Vi ser at former av *Olav* også i denne perioden er det mest brukte namnet i Oppheim sokn. Vi ser også at talet på tilfelle for namna på lista har jamna seg ut, og at det ikkje er nokon som skil seg sterkt ut med tanke på popularitet lengre. Vi har sett det same for dei andre sokna. *Leif* har ikkje vore å finne på lista i dei andre periodane, men her er det det andre mest brukte namnet. Av dei 136 løpenamna i materialet er 8,8 % ei form av *Olav*. Dei 14 ulike leksikalske namna på lista utgjer 54,4 % av løpenamna, altså ein nedgang frå førre periode. Det er registrert 69 ulike leksikalske namn i materialet, igjen ein auke frå førre periode. Vi ser ein trend mot fleire ulike namn og større variasjon i namnebruken.

Tabell 123 Oppheim sokn 1927–1946 Jentenamn (ln:133)

1. Ingebjørg	8
2. Kari	6
3. Bjørg	5
4. Brita	5
5. Marta	5
6. Anna	4
7. Gerd	4
8. Synneva	4
9. Gerda	3
10. Gjertrud, Ragnhild, Sigrun, Solveig	3

Tabell 124 Oppheim sokn 1927–1946 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingebjørg (Ingeborg)	10
2. Gerd (Gerda)	7
3. Anna (Anny)	6
4. Kari	6
5. Marta (Martha)	6
6. Bjørg	5
7. Brita	5
8. Else (Elsa)	4
9. Guri (Gurid)	4
10. Maria (Marie), Synneva	4

For denne perioden er former av *Ingebjørg* det mest brukte namnet i Oppheim sokn. Det er svært jamt mellom dei mest brukte namna, og det er ingen som skil seg sterkt ut med tanke på tal på tilfelle. Vi ser at *Gerd* har kome inn på andre plass på lista, eit namn vi ikkje har sett tidlegare. *Anna* som har vore eitt av dei mest brukte i alle periodane i alle sokna, er her på ein tredjeplass. Av dei 133 løpenamna i materialet, er 7,5 % ei form av *Ingebjørg*, og dei elleve ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 45,9 % av løpenamna. Dette er ein nedgang frå førre periode. Vi finn 68 ulike leksikalske namn i materialet og den same trenden som for gutenamna.

5.6.5 Oppheim sokn 1947–1966

Tabell 125 Oppheim sokn 1947–1966 Gutenamn (ln:122)

1. Lars	8
2. Odd	6
3. Einar	5
4. Leif	5
5. Anders	4
6. Arne	4
7. Knut	4
8. Magne	4
9. Olav	4
10. Eivind, Erling, Ivar, John, Kjell, Kåre, Steinar, Trygve	3

Tabell 126 Oppheim sokn 1947–1966 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Lars	8
2. Odd	6
3. Einar	5
4. Leif	5
5. Magne (Magnar)	5
6. Anders	4
7. Arne	4
8. Eivind (Øyvin)	4
9. John (Jon)	4
10. Knut, Olav, Steinar (Stein)	4

Lars har i denne perioden tatt over som det mest brukte gutenamnet i Oppheim sokn. Det skil seg likevel ikkje mykje frå dei neste namna på lista på tal på tilfelle. Elles på lista ser vi mange av dei same namna som tidlegare, men *Odd*, *Einar* og *Magne* har kome inn på øvre

halvdel. Av dei 122 løpenamna i materialet er om lag 6,6 % *Lars*. Dei tolv ulike leksikalske namna på lista utgjer 46,7 % av løpenamna, noko som er ein nedgang frå førre periode i tillegg til at det også er færre namn på denne lista. Vi finn 64 ulike leksikalske namn i materialet, noko som faktisk er ein nedgang frå førre periode. Dette er utypisk frå kva vi har sett i dei andre sokna, men kan forklarast med at vi har ein nedgang i talet på løpenamn.

Tabell 127 Oppheim sokn 1947–1966 Jentenamn (ln:123)

1. Anne	12
2. Inger	8
3. Kari	8
4. Bjørg	7
5. Liv	5
6. Aud	4
7. Marit	4
8. Gerd	3
9. Ingunn	3
10. Målfrid, Randi, Sissel	3

Tabell 128 Oppheim sokn 1947–1966 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Anny)	14
2. Inger (Ingerd)	9
3. Kari	8
4. Bjørg	7
5. Liv	5
6. Aud	4
7. Marit	4
8. Gerd	3
9. Ingunn	3
10. Målfrid, Randi, Sissel	3

I denne perioden er former av *Anne* det mest brukte jentenamnet i Oppheim sokn. Vi ser at forma *Anne* har tatt over for den tidlegare meir populære *Anna*. Vi ser at namn som har vore høgt på lista i tidlegare periodar som *Brita*, *Marta* og *Ingebjørg*, no ikkje er å finne mellom dei mest brukte. Av dei 123 løpenamna på lista er 11,4 % ei form av *Anne*. Dei tolv ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 53,6 % av løpenamna. Dette er faktisk ein auke frå førre periode, noko som kan ha samanheng med at dei øvste namna på lista har fleire tilfelle enn det vi såg i perioden før. Vi finn 58 ulike leksikalske namn i materialet, altså ti færre enn mellom 1927 og 1946, noko som kan ha samanheng med nedgangen i talet på løpenamn.

5.6.6 Oppheim sokn 1967–1986

Tabell 129 Oppheim sokn 1967–1986 Gutenamn (ln:87)

1. Bjarte	4
2. Geir	4
3. Jan	4
4. Gaute	3
5. Stig	3
6. Svein	3
7. Terje	3
8. Tore	3
9. Arne	2
10. Einar, Eirik, Frode, Inge, Jon, Kjetil, Knut, Lars, Magne, Odd, Ole, Rune	2

Tabell 130 Oppheim sokn 1967–1986 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Bjarte	4
2. Geir	4
3. Jan	4
4. Gaute	3
5. Jon (John)	3
6. Ole (Olav)	3
7. Stig	3
8. Svein	3
9. Terje	3
10. Tore	3

For denne perioden er det svært jamt mellom dei ti mest brukte namna. *Bjarte*, *Geir* og *Jan* har alle like mange tilfelle, og det skil berre med eit tilfelle til dei neste namna på lista. Elles ser vi at mange av dei namna som har vore populære tidlegare, no ikkje er å finne på lista i det heile. Av dei 87 løpenamna i materialet er 4,6 % *Bjarte*. Same prosentdel gjeld også for dei to andre namna med fire tilfelle. Dei ti namna på lista står for om lag 38 % av løpenamna. Det er altså ein nedgang både i talet på løpenamn, men også i bruken av dei mest populære namna. Vi finn 56 ulike leksikalske namn i materialet, noko som også er mindre enn i førre periode og som sannsynlegvis har samanheng med nedgangen i talet på døypte gutar.

Tabell 131 Oppheim sokn 1967–1986 Jentenamn (ln:82)

1. Anne	4
2. Britt	4
3. Gunn	3
4. Hilde	3
5. Linda	3
6. Anita	2
7. Ann	2
8. Bjørg	2
9. Elisabeth	2
10. Else, Erna, Inger, May, Silje	2

Tabell 132 Oppheim sokn 1967–1986 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann)	6
2. Britt (Brita)	5
3. Gunn	3
4. Hilde	3
5. Linda	3
6. Anita	2
7. Bjørg	2
8. Elisabeth	2
9. Else	2
10. Erna, Inger, May, Silje	2

Vi ser det same for jentenamna som vi gjer for gutenamna, altså at dei populære namna ikkje lenger har mange tilfelle. Nokre av jentenamna på lista har faktisk berre to tilfelle. Det blir då vanskeleg å snakke om dei som populære. Likevel har både former av *Anne* og former av *Britt*

fleire tilfelle enn dei mest brukte gutenamna. Av dei 82 løpenamna er 7,3 % ei form av *Anne* og dei tretten namna på lista utgjer om lag 44 % av løpenamna. I materialet finn vi 62 ulike leksikalske namn. Det betyr at vi ser ein nedgang i talet på løpenamn og i bruken av dei populære namna, medan vi har ein liten auke i talet på leksikalske namn.

5.6.7 Opheim sokn 1987–2016

Tabell 133 Opheim sokn 1987–2016 Gutenamn (ln:123)

1. Anders	5
2. Andreas	4
3. Emil	3
4. Håkon	3
5. Lars	3
6. Sondre	3
7. Vegard	3

Tabell 134 Opheim sokn 1987–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anders	5
2. Eivind (Even, Øyvind)	5
3. Andreas	4
4. Emil	3
5. Håkon	3
6. Lars	3
7. Sondre	3
8. Steffen (Steven)	3
9. Vegard	3

For denne siste perioden i Opheim sokn har eg vald å gjere listene noko kortare enn tidlegare. Dette fordi det var 15 namn med to tilfelle som hadde blitt med i oversikta om eg hadde tatt dei med. Vi ser at *Anders* og former av *Eivind* er dei mest brukte namna i den siste tidsbolken, men at det som i den førre perioden er svært jamt mellom namna. Det var ingen tilfelle av nokon av formene av det tidlegare mykje brukte namnet *Olav* i materialet for denne perioden. Dette skil seg frå dei to andre sokna, der det var mellom dei ti mest brukte namna. For dei siste 30 åra finn vi 123 løpenamn i materialet, og av desse er om lag 4 % *Anders*. Same prosentdel gjeld for former av *Eivind*. Dei ni namna på list utgjer 26 % av løpenamna. Vi har 92 ulike leksikalske namn i soknet i denne perioden, noko som er vesentleg meir enn det vi har sett tidlegare.

Tabell 135 Oppheim sokn 1987–2016 Jentenamn (In:135)

1. Silje	5
2. Anna	4
3. Anne	4
4. Ingeborg	4
5. Anja	3
6. Helene	3
7. Mari	3
8. Maria	3
9. Sigrid	3

Tabell 136 Oppheim sokn 1987–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne, Ane)	9
2. Mari (Maria)	6
3. Silje	5
4. Ingeborg	4
5. Anja	3
6. Cathrine (Katrine)	3
7. Christina (Christine, Kristina)	3
8. Helene	3
9. Sigrid	3
10. Susanna (Susanne)	3

For jentenamna har eg valt å berre føre opp ni namn i tabellen utan ulike former av same namn. Her var det tolv namn med to tilfelle. Former av *Anna* er stadig det mest brukte jentenamnet, men også her er det jamt mellom namna. *Ingeborg* er i denne perioden tilbake mellom dei mest brukte namna. Mellom 1987 og 2016 vart det døypt 135 jenter i Oppheim sokn. Av desse fekk 6,7 % ei form av namnet *Anna*, og om lag 31,1 % fekk eit av dei ti ulike leksikalske namna på lista. Vi har 101 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er ein del meir enn i tidlegare periodar. Trenden ser ut til å gå mot større variasjon i namngjevinga.

5.6.8 Oppsummering for Oppheim sokn i tidsbolkar

Materialet frå Oppheim sokn er prega av at det er få registrerte løpenamn. For heile perioden er det berre registrert 1 098 gutenamn og 1 046 jentenamn. Når desse namna skal fordelast på sju tidsbolkar vert det få tilfelle per namn. Om vi ser på det mest brukte namnet i dei ulike periodane, ser vi at *Olav* og *Anna* er dei klart mest populære namna. Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i dei fem første periodane. I dei tre siste er det tre ulike namn som ligg øvst på listene, men her er det ofte fleire namn med same tal på tilfelle, og det er svært jamt mellom dei resterande namna. For jentene er *Britha* det mest brukte namnet i den første perioden og *Ingebjørg* det mest brukte i den fjerde perioden. For dei resterande periodane er det former av *Anna* som er det mest brukte jentenamnet. Det er *Britha* i den første perioden som oppnår den høgste prosentdelen for det mest brukte namnet, medan det er dei mest brukte gutenamna i den andre perioden som oppnår størst prosentdel for dei ti mest brukte namna. Denne prosentdelen er tvilsam då det er seksten namn på topplista. Topplista for jentene i den andre perioden oppnår ein nesten like høg prosentdel med berre ti namn på lista. Det er difor desse ti namna som realistisk sett utgjer den største prosentdelen av dei tilhøyrande løpenamna. Når det gjeld namn som er typiske for Oppheim sokn, er det vanskeleg å sjå

nokon som skil seg ut berre ved å sjå på listene over dei mest brukte namna. Eg la merke til *Bottolf*, som ligg på ein delt tiandeplass i den andre perioden. Namnet kjem av det norrøne *Bótolfr*, og har i Noreg vore mest brukt i Sogn. Dette er interessant ettersom Oppheim sokn grensar til Sogn. Eg fann ut at av dei 18 tilfella av ulike former av namnet som finst i materialet, er over halvparten av desse registrert i materialet for Oppheim sokn. Med tanke på det låge talet på løpenamn, har namnet ei ganske tydeleg geografisk plassering i kommunen.

5.7 Resultat frå Evanger sokn 1866–2016 i tidsbolkar

5.7.1 Evanger sokn 1866–1886

Tabell 137 Evanger sokn 1866–1886 Gutenamn (ln:747)

1. Lars	72
2. Ole	59
3. Knut	57
4. Nils	51
5. Johannes	50
6. Anders	48
7. Helge	39
8. Jakob	20
9. Sjur	19
10. Andreas	17

Tabell 138 Evanger sokn 1866–1886 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Lars	72
2. Ole (Ola, Olaf, Oluf)	69
3. Knut (Knud, Knudt)	65
4. Nils (Niels)	58
5. Johannes	50
6. Anders (Andres)	49
7. Helge	39
8. Jakob (Jacob)	35
9. Gullak (Gulleik)	19
10. Sjur	19

I den første perioden for Evanger sokn er *Lars* det mest brukte gutenamnet. Den øvste delen av lista inneheld stort sett dei same namna som vi har sett i dei andre sokna. *Helge*, *Jakob* og *Gullak* er namn som ser ut til å vere lokalt populære i Evanger i perioden. I materialet finn vi 747 løpenamn, og av desse er om lag 9,6 % *Lars*. Dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 63,6 % av løpenamna. Dette er omtrent same prosentdel som det vi såg for Vangen sokn. Det er 112 ulike leksikalske namn i materialet, og 68 av desse hadde berre eitt eller to tilfelle. I denne perioden i Evanger sokn er ein del av dei døypte gutane born av fabrikkarbeidarar på Dale fabrikk. Dette betyr at ein del av namngjevarane er arbeidarar som kjem frå andre delar av landet. Nokre av namna i materialet er uvanlege og utypiske for kommunen som t.d. *Ananias*, *Baltasar* og *Salomon*.

Tabell 139 Evanger sokn 1866–1886 Jentenamn (ln:737)

1. Anna	118
2. Britha	58
3. Martha	44
4. Ingeborg	39
5. Brita	36
6. Kari	35
7. Ragnhild	25
8. Guri	21
9. Marta	20
10. Ragnild	20

Tabell 140 Evanger sokn 1866–1886 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	132
2. Britha (Bertha, Berthe, Brita)	112
3. Martha (Marta)	64
4. Ingeborg (Ingebjørg)	53
5. Ragnhild (Ragnhilda, Ragnhilde, Ragnild, Rognelde)	53
6. Kari	35
7. Oline (Oliane, Oliana, Olina)	24
8. Marie (Maria)	22
9. Guri	21
10. Gjertrud	15

På same måte som for Vangen sokn er former av *Anna* også det mest brukte jentenamnet i Evanger sokn i denne første perioden. Dei andre namna på lista er også namn vi har sett tidlegare, men det ser ut som *Ragnhild* har vore meir populært i Evanger enn i dei andre sokna. Eg tykkjer også det er verdt å nemne at det ellefte mest brukte namnet er *Torbjørg*. Namnet har ikkje vore i nærleiken av den plasseringa i nokon av dei andre sokna. I materialet finn vi 737 løpenamn, og av desse er 17,9 % ei form av *Anna*. Dette er ein enno større del enn det vi såg i Vangen sokn. Dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjør 72 % av løpenamna, noko som òg er meir enn for Vangen sokn. Desse høge prosentdelane vitnar om ein sterk tradisjon i namnevala. Også for jentene finn vi 112 ulike leksikalske namn i materialet. Ein annan ting som er verdt å nemne, er at det finst svært mange namn med «ine-endingar» i materialet. Av dei meir kreative kan eg nemne *Oluffine* og *Nilsine*.

5.7.2 Evanger sokn 1887–1906

Tabell 141 Evanger sokn 1887–1906 Gutenamn (ln:830)

1. Johannes	80
2. Nils	56
3. Knut	46
4. Anders	44
5. Lars	44
6. Ole	41
7. Jakob	31
8. Helge	29
9. Andreas	19
10. Ivar	19

Tabell 142 Evanger sokn 1887–1906 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Johannes	80
2. Ole (Olaf, Olav, Oluf)	69
3. Nils	56
4. Knut (Knud)	47
5. Anders	44
6. Lars	44
7. Jakob	31
8. Helge	29
9. Andreas	19
10. Ivar	19

I denne perioden er *Johannes* det mest brukte guttenamnet i Evanger sokn. Vi ser også at *Helge* og *Jakob* framleis er inne på lista, medan *Gullak* og *Sjur* har måtta vike for *Andreas* og *Ivar*. Vi finn 830 løpenamn i materialet, og av desse er om lag 9,6 % tilfelle av *Johannes*. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista står for 52,7 % av løpenamna, altså ein solid nedgang frå førre periode. Det er 130 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er ein auke frå førre periode, men som kan henge saman med auken i talet på døypte gutar.

Tabell 143 Evanger sokn 1887–1906 Jentenamn (ln:830)

1. Anna	108
2. Ingeborg	67
3. Britha	59
4. Martha	44
5. Marie	40
6. Bertha	28
7. Kari	26
8. Ragnhild	24
9. Guri	18
10. Inger	18

Tabell 144 Evanger sokn 1887–1906 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	114
2. Britha (Bertha, Berthe)	94
3. Ingeborg (Ingebjørg)	70
4. Marie (Maria)	44
5. Martha	44
6. Ragnhild (Ragnild)	34
7. Kari	26
8. Guri	18
9. Inger	18
10. Torbjørg (Thorbjørg, Torbjør)	18

Former av *Anna* er det mest brukte jentenamnet i soknet også i denne perioden. Det har elles ikkje skjedd store endringar på lista. *Oline* og *Gjertrud* er ikkje lenger mellom dei ti mest brukte namna, og i staden har *Inger* og *Torbjørg* kome inn. Av dei 830 løpenamna i materialet er 13,7 % ei form av *Anna*, altså ein liten nedgang frå prosentdelen i førre periode. Tilfella av dei ti namna på lista utgjør om lag 57,8 % av løpenamna, ein nedgang frå det vi såg i førre periode. 148 ulike leksikalske namn er registrert i materialet, noko som er ein solid auke frå perioden før, og som på same måte som for gutane kan ha samanheng med auken i løpenamn.

5.7.3 Evanger sokn 1907–1926

Tabell 145 Evanger sokn 1907–1926 Gutenamn (ln:428)

1. Olav	31
2. Johannes	28
3. Nils	19
4. Lars	18
5. Gunnar	15
6. Harald	13
7. Birger	11
8. Knut	11
9. Sverre	10
10. Anders, Einar	9

Tabell 146 Evanger sokn 1907–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	41
2. Johannes	28
3. Nils	19
4. Lars	18
5. Birger (Berge, Berger)	15
6. Gunnar	15
7. Harald	13
8. Peder (Per)	12
9. Knut	11
10. Anders (Andres), Sverre	10

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i Evanger sokn mellom 1907 og 1926. Det er interessant at den mest brukte forma av namnet har skifta frå *Ole* til *Olav* i løpet av denne perioden. Vi ser at det er fleire utskiftingar på lista og at talet på tilfelle no er mykje jamnare enn tidlegare. Det er registrert 428 døypte gutar, noko som nesten er ei halvering frå perioden før. Dette heng sannsynlegvis saman med at borna frå Dale fabrikk ikkje lenger vart døypte i Evanger sokn. Om lag 9,6 % av gutane fekk ei form av namnet *Olav*, og dei elleve ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 44,9 % av løpenamna. Det er registrert 131 ulike leksikalske namn i materialet. Vi ser altså ein stor nedgang i talet på løpenamn og i bruken av dei mest populære namna. Talet på ulike leksikalske namn er derimot om lag uendra.

Tabell 147 Evanger sokn 1907–1926 Jentenamn (ln:347)

1. Anna	42
2. Ingebjørg	20
3. Borghild	18
4. Marta	16
5. Ragnhild	15
6. Brita	14
7. Gudrun	14
8. Margit	10
9. Jenny	9
10. Kari, Maria	9

Tabell 148 Evanger sokn 1907–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ane, Anny)	44
2. Brita (Bertha, Berta, Britha)	25
3. Ingebjørg (Ingeborg)	22
4. Borghild (Borhild)	19
5. Marta (Martha)	19
6. Ragnhild	15
7. Gudrun	14
8. Margit (Margreta)	11
9. Maria (Marie)	10
10. Jenny, Kari	9

Former av *Anna* er stadig det mest brukte jentenamnet i soknet. Elles på lista ser vi at det er nokre utskiftingar, men at namn som *Brita*, *Ingebjørg*, *Marta* og *Ragnhild* held seg stabilt populære. Det er likevel nokre endringar i føretrekt skrivemåte der ein utelèt «h» og «borg» blir til «bjørg». 347 jenter vart døypte i soknet mellom 1907 og 1926, og av desse fekk 12,7 %

ei form av namnet *Anna*. Dette er berre ein liten nedgang frå førre periode og vi kan slå fast at *Anna* er det mest stabilt populære personnamnet i Evanger sokn i tidsrommet eg undersøker. Dei elleve ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 56,8 % av løpenamna. 96 ulike leksikalske namn er registrert i materialet. Ein stor nedgang frå førre periode som har samband med nedgangen i talet på løpenamn.

5.7.4 Evanger sokn 1927–1946

Tabell 149 Evanger sokn 1927–1946 Gutenamn (ln:274)

1. Johannes	17
2. Arne	13
3. Lars	12
4. Olav	12
5. Nils	11
6. Anders	8
7. Jon	8
8. Bjarne	7
9. Kjell	7
10. Knut	7

Tabell 150 Evanger sokn 1927–1946 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Johannes	17
2. Olav (Ola, Olaf, Ole)	17
3. Arne	13
4. Lars	12
5. Nils	11
6. Anders (Andres)	9
7. Jon (John)	9
8. Bjarne	7
9. Kjell	7
10. Knut	7

Johannes og former av *Olav* er dei mest brukte gutenamna i Evanger sokn i denne perioden. Vi ser at talet på tilfelle på namna har blitt jamnare og at det ikkje lenger er namn som skil seg sterkt ut. Av dei 274 registrerte løpenamna i materialet er 6,2 % *Johannes*. Same prosentdel gjeld for former av *Olav*. Vi ser her ein nedgang i både talet på løpenamn og i bruksprosenten av dei mest brukte namna. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 39,8 % av løpenamna. I førre periode var det elleve namn på lista, så denne prosentdelen har ikkje forandra seg nemneverdig. Det er registrert 101 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er 30 mindre enn i perioden før. Dette har sannsynlegvis samband med nedgangen i talet på løpenamn.

Tabell 151 Evanger sokn 1927–1946 Jentenamn (In:265)

1. Astrid	11
2. Marit	10
3. Anna	9
4. Bjørg	8
5. Gerd	7
6. Ragnhild	7
7. Berit	6
8. Borghild	6
9. Solveig	6
10. Aslaug, Brita, Kari, Kjellaug, Marta, Olaug	5

Tabell 152 Evanger sokn 1927–1946 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Astrid	11
2. Marit	10
3. Anna	9
4. Bjørg	8
5. Brita (Bertha, Britt)	8
6. Gerd	7
7. Ragnhild	7
8. Berit	6
9. Borghild	6
10. Gunhild (Gunnhild), Margit, Marta (Martha), Solveig	6

Astrid er i denne perioden det mest brukte jentenamnet i Evanger sokn. Namnet har ikkje vore mellom dei mest brukte tidlegare. Vi har framleis dei generelt mykje brukte namna *Anna* og *Brita* på lista, saman med det lokalt populære *Ragnhild*. Talet på tilfelle for namna har jamna seg ut, og det er ingen namna som skil seg sterkt ut som svært populære. Av dei 265 døypte jentene i perioden fekk om lag 4,2 % namnet *Astrid*. Her ser vi ein sterk nedgang både i talet på løpenamn og i bruken av det mest brukte namnet. Dei tretten ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 36 % av løpenamna. Sjølv om det var elleve namn på lista i førre periode kan vi sjå ein nedgang i bruken av dei populære namna. Det er registrert 117 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er ein auke frå perioden før.

5.7.5 Evanger sokn 1947–1966

Tabell 153 Evanger sokn 1947–1966 Gutenamn (In:232)

1. Jan	11
2. Knut	10
3. Nils	10
4. Lars	9
5. Geir	7
6. Inge	7
7. Olav	7
8. Arne	6
9. Atle	6
10. Helge, Jarle	6

Tabell 154 Evanger sokn 1947–1966 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	14
2. Jan	11
3. Knut	10
4. Nils	10
5. Lars	9
6. Steinar (Stein)	8
7. Geir	7
8. Inge	7
9. Arne	6
10. Atle, Helge, Jarle	6

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i Evanger sokn i denne perioden. Vi ser at det er jamt mellom namna på lista med tanke på talet på tilfelle. *Johannes*, som var det mest

brukte namnet i første periode har berre eitt tilfelle mellom 1947 og 1966. Av dei 232 døypte gutane i perioden fekk 6 % ei form av namnet *Olav*. Tilfella av dei 12 ulike leksikalske namna på lista utgjer 43,1 % av løpenamna. Talet på løpenamn har gått ned, men bruksprosenten av dei mest brukte namna held seg relativt stabil dersom ein reknar med det ulike talet på namn på listene. Det er registrert 87 ulike namn i materialet, noko som er mindre enn det vi såg i perioden før.

Tabell 155 Evanger sokn 1947–1966 Jentenamn (ln:244)

1. Anne	14
2. Marit	9
3. Liv	8
4. Bjørg	6
5. Kari	6
6. Astrid	5
7. Magnhild	5
8. Berit	4
9. Elin	4
10. Kjellaug, Ragnhild, Randi, Sissel, Turid, Åshild	4

Tabell 156 Evanger sokn 1947–1966 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Anny)	16
2. Marit	9
3. Liv	8
4. Bjørg	6
5. Kari	6
6. Åse (Aase)	5
7. Astrid	5
8. Elin (Eli)	5
9. Magnhild	5
10. Mary (Marie)	5

Denne perioden er former av *Anne* igjen det mest brukte jentenamnet i soknet. Vi ser at den føretrekte forma har endra seg frå *Anna* til *Anne*. *Astrid*, som var det mest brukte namnet i første periode er enno på lista over dei mest brukte namna. Vi ser at det er svært jamt mellom namna på lista med tanke på tilfelle, men at *Anne* skil seg litt frå dei andre. Av dei 244 løpenamna i materialet er om lag 6,6 % ei form av *Anne*. Vi ser ein liten nedgang i talet på løpenamn, men at bruksprosenten av *Anne* er høgare enn den vi såg for *Astrid* i første periode. Dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 28,7 % av løpenamna. Dette er omtrent det same som vi såg i første periode om ein reknar med at det då var tretten namn på lista. Det er registrert 118 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er om lag det same som perioden før.

5.7.6 Evanger sokn 1967–1986

Tabell 157 Evanger sokn 1967–1986 Gutenamn (ln:105)

1. Jan	6
2. Lars	6
3. Bjarte	4
4. Arne	3
5. Bjørn	3
6. Dag	3
7. Frode	3
8. Knut	3
9. Sverre	3

Tabell 158 Evanger sokn 1967–1986 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Jan	6
2. Lars	6
3. Bjarte	4
4. Bjørn (Bjørnar)	4
5. Arne	3
6. Dag	3
7. Frode	3
8. Knut	3
9. Ola (Olav, Ole)	3
10. Sverre	3

Det var tolv namn med to tilfelle i materialet. For å ikkje få ei liste med 21 namn, har eg i denne perioden valt å berre presentere ni namn i tabellen der eg ikkje har slått saman ulike former av same namn. *Jan* og *Lars* er dei to namna med flest tilfelle mellom 1967 og 1986. Det er svært jamt mellom namna på lista og ingen skil seg klart ut med tal på tilfelle. Av dei 105 løpenamna er 5,7 % *Jan*. Same prosentdel gjeld for *Lars*. Vi ser ein sterk nedgang i talet på løpenamn, men bruksprosenten for det mest brukte namn held seg relativt stabil. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna i lista utgjer om lag 36,2 % av løpenamna. Om ein reknar med at det var tolv namn i lista for førre periode, ser det ut til at bruksprosenten for dei mest brukte namna er ganske stabil. I materialet finn vi 69 ulike leksikalske namn for perioden, noko som er ein nedgang frå førre periode.

Tabell 159 Evanger sokn 1967–1986 Jentenamn (ln:76)

1. Laila	5
2. Anita	4
3. Anne	3
4. May	3
5. Sissel	3
6. Ann	2
7. Bente	2
8. Gunn	2
9. Ingeborg	2
10. Liv	2

Tabell 160 Evanger sokn 1967–1986 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ane, Ann)	6
2. Laila	5
3. Anita	4
4. May	3
5. Sissel	3
6. Bente	2
7. Gunn	2
8. Hildegunn (Hildegun)	2
9. Ingeborg	2
10. Liv	2

Også for jentene ser vi at det er svært jamt mellom namna på lista med tanke på talet på tilfelle. Fem av dei ti mest brukte namna har berre to tilfelle. Former av *Anne* er også i denne

perioden det mest brukte jentenamnet og utgjer om lag 7,9 % av dei 76 løpenamna. Talet på løpenamn er berre om lag ein tredel av kva det var i førre periode, men bruksprosenten for det mest brukte namnet er noko høgare. Tilfella av dei ti ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 40 % av løpenamna, noko som er ein del meir enn i førre periode. Det er registrert 59 ulike leksikalske namn i materialet. Det er mindre enn tidlegare og heng sannsynlegvis saman med den tydelege nedgangen i talet på løpenamn.

5.7.7 Evanger sokn 1987–2016

Tabell 161 Evanger sokn 1987–2016 Gutenamn (ln:124)

1. Lars	6
2. Adrian	4
3. Anders	4
4. Eirik	4
5. Andreas	3
6. Håkon	3
7. Jonas	3
8. Sindre	3
9. Thomas	3

Tabell 162 Evanger sokn 1987–2016 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Lars	6
2. Olav (Ola, Ole)	5
3. Adrian	4
4. Anders	4
5. Eirik	4
6. Alexander (Aleksander)	3
7. Andreas	3
8. Håkon	3
9. Håvard (Håvar)	3
10. Jonas, Sindre, Thomas	3

Vi ser at *Lars* er det mest brukte gutenamnet i Evanger sokn i den siste perioden. Dei fem nedste namna på lista har berre tre tilfelle, og eg har valt å ikkje presentere dei tolv namna som hadde to tilfelle i den første tabellen. Det er difor berre ni namn på den lista. Av dei 124 døypte gutane i perioden fekk om lag 4,8 % namnet *Lars*. Dette er litt lågare enn for førre periode. Tilfella av dei tolv ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 35,5 % av løpenamna, noko som også er litt mindre enn tidlegare, om ein tek med at det er tolv namn på denne lista. Det er registrert 89 ulike leksikalske namn i denne siste perioden, noko som er ein auke frå tidsbolken før. Vi har sett ei utvikling frå ein auke frå den første perioden til den andre, og så ei gradvis redusering i talet på ulike leksikalske namn fram til den siste perioden, der vi igjen ser ein auke. Det er svært sannsynleg at denne endringa heng saman med reduksjonen i talet på løpenamn, men òg at den er eit teikn på ein auke i variasjonen i namnebruken.

Tabell 163 Evanger sokn 1987–2016 Jentenamn (In:108)

1. Anna	3
2. Johanne	3
3. Lena	3
4. Ada	2
5. Anette	2
6. Ingrid	2
7. Ingvild	2
8. Karoline	2
9. Marie	2
10. Marte, Martha, Oda, Sigrid, Tuva, Vilde	2

Tabell 164 Evanger sokn 1987–2016 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Marte (Marta, Martha)	5
2. Anna	3
3. Johanne	3
4. Lena	3
5. Marie (Mari)	3
6. Ada	2
7. Anette	2
8. Camilla (Kamilla)	2
9. Ingrid	2
10. Ingvild, Karoline, Oda, Sigrid, Tuva, Vilde	2

Former av *Marte* er det mest brukte jentenamnet i den siste perioden i Evanger sokn. Namnet har vore populært i store delar av den totale perioden, men då gjerne i forma *Martha* eller *Marta*. Det er 15 namn på lista, og ti av desse har berre to tilfelle. Av dei 108 løpenamna er 4,6 % ei form av *Marte*, noko som er ein nedgang i bruken av det mest populære namnet i frå førre periode. Dei femten ulike leksikalske namna på lista utgjer om lag 34,3 % av løpenamna. Dette kan ikkje samanliknast med andre periodar p.g.a. forskjellane i talet på namn. 91 ulike leksikalske namn er registrert i materialet frå perioden, og vi ser den same utviklinga her som for gutenamna.

5.7.8 Oppsummering for Evanger sokn i tidsbolkar

I Evanger sokn finn vi ein større variasjon i kva som er det mest brukte namnet i dei ulike periodane. For gutane er *Lars*, *Johannes* og *Olav* det mest brukte namnet i to tidsbolkar kvar. I den nest siste perioden er *Jan* det mest brukte gutenamnet. For jentene er former av *Anna* det mest brukte namnet i fem av dei sju periodane. *Astrid* er det mest brukte i den fjerde perioden, og *Marte* i den siste. Eg har tidlegare kommentert at *Johannes* har vore meir populært i Evanger sokn enn i dei andre delane av kommunen. Dette ser vi klart her. Om vi ser då det mest brukte namnet i dei ulike periodane, ser vi at det er det mest brukte jentenamnet som har høgst prosentdel i dei tre første periodane. Her er det òg ganske stor forskjell i prosentpoeng mellom kjønna. Dersom vi derimot ser på statistikken for dei ti mest brukte namna, er det her jamnare mellom kjønna. Det tyder på at det for gutane er fleire namn som er svært populære, medan det for jentene er eitt som skil seg meir ut. Dette gjeld for dei første 3–4 periodane. Etter dette søkk prosentdelane for både det mest brukte, og dei ti mest brukte namna. Vi ser òg ein stor reduksjon i talet på løpenamn.

For gutenamna er det fleire namn som har stått sterkare i Evanger enn i dei andre sokna. Dette gjeld det tidlegare nemnde *Johannes*, som berre her har vore på toppen av namnelista. For både *Helge* og *Jakob* er over halvparten av alle tilfella av namna registrert i Evanger sokn, noko som er eit tydeleg teikn på ein sterk popularitet her. Det same gjeld òg for det noko meir uvanlege *Gullak*. Namnet er ei tidleg for av *Gulleik* eller *Gudleik*. For jentene har eg tidlegare nemnd *Ragnhild* som eit namn som er utpregande for Evanger. Namnet har nesten 40 % av tilfella registrert i Evanger. Den same prosentdelen oppnår mitt eige, noko meir uvanlege namn, *Torbjørn*.

5.8 Resultata frå åttungane i to periodar

Resultata av namneanalysen av materialet frå åttungane vel eg å presentere i to tidsbolkar. Dette gjer eg fordi tilgangen til bustadnamna gjeld for ein periode som er mindre enn den totale og for å prøve å unngå at talet på tilfelle av namna i dei ulike periodane blir for lågt til at ein god analyse er mogleg å gjennomføra. Det blir presentert to tabellar for kvar periode for kvar åttung slik som tidlegare. Utrekningane som blir presentert vil vere gjort utifrå talmaterialet for dei personnamna som er knytt til eit bustadnamn i åttungen det gjeld.

5.8.1 Dyrvinjardals åttung

Tabell 165 Dyrvinjardal 1887–1926 Gutenamn (ln:347)

1. Knut	42
2. Nils	29
3. Anders	28
4. Lars	22
5. Ole	15
6. Olav	14
7. Ivar	13
8. Johannes	13
9. Brynjulf	9
10. Erik	9

Tabell 166 Dyrvinjardal 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Knut	42
2. Ole (Ola, Olaf, Olav)	36
3. Nils	29
4. Anders	28
5. Lars	22
6. Brynjulf (Brynjulv)	14
7. Ivar	13
8. Johannes	13
9. Erik (Eirik)	12
10. Peder (Per)	9

I den første perioden i Dyrvinjardal åttung er *Knut* det mest brukte gutenamnet. I høve til kva gutenamn vi har sett på topplistene tidlegare, er det svært få overraskingar her. Det ellefte mest brukte namnet er *Godskalk*, eit namn som eg tidlegare har nemnd som eitt av dei typiske vossanamna. Det er registrert 347 gutenamn i denne perioden og av dei er 12,1 % tilfelle av *Knut*. Tilfella av dei ti namna på lista svarar til 62,8 % av løpenamna. Begge desse tala er høge og vitnar om at dei mest brukte namna har stått svært sterkt. Vi finn 78 ulike leksikalske namn i materialet.

Tabell 167 Dyrvinjardal 1887–1926 Jentenamn (In:311)

1. Anna	37
2. Ingebjørg	22
3. Marta	21
4. Martha	20
5. Britha	16
6. Brita	15
7. Inger	11
8. Kari	10
9. Guri	8
10. Maria	6

Tabell 168 Dyrvinjardal 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Marta (Martha)	41
2. Anna	38
3. Brita (Bertha, Britha)	32
4. Ingebjørg (Ingeborg)	26
5. Inger (Ingjerd)	12
6. Margit (Margreta, Margrete, Margrethe)	12
7. Maria (Mari, Marie)	12
8. Kari	10
9. Gudrun (Guro)	9
10. Guri	8

For jentene er former av *Marta* det mest brukte namnet. Elles på lista ser vi dei same namna som vi har sett på mange av dei tidlegare listene. *Anna* har på nokre av dei tidlegare tabellane vore ganske suverent med mange fleire tilfelle enn det neste namnet på lista. Her ser vi at det derimot er ganske jamnt mellom *Marta*, *Anna* og til dels *Britha*. Av dei 311 registrerte løpenamna er om lag 13,2 % ei form av *Marta*, og tilfella av dei ti namna på lista svarar til 64,3 % av løpenamna. Dette er òg høge tal, og vi ser at *Marta* har stått sterkare for jentenamna enn det *Knut* har gjort for gutane i denne åttungen. Det er registrert 81 ulike leksikalske jentenamn i materialet.

Tabell 169 Dyrvinjardal 1927–1982 Gutenamn (In:127)

1. Knut	8
2. Olav	6
3. Arne	5
4. Per	5
5. Ivar	4
6. Johannes	4
7. Anders	3
8. Birger	3
9. Erling	3
10. Jan, Jon, Kåre, Lars, Magnar, Nils	3

Tabell 170 Dyrvinjardal 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Knut	8
2. Olav (Ola, Ole)	8
3. Per (Peter)	6
4. Arne	5
5. Ivar	4
6. Johannes	4
7. Jon (John)	4
8. Magnar (Magne)	4

Vi ser på tabellane for den andre perioden i Dyrvinjardal åttung at mykje har skjedd. Talet på tilfelle for dei mest brukte namna har blitt lågare og jamna seg ut i høve til den første perioden. Likevel ser vi at *Knut* framleis er det mest brukte namnet saman med former av

Olav. Det er registrert 127 løpenamn i perioden, noko som er mindre enn ein fjerdedel enn det vi hadde tidlegare, og som kan vere med på å forklare ein del dei endringane vi ser. 6,2 % av gutane fekk namnet *Knut*. Det same talet gjeld for former av *Olav*. Eg har valt å berre presentere åtte namn på lista med ulike former i same rubrikk, då det er ni namn med tre tilfelle. Tilfella av dei åtte namna utgjer om lag 33,9 % av løpenamna. Det er registrert 72 ulike leksikalske namn i materialet. Dette er ein nedgang frå førre periode og kan til dels forklarast med nedgangen i talet på løpenamn.

Tabell 171 Dyrvinjardal 1927–1982 Jentenamn (ln:141)

1. Marta	10
2. Bjørg	7
3. Kari	7
4. Astrid	4
5. Anne	3
6. Arnhild	3
7. Berit	3
8. Brita	3
9. Ingrid	3
10. Jorunn, Liv, Marit, Ragnhild, Reidun	3

Tabell 172 Dyrvinjardal 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Marta (Martha)	11
2. Bjørg	7
3. Kari	7
4. Anne (Anna)	5
5. Astrid	4
6. Brita (Britt)	4
7. Kirsten (Kirsti)	4
8. Margit (Margaret, Margreta)	4
9. Rannveig (Ranveig)	4

Vi ser det same for jentenamna som vi gjorde for gutenamna i denne perioden. Talet på tilfelle for dei mest brukte namna har gått kraftig ned, og differansen mellom dei er ikkje lenger like stor. Former av *Marta* er det mest brukte jentenamnet, og har tatt over for *Anna*, som var det i den førre perioden. Av dei 141 løpenamna er 7,8 % ei form av *Marta*. Her ser vi også ein stor nedgang i talet på løpenamn. Eg har valt å berre presentere ni namn i tabellen med ulike former av same namn i same rubrikk, då det er ti namn med tre tilfelle. Tilfella av dei ni mest brukte namna utgjer om lag 35,5 % av løpenamna. Det er registrert 83 ulike leksikalske namn i materialet, nøyaktig det same som i førre periode.

5.8.2 Gullfjordungs åttung

Tabell 173 Gullfjordung 1887–1926 Gutenamn (ln:620)

1. Knut	37
2. Olav	37
3. Lars	31
4. Johannes	23
5. Nils	21
6. Anders	20
7. Ivar	16
8. Martin	14
9. Sigurd	14
10. Sverre	13

Tabell 174 Gullfjordung 1887–1926 Gutenamn

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	58
2. Knut	37
3. Lars	31
4. Johannes	23
5. Anders (Andres)	21
6. Nils	21
7. Ivar	16
8. Peder (Per, Petter)	15
9. Martin	14
10. Sigurd	14

Gullfjordungs åttung omfattar delar av Voss sentrum og har med det fleire innbyggjarar enn dei fleste andre åttungane. Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet og dei andre namna på lista er namn vi har òg sett tidlegare. Av dei 831 løpenamna er om lag 9,4 % ei form av *Olav*. Dette er ein høg prosentdel, men lågare enn det vi såg *Knut* hadde i Dyrvinjardal åttung. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 40 % av løpenamna, litt mindre enn i den andre åttungen. Det er registrert 163 ulike leksikalske namn i åttungen i perioden, noko som er mykje meir enn vi såg for Dyrvinjardal åttung, og som kan henge saman med at det er fleire løpenamn i denne åttungen.

Tabell 175 Gullfjordung 1887–1926 Jentenamn (ln:573)

1. Anna	58
2. Ingebjørg	22
3. Ingeborg	17
4. Margit	17
5. Borghild	16
6. Marta	16
7. Brita	13
8. Inger	13
9. Solveig	13
10. Aslaug	12

Tabell 176 Gullfjordung 1887–1926 Jentenamn

1. Anna	58
2. Ingebjørg (Ingeborg)	39
3. Margit (Margeta, Margete, Margreta, Margrethe)	26
4. Marta (Martha)	26
5. Brita (Britha, Berta)	24
6. Borghild	16
7. Aslaug (Aaslaug, Åslaug)	15
8. Gudrun (Guro)	15
9. Inger (Ingjerd)	14
10. Solveig	13

Anna er det mest brukte jentenamnet i Gullfjordungs åttung i første periode. Dei 58 tilfella av namnet utgjer om lag 10,3 % av dei 573 løpenamna. Prosentdelen er litt lågare enn den vi såg *Marta* hadde i Dyrvinjardal i den første perioden. Tilfella av dei ti mest brukte namna på lista utgjer 43,1 % av løpenamna, ein mindre prosentdel enn det vi såg i den andre åttungen. Det er

registrert 166 ulike leksikalske namna i materialet frå perioden, noko som er over dobbelt så mykje som i Dyrvinjardal.

Tabell 177 Gullfjordung 1927–1982 Gutenamn (ln:1078)

1. Knut	44
2. Olav	44
3. Arne	42
4. Jan	31
5. Kjell	31
6. Nils	29
7. Bjørn	28
8. Lars	24
9. Jon	23
10. Odd	21

Tabell 178 Gullfjordung 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	60
2. Knut	44
3. Arne	42
4. Jon (John)	33
5. Jan	31
6. Kjell	31
7. Bjørn (Bjørnar)	29
8. Nils	29
9. Leif (Leiv)	27
10. Lars	24

Vi ser at former av *Olav* også i den andre perioden er det mest brukte gutenamnet i Gullfjordungs åttung. Dei andre namna på lista har vi sett på lister tidlegare. På same måte som for Dyrvinjardal ser vi at talet på tilfelle for dei ulike namna er jamnare i den andre perioden. Av dei 1 078 registrerte løpenamna er om lag 5,6 % ei form av *Olav*, ein stor nedgang frå førre periode. Vi ser derimot ein auke i talet på løpenamn, noko som tyder på større innbyggjartal i sentrumsområdet. Tilfella av dei ti mest brukte namna på lista utgjer om lag 32,5 % av løpenamna. Det er registrert 217 ulike leksikalske namn i materialet frå perioden. Utviklinga ser ut til å gå mot ein større variasjon i namnebruken og at dei mest brukte namna ikkje er like suverene som i den første perioden.

Tabell 179 Gullfjordung 1927–1982 Jentenamn (ln:1031)

1. Liv	33
2. Anne	31
3. Marit	31
4. Bjørg	29
5. Kari	29
6. Berit	26
7. Astrid	25
8. Inger	25
9. Åse	22
10. Marta	20

Tabell 180 Gullfjordung 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna, Anny)	53
2. Liv	33
3. Marit (Maritha)	32
4. Bjørg	29
5. Kari	29
6. Inger (Inggjerd, Ingjerd)	27
7. Åse (Aase)	26
8. Astrid (Astri)	26
9. Berit	26
10. Marta (Martha)	22

Former av *Anne* er det mest brukte jentenamnet i Gullfjordungs åttung i den andre perioden. Vi ser at den føretrekte forma har endra seg frå *Anna* til *Anne*. Det er ingen store

overraskingar på lista, men *Liv* på ein andre plass vitnar om at dette namnet har stått særleg sterkt her. Former av *Anne* utgjer om lag 5,1 % av dei 1 031 løpenamna. Her ser vi ein auke i talet på løpenamn, men ein nedgang i bruken av det mest populære namnet. Tilfella av dei ti mest brukte namna på lista utgjer 29,4 % av løpenamna. Det er registrert 259 ulike leksikalske namn i materialet for perioden. Vi ser den same utviklinga som for gutenamna, men òg at det er større variasjon i namnebruken for jentenamna.

5.8.3 Borgstrandar åttung

Tabell 181 Borgstrandar 1887–1926 Gutenamn (In:494)

1. Lars	51
2. Johannes	35
3. Anders	34
4. Nils	33
5. Knut	32
6. Olav	25
7. Ole	25
8. Ivar	21
9. Erik	14
10. Sjur	12

Tabell 182 Borgstrandar 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	56
2. Lars	51
3. Anders (Andres)	36
4. Johannes	35
5. Nils	33
6. Knut	32
7. Ivar	21
8. Erik (Eirik)	16
9. Brynjulf (Brynjulv)	12
10. Sjur	12

I Borgstrandar åttung er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet. *Olav* og *Ole* har like mange tilfelle. Dei andre namna på lista har vi sett tidlegare. *Sjur* har ikkje vore mellom dei mest brukte i dei to andre åttungane, noko som kan tyde på at namnet har stått sterkare i Borgstrandar. Av dei 494 løpenamna er 11,3 % ei form av *Olav*. Det er ein høgare prosentdel for det mest brukte namnet i høve til kva vi såg i Gullfjordungs åttung, men mindre enn den vi såg for Dyrvinjardal. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 61,5 % av løpenamna. Det er registrert 97 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er meir enn det vi såg for Dyrvinjardal, men mindre enn i Gullfjordung.

Tabell 183 Borgstrandar 1887–1926 Jentenamn (In:445)

1. Anna	53
2. Ingebjørg	36
3. Brita	24
4. Britha	23
5. Marta	20
6. Inger	19
7. Martha	18
8. Guro	12
9. Kari	12
10. Borghild, Ingeborg	10

Tabell 184 Borgstrandar 1887–1926 Jentenamn

1. Anna (Anne)	55
2. Brita (Britha, Bertha)	49
3. Ingebjørg (Ingeborg)	46
4. Marta (Martha, Marthe)	39
5. Inger (Ingjerd)	22
6. Guro (Gudrun)	21
7. Olina (Oline)	14
8. Kari	12
9. Marie (Maria)	12
10. Borghild, Synneva (Synneve, Synniva)	10

Former av *Anna* er det mest brukte jentenamnet i Borgstrandar åttung i den første perioden. *Anna* er den soleklart mest brukte forma, då det berre er to tilfelle av *Anne*. Dei andre namna på lista er kjent frå tidlegare topplister, men vi ser at t.d.. *Olina* og forma *Guro* står sterkare i denne åttungen enn i den andre. Dei 55 tilfella av formene av *Anna* utgjer 12,4 % av dei 445 løpenamna. Tilfella av dei elleve mest brukte jentenamna utgjer 65,2 % av løpenamna, altså noko meir enn det vi såg for gutenamna. Her må vi ta omsyn til at det er elleve namn på lista for jentenamna. Det er registrert 104 ulike leksikalske namn i materialet for perioden. Det er meir enn vi såg for Dyrvinjardal, men mindre enn i Gullfjordung.

Tabell 185 Borgstrandar 1927–1982 Gutenamn (In:600)

1. Olav	26
2. Nils	24
3. Steinar	19
4. Knut	18
5. Arne	17
6. Jon	14
7. Kjell	14
8. Svein	13
9. Anders	12
10. Bjørn, Lars, Per	12

Tabell 186 Borgstrandar 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	30
2. Nils	24
3. Steinar (Stein)	21
4. Knut	18
5. Arne	17
6. Jon (John)	16
7. Kjell	14
8. Bjørn (Bjørne)	13
9. Svein	13
10. Anders, Lars, Per, Øystein (Øistein)	12

I den andre perioden er former av *Olav* det mest brukte namnet, medan det var forma *Ole* som var den mest brukte i den første perioden. Vi ser elles at det har skjedd ein del utskiftingar av namna. Former av *Steinar*, som no er det tredje mest brukte gutenamnet, hadde ingen tilfelle i perioden før. Tilfella av *Olav* utgjer 5 % av dei 600 løpenamna, ein stor nedgang frå perioden

før. Tilfella av dei 13 mest brukte namna utgjer om lag 35,7 % av løpenamna. Dette er ein solid nedgang frå førre periode, og prosenten hadde vore endå lågare dersom det berre var ti namn på lista. Det er registrert 158 ulike leksikalske namn i materialet. Vi ser ein nedgang i talet på løpenamn, men ein auke i talet på ulike leksikalske namn. Det tyder på større variasjon i namnebruken.

Tabell 187 Borgstrandar 1927–1970 Jentenamn (ln:488)

1. Kari	17
2. Anne	16
3. Inger	15
4. Brita	13
5. Marta	13
6. Anna	12
7. Bjørg	11
8. Marit	11
9. Astrid	10
10. Ingebjørg	9

Tabell 188 Borgstrandar 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	36
2. Brita (Birte, Birthe, Brit, Britt)	23
3. Inger (Ingjerd)	19
4. Kari	17
5. Marta (Martha, Marthe)	15
6. Marit (Marita)	13
7. Ingebjørg (Ingeborg)	12
8. Bjørg	11
9. Astrid	10
10. Margit (Margeta, Margreta, Margrete)	10

For jentene er former av *Anne* det mest brukte namnet, og vi ser at forma *Anna* har tatt over for *Anna* som den mest populære. Talet på tilfelle for dei mest brukte namna har jamna seg ut i høve til kva vi såg i den første tabellen og fleire nye namn har kome inn. Vi ser t.d. at *Inger* har kome inn på ein tredjeplass, medan det nokså like *Ingebjørg* har tapt seg i popularitet frå førre periode. Tilfella av *Anne* utgjer om lag 7,4 % av dei 488 løpenamna, noko som nesten er ei halvering frå den første perioden. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 34 % av løpenamna, medan vi i den første perioden hadde eit tal som var nesten dobbelt så høgt. Det er registrert 180 ulike leksikalske namn i materialet, noko som vil seie at vi ser det same mønsteret som for gutane når det gjeld tal på løpenamn og ulike leksikalske namn.

5.8.4 Vinjar åttung

Tabell 189 Vinjar 1887–1926 Gutenamn (ln:319)

1. Anders	35
2. Knut	28
3. Olav	24
4. Lars	23
5. Nils	23
6. Johannes	17
7. Ole	14
8. Ivar	11
9. Brynjulf	10
10. Sjur	7

Tabell 190 Vinjar 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	42
2. Anders (Andres)	36
3. Knut	28
4. Lars	23
5. Nils	23
6. Johannes	17
7. Ivar	11
8. Brynjulf	10
9. Erik (Eirik)	9
10. Sjur	7

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i Vinjar åttung i den første perioden. Den mest brukte forma er her *Olav*. Berre i den første perioden i Dyrvinjardal har vi sett at *Ole* er den mest brukte forma. Dei andre namna på lista er òg kjent frå tidlegare. Tilfella av *Olav* utgjer 13,2 % av dei 319 løpenamna, eit tal som er i nærleiken av det vi har sett at dei mest brukte gutenamna har hatt i åttungane til no. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 64,6 %. Det er registrert 80 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er det minste talet til no. Ein bør leggje til at dette kan ha samanheng med det noko låge talet på løpenamn.

Tabell 191 Vinjar 1887–1926 Jentenamn (ln:290)

1. Anna	41
2. Brita	25
3. Ingebjørg	18
4. Marta	15
5. Britha	14
6. Martha	12
7. Inger	10
8. Borghild	9
9. Guro	9
10. Sigrid, Synneva	9

Tabell 192 Vinjar 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	42
2. Brita (Britha)	39
3. Marta (Martha)	27
4. Ingebjørg (Ingeborg)	24
5. Guro (Gudrun)	15
6. Inger (Ingjerd)	11
7. Synneva (Synniva)	10
8. Borghild	9
9. Margit (Margreta, Margretha)	9
10. Sigrid	9

Anna er det mest brukte jentenamnet i Vinjar åttung i den første perioden. Namna på lista er kjente frå tidlegare, men vi ser at *Borghild* er inne på ein åttandeplass. Dette namnet har ikkje vore på listene til dei andre åttungane, noko som kan tyde på at namnet har vore meir populært i Vinjar åttung. Det er registrert 290 løpenamn i materialet og om lag 14,5 % av

desse er ei form av *Anna*. Det er den største prosentdelen namnet har hatt til no. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 67,2 % av løpenamna. Både prosendelen for det mest brukte- og for dei ti mest brukte namna er svært høge. Det er registrert 74 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er lite i høve til dei andre åttungane. Dette kan henge saman med det noko lågare talet på løpenamn.

Tabell 193 Vinjar 1927–1982 Gutenamn (ln:291)

1. Arne	13
2. Knut	13
3. Lars	10
4. Olav	10
5. Nils	8
6. Ivar	7
7. Kjell	7
8. Anders	6
9. Einar	6
10. Eirik, Gunnar, Kåre, Sigmund	6

Tabell 194 Vinjar 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Arne	13
2. Knut	13
3. Olav (Olaf)	12
4. Lars	10
5. Magne (Magnar)	9
6. Nils	8
7. Anders (Andres)	7
8. Ivar	7
9. Kjell	7
10. Per (Peder, Petter)	7

I den andre perioden i Vinjar åttung er *Arne* og *Knut* dei mest brukte gutenamna. Det er tett mellom alle namna på lista, og ikkje lenger nokon som skil seg ut med tal på tilfelle. Former av *Magne* har ikkje tidlegare hatt ei så høg plassering, noko som kan tyde på ein større popularitet i denne åttungen. Det er likevel vanskeleg å sei noko bestemt om dette då er liten skilnad mellom talet på tilfelle for dei ulike namna. Av dei 291 løpenamna er om lag 4,5 % *Arne*. Det same talet gjeld for *Knut*. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 32 % av løpenamna. Begge desse tala er betydeleg lågare enn i den første perioden. Det er registrert 111 ulike leksikalske namn i materialet, så sjølv om det er ein nedgang i talet på løpenamn, så er det ein auke i talet på ulike leksikalske namn.

Tabell 195 Vinjar 1927–1982 Jentenamn (ln:239)

1. Brita	10
2. Kari	9
3. Anna	7
4. Bjørg	6
5. Berit	5
6. Guri	5
7. Inger	5
8. Kjellaug	5

Tabell 196 Vinjar 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Brita (Brit, Britt)	12
2. Anna (Anne)	11
3. Kari	9
4. Inger (Ingjerd)	8
5. Gudrun (Guro)	7
6. Ingeborg (Ingebjørg)	7
7. Bjørg	6
8. Astrid (Astri)	5
9. Berit	5
10. Guri, Kjellaug	5

I den andre perioden har former av *Brita* tatt over som det mest brukte jentenamnet. Det er svært tett mellom talet på tilfelle for dei mest brukte namna. Dei andre namna på lista har vi sett tidlegare. Former av *Brita* utgjer 5 % av dei 239 løpenamna, noko som berre er ein tredjedel av den prosentdelen *Anna* oppnådde i førre periode. Tilfella av dei elleve mest brukte namna utgjer om lag 33,5 % av løpenamna, noko som er mindre enn halvparten av den prosentdelen vi såg i den første perioden. Det er registrert 118 ulike leksikalske namn i materialet. Vi ser det som for gutane ein nedgang i talet på løpenamn, men ein auke i talet på leksikalske namn.

5.8.5 Bæjar åttung

Tabell 197 Bæjar 1887–1926 Gutenamn (ln:587)

1. Knut	45
2. Lars	43
3. Anders	39
4. Olav	39
5. Johannes	35
6. Nils	32
7. Ole	30
8. Ivar	20
9. Martin	13
10. Peder	12

Tabell 198 Bæjar 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	81
2. Knut	45
3. Lars	43
4. Anders	39
5. Johannes	35
6. Nils	32
7. Ivar	20
8. Erik (Eirik)	16
9. Peder (Peter, Petter)	14
10. Martin	13

Former av *Olav* er det mest brukte namnet i Bæjar åttung i den første perioden, medan *Knut* er den mest brukte frittstående forma. Det er stort sett dei same namna vi ser på listene for gutenamna i denne perioden, men vi ser at rangeringa varierer. Vi ser også store skilnadar i talet på tilfelle mellom dei øvste og dei nedste namna på lista. Av dei 587 løpenamna er om lag 13,8 % ei form av *Olav*. Prosentdelen for det mest brukte namnet i åttungane ser ut til å ligge nokså stabilt mellom ti og femten prosent. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 57,6 % av løpenamna. Det er registrert 119 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er eit av dei høgare tala vi har hatt, og som kan henge saman med eit høgt tal på løpenamn.

Tabell 199 Bæjar 1887–1926 Jentenamn (In:590)

1. Anna	75
2. Marta	46
3. Ingebjørg	37
4. Inger	23
5. Brita	19
6. Guri	17
7. Britha	16
8. Martha	16
9. Sigrid	15
10. Marie	14

Tabell 200 Bæjar 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	75
2. Marta (Martha)	62
3. Ingebjørg (Ingeborg)	48
4. Brita (Britha, Berta)	39
5. Inger (Ingjerd)	27
6. Marie (Maria)	22
7. Guro (Gudrun)	19
8. Guri (Gudrid)	18
9. Sigrid	15
10. Margit (Margreta, Margrete, Margethe)	14

Anna er det mest brukte jentenamnet i Bæjar åttung i den første perioden. I dette materialet er *Anna* faktisk den einaste forma av namnet. Dei ni andre namna på lista er vi godt kjende med frå før, men det ellefte mest brukte namnet er *Gjertrud*, noko som kan tyde på at dette står sterkt i denne åttungen. Av dei 590 løpenamna er 12,7 % tilfelle av *Anna*, medan dei ti mest brukte namna utgjer om lag 57,5 % av løpenamna. Det er registrert 124 ulike leksikalske namn i materialet. I høve til Vinjar sokn ser vi at vi her har eit større tal på løpenamn og på ulike leksikalske namn, medan prosentdelen for det mest brukte- og dei ti mest brukte namna, er mindre.

Tabell 201 Bæjar 1927–1982 Gutenamn (In:380)

1. Arne	17
2. Olav	17
3. Lars	16
4. Knut	14
5. Nils	14
6. Kjell	9
7. Leif	9
8. Anders	8
9. Brynjulv	7
10. Ivar, Kåre	7

Tabell 202 Bæjar 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	21
2. Arne	17
3. Lars	16
4. Leif (Leiv)	15
5. Knut	14
6. Nils	14
7. Kjell	9
8. Anders	8
9. Magne (Magnar)	8
10. Brynjulv, Ivar, Kåre, Svein (Sven)	7

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i andre periode, på same måte som i første periode. Vi ser at det er jamnare mellom tal på tilfelle for dei ulike namna slik som vi òg har sett for dei andre åttungane. Namna på lista er kjende frå tidlegare. Nokre namn ser ut til å vere gjengangarar i den andre perioden. Dette gjeld t.d. *Arne*, *Kjell* og *Magne*. Av dei 380

løpenamna er om lag 5,5 % ei form av *Olav*. Tilfella av dei tretten mest brukte namna utgjer 39,5 % av løpenamna. Det er registrert 131 ulike leksikalske namn i materialet. Sjølv om det er ein nedgang i talet på løpenamn, ser vi ein auke i talet på ulike leksikalske namn frå førre periode, noko som tyder på større variasjon i namnebruken.

Tabell 203 Bæjar 1927–1982 Jentenamn (ln:372)

1. Anna	14
2. Astrid	12
3. Anne	11
4. Brita	10
5. Ingrid	10
6. Liv	10
7. Aslaug	9
8. Kari	9
9. Bjørg	8
10. Gerd	7

Tabell 204 Bæjar 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ann, Anne, Anny)	28
2. Brita (Brit, Britt)	16
3. Astrid	12
4. Aslaug (Åslaug)	10
5. Ingrid	10
6. Liv	10
7. Kari	9
8. Bjørg	8
9. Gerd (Gerda)	8
10. Gudrun (Guro), Inger (Ingjerd), Kristi (Kristin)	7

Også i den andre perioden er former av *Anna* det mest brukte jentenamnet i Bæjar åttung. Som for gutenamna ser vi ei stor utjamning i tal på tilfelle for dei mest brukte namna. Vi ser på same måte som for gutane at det er nokre namn som går igjen i den andre perioden. For jentene er dette t.d. *Astrid*, *Berit* og *Bjørg*. Tilfella av formene av *Anna* utgjer om lag 7,5 % av dei 372 løpenamna. 35,5 % av dei døypte jentene fekk eitt av dei tolv mest brukte namna i perioden. Det er registrert 152 ulike leksikalske namn i materialet. Dette viser det same mønsteret som for gutane, men vi ser òg ein større variasjon i jentenamna.

5.8.6 Kvitlar åttung

Tabell 205 Kvitlar 1887–1926 Gutenamn (ln:208)

1. Knut	18
2. Nils	17
3. Kristian	11
4. Lars	11
5. Martin	9
6. Sigurd	9
7. Anders	8
8. Olav	8
9. Johan	6

Tabell 206 Kvitlar 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	20
2. Knut	18
3. Nils (Niels)	18
4. Kristian	11
5. Lars	11
6. Anders (Andres)	9
7. Martin	9
8. Sigurd	9
9. Johan	6

I den første perioden i Kvitlar åttung er former av *Olav* det mest brukte guttenamnet. Dei andre namna på lista er stort sett dei same som tidlegare. Vi ser at *Kristian* er det fjerde mest brukte namnet. Trass i at namnet ikkje har meir enn elleve tilfelle, er dette betydeleg meir enn vi har sett i dei andre åttungane, noko som kan tyde på at namnet har stått stekt i Kvitlar. Av dei 208 løpenamna er 9,6 % ei form av *Olav*, noko som er litt mindre enn vi har sett i dei fleste andre åttungane. På lista med ulike former i same rubrikk er det denne gonger berre presentert ni namn då det er fem namn med fem tilfelle. Tilfella av dei ni mest brukte namna utgjer 53,4 % av løpenamna. Det er registrert 73 ulike leksikalske namn i materialet.

Tabell 207 Kvitlar 1887–1926 Jentenamn (ln:189)

1. Anna	25
2. Ingebjørg	12
3. Marta	9
4. Sigrid	8
5. Borghild	6
6. Brita	6
7. Eli	6
8. Maria	5
9. Britha	4
10. Gudrun, Guri, Guro, Inger, Olina, Ragnhild	4

Tabell 208 Kvitlar 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	25
2. Ingebjørg (Ingeborg)	15
3. Brita (Britha, Berta)	11
4. Marta (Martha)	11
5. Gudrun (Guro)	8
6. Sigrid	8
7. Maria (Marie)	7
8. Olina (Oline)	7
9. Borghild	6
10. Eli	6

Former av *Anna* er det mest brukte jentenamnet i den første perioden i Kvitlar åttung. *Ingebjørg*, *Brita* og *Marta* er som vanleg mellom dei mest brukte namna. Dei andre namna har vi også sett tidlegare. Av dei 189 løpenamna er 13,2 % tilfelle av former av *Anna*. Tilfelle av dei ti mest brukte namna utgjer 55 % av løpenamna, noko som er rundt den prosentdelen vi har sett i dei andre åttungane. Det er registrert 78 ulike leksikalske namn i materialet. Til no har det vore ein trend at det er fleire ulike jentenamn enn guttenamn, noko som kan tyde på at det er ein større variasjon i namnebruken for jentene. Likevel har ofte det mest brukte jentenamnet fleire tilfelle enn det mest brukte guttenamnet.

Tabell 209 Kvitlar 1927–1982 Gutenamn (ln:306)

1. Jon	14
2. Arne	13
3. Jan	11
4. Knut	11
5. Nils	10
6. Anders	9
7. Olav	9
8. Lars	8
9. Kjell	7
10. Gunnar, Helge	6

Tabell 210 Kvitlar 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Jon (John)	19
2. Arne	13
3. Olav (Ole)	12
4. Jan	11
5. Knut	11
6. Nils	10
7. Anders	9
8. Lars	8
9. Kjell	7
10. Gunnar, Helge	6

I den andre perioden er former av *Jon* det mest brukte gutenamnet i Kvitlar åttung. Dei andre namna på lista er elles dei same vi har sett mellom dei mest brukte i dei andre åttungane i den andre perioden. Talet på tilfelle for dei ulike namn er mykje jamnare enn vi såg i den første perioden. Av dei 306 løpenamna er 6,2 % ei form av *Jon* og tilfella av dei elleve mest brukte namna utgjer 36,6 % av løpenamna. Om vi samanliknar med Bæjar åttung ser vi at det mest brukte namnet har ein litt større prosentdel i Kvitlar åttung. Det er registrert 120 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er litt mindre enn det var for Bæjar, emn som kan ha samanheng med at ein har færre løpenamn i Kvitlar.

Tabell 211 Kvitlar 1927–1982 Jentenamn (ln:267)

1. Anne	14
2. Bjørg	14
3. Marit	8
4. Astrid	7
5. Randi	7
6. Berit	6
7. Bodil	6
8. Solveig	6
9. Anna	5
10. Inger, Liv	5

Tabell 212 Kvitlar 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	21
2. Bjørg	14
3. Astrid (Astri)	8
4. Marit	8
5. Brita (Britt)	7
6. Randi	7
7. Aslaug (Åslaug)	6
8. Berit	6
9. Bodil	6
10. Eli (Elin), Inger (Ingjerd), Solveig	6

Former av *Anne* er det mest brukte jentenamnet i Kvitlar åttung i den andre perioden. Vi ser at den mest brukte forma no er *Anne*, medan det var *Anna* i den første perioden. Dei fleste namna på lista har vi sett tidlegare, men *Bodil* har ikkje vore mellom dei mest brukte tidlegare. Av dei 267 løpenamna er om lag 7,9 % ei form av *Anne*. Tilfella av dei tolv mest

brukte namna utgjer 37,8 % av løpenamna. Det mest brukte namnet har om lag den same prosentdelen her som i Bæjar åttung. Det er registrert 122 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er mindre enn vi såg i Bæjar åttung, men som kan henge saman med det noko mindre talet på løpenamn.

5.8.7 Bordadals åttung

Tabell 213 Bordadals 1887–1926 Gutenamn (In:413)

1. Lars	36
2. Knut	23
3. Nils	22
4. Olav	20
5. Anders	19
6. Ivar	18
7. Johannes	18
8. Ole	11
9. Odd	9
10. Einar, John, Kristian, Martin	8

Tabell 214 Bordadals 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole, Oluf)	45
2. Lars	36
3. Knut	23
4. Nils	22
5. Anders	19
6. Ivar	18
7. Johannes	18
8. John (Jon)	11
9. Odd	9
10. Einar, Erik (Eirik), Kristian, Martin	8

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i Bordadals åttung i den første perioden. Dei andre namna på lista er stort sett dei same som vi har sett tidlegare. *Jon* er eit namn vi har sett mellom dei ti mest brukte i nokre av dei andre åttungane, men her er det mykje brukt i den første perioden. Av dei 413 løpenamna er om lag 10,9 % ei form av *Olav* og dei tretten mest brukte namna utgjer 56,4 % av løpenamna. Begge desse prosentdelane er om lag like store som vi har sett dei i fleire av dei andre åttungane. Det er registrert 103 ulike leksikalske namn i materialet. I Borgstrandar åttung hadde ein nesten hundre fleire løpenamn, men likevel færre ulike leksikalske namn. Det tyder på ein større namnevariasjon i Bordadals åttung.

Tabell 215 Bordadals 1887–1926 Jentenamn (In:412)

1. Anna	45
2. Ingebjørg	32
3. Marta	28
4. Brita	21
5. Britha	13
6. Guri	11
7. Ingeborg	11
8. Martha	11
9. Inger	10
10. Kristi	10

Tabell 216 Bordadals 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	45
2. Ingebjørg (Ingeborg)	43
3. Marta (Martha)	39
4. Brita (Britha, Berta, Bertha, Berthe)	37
5. Gudrun (Guro)	16
6. Inger (Ingjerd, Inggjerd)	15
7. Kirsti (Kirsten, Kjørsti)	13
8. Guri	11
9. Margit (Margreta, Margrete)	11
10. Maria (Marie)	11

Anna er det mest brukte jentenamnet i Bordadals åttung i den første perioden, og *Anna* er òg den einaste registrerte forma av namnet. Det er tydeleg at forma *Anna* har vore relativt einerådane i fleire av dei første tiåra i materialet frå kommunen. Det er ingen av namna på lista som er nye for denne åttungen. Litt lenger ned finn vi namnet *Angunna* som er ein variant av det meir kjende *Angun/Agunn*. Av dei 412 løpenamna er 10,9 % tilfelle av *Anna*. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 58,5 % av løpenamna. Det er registrert 112 ulike leksikalske namn i materialet. Om vi samanliknar med Borgstrandar, som hadde om lag like mange løpenamn ser vi at det mest brukte namnet hadde ein større prosentdel der. For Borgstrandar hadde vi elleve namn på lista, difor er ikkje den prosentdelen mogleg å samanlikne. Trass i at det var litt fleire løpenamn i Borgstrandar var det færre ulike leksikalske namn. Dette viser på same måte som for gutane ein større variasjon i namnebruken i Bordadals åttung.

Tabell 217 Bordadal 1927–1982 Gutenamn (ln:688)

1. Nils	28
2. Jan	27
3. Lars	25
4. Olav	24
5. Kjell	21
6. Arne	20
7. Geir	18
8. Knut	18
9. Terje	15
10. Odd, Per	12

Tabell 218 Bordadal 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Nils	28
2. Jan	27
3. Olav (Ole)	27
4. Lars	25
5. Kjell	21
6. Arne	20
7. Geir	18
8. Knut	18
9. Steinar (Stein)	15
10. Terje	15

I den andre perioden i Bordadals åttung er *Nils* det mest brukte gutenamnet. I åttungane i den andre perioden har vi sett at det er større variasjon i kva namn som er det mest brukte, men at alle er å finne mellom dei ti mest brukte i dei ulike åttungane. Av dei 688 løpenamna er om lag 4 % tilfelle av *Nils*. Dette er ein noko lågare prosentdel enn vi har sett for det mest brukte namnet i dei andre åttungane. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 31,1 % av løpenamna. Det er registrert 175 ulike leksikalske namn i materialet. Om vi samanliknar med Borgstrandar åttung i den same periode ser vi her eit noko mindre tal på både løpenamn og ulike leksikalske namn, noko som samsvarar slik vi forventar.

Tabell 219 Bordadal 1927–1982 Jentenamn (In:685)

1. Anne	22
2. Kari	20
3. Bjørg	19
4. Marit	19
5. Anna	18
6. Randi	18
7. Liv	15
8. Inger	14
9. Astrid	13
10. Berit, Gerd, Marta	13

Tabell 220 Bordadal 1927–1982 Jentenamn(Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	46
2. Marit (Marita)	21
3. Kari	20
4. Bjørg	19
5. Brita (Brit, Britt)	19
6. Randi	18
7. Liv	15
8. Åse (Aase)	14
9. Inger	14
10. Astrid, Berit, Gerd, Marta	13

For jentene er former av *Anne* det mest brukte namnet i Bordadals åttung i den andre perioden. På same måte som for gutane ser vi at det i den andre perioden er større variasjon når det gjeld kva som er det mest brukte namnet, men at det alltid er eit av dei mest brukte uavhengig av åttungen. Av dei 685 løpenamna er 6,7 % former av *Anne*, noko som er i nærleiken av den prosentdelen det mest brukte namnet har oppnådd i dei andre åttungane i perioden. Tilfella av dei tretten mest brukte namna utgjer 34,7 % av løpenamna. Det er registrert 193 ulike leksikalske namn i materialet. Vi ser ein auke i både talet på løpenamn og ulike leksikalske namn frå den første perioden.

5.8.8 Vikja åttung

Tabell 221 Vikja 1887–1926 Gutenamn (In:344)

1. Knut	37
2. Nils	33
3. Lars	27
4. Anders	21
5. Olav	17
6. Johannes	16
7. Ole	11
8. Ivar	10
9. Olaf	10
10. Sjur	8

Tabell 222 Vikja 1887–1926 Gutenamn(Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	41
2. Knut	37
3. Nils	33
4. Lars	27
5. Anders (Andres)	24
6. Johannes	16
7. Peder (Per, Peter, Petter)	13
8. Ivar	10
9. Brynjulf (Brynjel, Brynjulv)	9
10. Sjur	8

I den første perioden i Vikja åttung er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet. Dei andre namna på lista er kjende frå tidlegare. Det 15. mest brukte namnet er *Halle*, eit namn som vi stort sett finn i materialet for alle dei geografiske delane, men som aldri er eit av dei mest

brukte. Namnet er ei kortform av namn som startar med *Hall-*, som t.d. *Hallstein* og *Hallvard*. Av dei 344 løpenamna er 11,9 % ei form av *Olav*, og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 63,4 % av løpenamna. Det er om lag registrert like mange løpenamn i Dyrvinjardal og Vikja åttung i den første perioden, og dei er difor godt eigna for samanlikning. Det mest brukte namnet utgjer i desse åttungane om lag like stor prosentdel av løpenamna, og det same gjeld for dei ti mest brukte namna. For Vikja åttung er det registrert 89 ulike leksikalske namn, noko som er ein del meir enn for Dyrvinjardal.

Tabell 223 Vikja 1887–1926 Jentenamn (ln:292)

1. Anna	50
2. Marta	26
3. Ingebjørg	17
4. Britha	16
5. Brita	10
6. Gudrun	9
7. Guri	9
8. Martha	8
9. Inger	6
10. Kari, Sigvor	6

Tabell 224 Vikja 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna	50
2. Marta (Martha)	34
3. Britha (Brita, Bert(h)a)	28
4. Ingebjørg (Ingeborg)	22
5. Gudrun (Guro)	12
6. Margreta (Margit, Margeta, Margrete)	10
7. Guri	9
8. Maria (Marie)	9
9. Inger (Inggjerd)	7
10. Kari, Kristina (Kristine), Sigrid (Sigfrid), Sigvor, Synneva (Su/ynniva,)	6

For jentene er *Anna* det mest brukte namnet i Vikja åttung i den første perioden. Dei mest brukte namna er godt kjende frå tidlegare. *Sigvor* som saman med fire andre namn har seks tilfelle er på same måte som *Halle* eit namn som vi finn i mykje av materialet, men som aldri kjem opp mellom dei mest brukte namna. Av dei 292 løpenamna er 17,1 % tilfelle av *Anna*. Dette er den høgste prosentdelen det mest brukte namnet har hatt. Tilfella av dei fjorten mest brukte namna utgjer om lag 72,3 % av løpenamna. Det er registrert 83 ulike leksikalske namn i materialet. I Dyrvinjardal var det registrert 81 ulike leksikalske namn, men eit noko større tal på løpenamn. Det verkar difor som om det er ein noko større variasjon i namnebruken i Vikja åttung, men at dei mest brukte namna her har stått svært sterkt.

Tabell 225 Vikja 1927–1982 Gutenamn (ln:312)

1. Olav	20
2. Nils	17
3. Knut	13
4. Arne	10
5. Kjell	10
6. Kåre	9
7. Lars	9
8. Torstein	9
9. Anders	8
10. Bjarne, Harald	7

Tabell 226 Vikja 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	23
2. Nils	17
3. Knut	13
4. Arne	10
5. Kjell	10
6. Kåre	9
7. Lars	9
8. Torstein	9
9. Anders	8
10. Magne (Magnar)	8

Former av *Olav* er det klart mest brukte gutenamnet i Vikja åttung i den andre perioden. Forma *Olav* har aleine 20 tilfelle, noko som viser at akkurat den forma har stått særleg sterkt. Elles på lista bør vi legge merke til *Torstein*, som er eit namn som har hatt ein del tilfelle i alt materialet, men som her for første gong er mellom dei ti mest brukte namna. Det tyder på at namnet har stått sterkt i denne åttungen. Av dei 312 løpenamna er om lag 7,4 % ei form av *Olav*, og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjør om lag 37,2 % av løpenamna. Om vi samanliknar med dei andre åttungane kan det sjå ut til at det mest brukte namnet har ein noko større prosentdel i Vikja åttung enn i dei andre. Prosentdelen til dei ti mest brukte namna er nokså lik som i dei andre åttungane. Det er registrert 121 ulike leksikalske namn i materialet.

Tabell 227 Vikja 1927–1982 Jentenamn (ln:281)

1. Anna	10
2. Marta	10
3. Anne	9
4. Brita	9
5. Solveig	9
6. Bjørg	8
7. Inger	8
8. Ingebjørg	7
9. Marit	7
10. Ingrid	6

Tabell 228 Vikja 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ann, Anne)	21
2. Brita (Brit)	12
3. Marta	10
4. Solveig	9
5. Bjørg	8
6. Inger	8
7. Ingebjørg	7
8. Marit	7
9. Ingrid	6
10. Margit (Margetha, Margreta)	6

For jentene er former av *Anna* det mest brukte namnet i den andre perioden i Vikja åttung, og i motsetnad til i dei fleste andre åttungane ser vi at det framleis er forma *Anna* som er den mest brukte. Vi bør leggje merke til *Solveig*, som er det fjerde mest brukte namnet. Namnet har vore mellom dei ti mest brukte tidlegare, men aldri med ei så høg plassering. Av dei 281

løpenamna er om lag 7,5 % ei form av *Anna*, og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 33,5 % av løpenamna. Begge desse prosentdelane er i nærleiken av det vi har sett i dei andre åttungane. Det er registrert 132 ulike leksikalske namn i materialet.

5.8.9 Holebygds åttung

I nyare matriklar er gardane i Vossestrand knytt til åttungsinnndelinga på Voss, og delt i to. Gardane i Vinje sokn høyrer såleis til Holebygds åttung, og gardane i Oppheim sokn høyrer til Sygnastrands åttung.⁴³ Det kan verke unødvendig å presentere resultata frå desse åttungane, då dei i teorien vil vise det same som resultata frå dei to sokna, men i arbeidet med åttungsinnndelinga er døypte born som ikkje bur innanfor dei gamle åttungsgrensene tatt bort frå materialet. Det betyr at dei som t.d. bur i ein annan del av kommunen, men har valt å døype borna sine i Vinje eller Oppheim sokn, ikkje er representert i dette materialet.

Tabell 229 Holebygd 1866–1926 Gutenamn (ln.:631)

1. Lars	84
2. Anders	63
3. Sjur	57
4. Knut	43
5. Olav	41
6. Ole	36
7. Nils	22
8. Peder	17
9. Sigurd	16
10. Kolbein	14

Tabell 230 Holebygd 1866–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	100
2. Lars	84
3. Anders (Andres)	66
4. Sjur	57
5. Knut (Knud)	45
6. Nils	22
7. Peder (Per)	19
8. Kolbein (Kolben)	16
9. Sigurd	16
10. Erik (Eirik), Johan	13

I den første perioden i Holebygds åttung er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet. Dei mest brukte namna har svært mange tilfelle i denne åttungen, og vi ser det er store forskjellar mellom dei øvste og nedste namna. Dei fleste namna er kjende frå åttungane som høyrer til Vangen sokn. *Sjur* var langt opp på listene for Vinje sokn i dei første periodane, og med den høge plasseringa her ser det ut til at dette er eit namn som står særleg sterkt i denne delen av kommunen. Av dei 631 løpenamna er om lag 15,8 % ei form av *Olav*, og tilfella av dei elleve mest brukte namna utgjer om lag 71,5 % av løpenamna. Både prosentdelen for det mest brukte og for dei elleve mest brukte namna er høgare enn noko vi har sett i dei andre

⁴³ Rygh, *Søndre Bergenhus amt*, 11, *Norske Gaardnavne*, 573.

åttungane. Det er registrert 99 ulike leksikalske namn i materialet, noko som er eit lågt tal samanlikna med dei andre åttungane med tilnærma likt tal på løpenamn.

Tabell 231 Holebygd 1866–1926 Jentenamn (ln:641)

1. Anna	86
2. Martha	84
3. Ingeborg	81
4. Britha	58
5. Ingebjørg	25
6. Kari	22
7. Synneva	21
8. Guro	16
9. Maria	15
10. Guri	13

Tabell 232 Holebygd 1866–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Ingeborg (Ingebjørg)	106
2. Martha (Marta)	90
3. Anna	86
4. Britha (Berthe, Brit, Brita)	66
5. Guro (Gudrun)	22
6. Kari	22
7. Synneva	21
8. Maria (Marie)	19
9. Gjörine (Gjørgine, Jør(g)ina/e)	18
10. Margrethe (Magrete, Margit, Margreta/e, Margretha)	18

For jentene er former av *Ingeborg* det mest brukte namnet i den første perioden i Holebygds åttung. *Anna* som har vore det klart mest brukte namnet i åttungane knytt til Vangen sokn, er her nede på ein tredjeplass. Dei fleste namna på lista har vi sett tidlegare, men vi ser at det noko uvanlege *Gjörine* er inne på lista mellom dei ti mest brukte namna. Dette namnet har vi sett tidlegare på listene over Vinje sokn, noko som tyder på at dette namnet har vore særleg populært i denne delen av kommunen. Av dei 641 løpenamna er om lag 16,5 % ei form av *Ingeborg* og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjør 73 % av løpenamna. På same måte som for gutane, er desse prosentdelane dei høgste vi har sett i nokon av åttungane. Det er registrert 93 ulike leksikalske namn i materialet. Desse tala tyder på at det er mindre variasjon i namnebruken for jentene enn for gutane.

Tabell 233 Holebygd 1927–1982 Gutenamn (ln:339)

1. Olav	27
2. Knut	16
3. Lars	16
4. Odd	11
5. Arne	10
6. Sverre	10
7. Anders	8
8. Kjell	8
9. Nils	8
10. Leif	7

Tabell 234 Holebygd 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Olaf, Ole)	33
2. Knut	16
3. Lars	16
4. Leif (Leiv)	13
5. Odd	11
6. Arne	10
7. Sverre	10
8. Anders	8
9. John (Jon)	8
10. Kjell, Magnar (Magne), Nils	8

I den andre perioden i Holebygds åttung er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet. Vi ser at talet på tilfelle for namna på lista har blitt både mindre og jamnare samanlikna med første periode. Namna som er mellom dei tolv mest brukte er stort sett dei same som vi har sett på listene for åttungane i den andre perioden. *Sverre* har vore mellom dei ti mest brukte namna på lister tidlegare, og spesielt på listene for Vinje sokn var namnet høgt oppe. Det at vi ser dei same tendensane i dette materialet viser at namnet har stått sterkt i denne delen av kommunen. Av dei 339 løpenamna er om lag 8 % ei form av *Olav*, og tilfella av dei tolv mest brukte namna utgjer om lag 44 % av løpenamna. Vi ser nedgang løpenamna og i begge prosentdelane frå den første perioden. Samanlikna med dei andre åttungane er begge prosentdelane relativt høge, noko som tyder på ein større konservatisme i namnebruken i Holebygds åttung. Det er registrert 115 ulike leksikalske namn i materialet. Om vi samanliknar dette talet med åttungar med omtrent like mange løpenamn i andre periode, ser vi at skilnaden i talet på ulike leksikalske namn ikkje er så stor.

Tabell 235 Holebygd 1927–1982 Jentenamn (In:307)

1. Brita	16
2. Ingebjørg	15
3. Marta	13
4. Anna	11
5. Bjørg	10
6. Liv	8
7. Kari	7
8. Gerd	6
9. Margit	6
10. Anne, Aslaug, Dagny, Inger	5

Tabell 236 Holebygd 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Brita (Britt)	17
2. Ingebjørg (Ingeborg)	17
3. Anna (Anne)	16
4. Marta	13
5. Bjørg	10
6. Liv	8
7. Kari	7
8. Margit (Margrete)	7
9. Gerd	6
10. Inger (Ingjerd), Maria (Mari, Mary)	6

I den andre perioden ser vi at det er likt mellom former av *Brita* og former av *Ingebjørg* i tal på tilfelle i materialet. Elles på lista er det mange av dei same namna som vi har sett i dei andre åttungane. Det er også verdt å leggje merke til at det er *Anna* som framleis er den mest brukte forma av det namnet, medan det i dei andre åttungane ofte har vore *Anne* i den andre perioden. Av dei 307 løpenamna er 5,5 % ei form av *Brita*. Same prosentdel gjeld for former av *Ingebjørg*. Tilfella av dei elleve mest brukte namna utgjer 36,8 % av løpenamna. Det er registrert 128 ulike leksikalske namn i materialet. I den andre perioden ser vi at det er større variasjon i namnebruken for jentene enn det er for gutane, altså omvendt frå den første perioden.

5.8.10 Sygnastrands åttung

Tabell 237 Sygnastrand 1866–1926 Gutenamn (ln:408)

1. Lars	50
2. Olav	32
3. Anders	29
4. Ole	24
5. Knut	18
6. Nils	17
7. Knud	16
8. Sjur	13
9. Ivar	12
10. Hans, Ola, Sigurd	9

Tabell 238 Sygnastrand 1866–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	70
2. Lars	50
3. Knut (Knud, Knudt)	35
4. Anders	29
5. Ivar (Iver)	17
6. Nils	17
7. Sjur	13
8. Martin (Marthin)	10
9. Anfind (Anfin, Anfinn, Arnfin, Arnfinn)	9
10. Hans, John (Jon), Sigurd	9

Former av *Olav* er det mest brukte gutenamnet i den første perioden i Sygnastrands åttung. Namna som har aller flest tilfelle er namn som har gått igjen på nærmast alle listene vi har sett. *Anfind* skil seg ut på denne lista, og vi har sett namnet på lister for Oppheim sokn tidlegare. Dette fortel oss at namnet har stått særleg sterkt i denne delen av kommunen. Av dei 408 løpenamna er 17,2 % ei form av *Olav*, noko som er den største prosentdelen det mest brukte namnet har hatt til no. Tilfella av dei tolv mest brukte namna utgjør 67,9 % av løpenamna. Det er registrert 97 ulike leksikalske namn i materialet.

Tabell 239 Sygnastrand 1866–1926 Jentenamn (ln:381)

1. Anna	46
2. Britha	29
3. Ingeborg	27
4. Martha	27
5. Maria	18
6. Ingebjørg	15
7. Ingerid	15
8. Marta	12
9. Synneva	12
10. Guri, Olina	10

Tabell 240 Sygnastrand 1866–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Anne)	48
2. Ingeborg (Ingebjørg)	42
3. Martha (Marta, Marthe)	40
4. Britha (Brita, Berta)	39
5. Maria (Marie)	21
6. Ingerid	15
7. Olina (Oline)	13
8. Synneva	12
9. Guri (Gurid)	11
10. Kari	9

For jentene er former av *Anna* det mest brukte namnet i den første perioden. Det mest interessante namnet på lista er utan tvil *Ingerid*. Dette namnet har tidlegare berre vore på listene for Oppheim sokn og det er spesielt interessant at det er namnet i den forma som er mykje brukt. Alt tyder på at namnet er typisk for denne delen av kommunen. Av dei 381

løpenamna er om lag 12,6 % ei form av *Anna* og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 65,6 % av løpenamna. Vi ser at prosentdelen til *Anna* ikkje er i nærleiken av å vere like høg som den *Olav* hadde for gutenamna. Det er registrert 94 ulike leksikalske namn i materialet. Talet på løpenamn er ein del lågare for jentene enn for gutane, men talet på ulike leksikalske namn er tilnærma likt. Dette og skilnadane i prosentdelane for dei mest brukte namna tyder på ein større varisjon i namnebruken for jentenamna enn for gutenamna.

Tabell 241 Sygnastrand 1927–1982 Gutenamn (In:275)

1. Lars	16
2. Olav	14
3. Arne	10
4. Anders	9
5. Magne	9
6. Kåre	8
7. Leif	8
8. Einar	7
9. Knut	7
10. Odd	7

Tabell 242 Sygnastrand 1927–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Ole)	17
2. Lars	16
3. Anders (Andres)	10
4. Arne	10
5. Magne (Magnar)	10
6. Kåre (Kaare)	9
7. Leif (Leiv)	9
8. Einar	7
9. Knut	7
10. Odd	7

Former av *Olav* er framleis det mest brukte gutenamnet i andre periode i Sygnastrands åttung. Dei andre namna har vi sett tidlegare, og det er namn som er typiske for den andre perioden. *Einar* er eit namn vi tidlegare har hatt ganske høgt oppe på listene i Oppheim sokn, noko som tyder på at dette namnet har vore særleg populært i denne delen av kommunen. Av dei 275 løpenamna er om lag 6,2 % ei form av *Olav*. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 37 % av løpenamna. For begge prosentdelane er dette ein drastisk nedgang frå den første perioden, men om ein samanliknar med dei andre åttungane er begge tala i nærleiken av det som har vist seg å vere vanleg. Det er registrert 100 ulike leksikalske namn i materialet, noko som betyr ein auke frå førre periode, trass i nedgangen i talet på løpenamn.

Tabell 243 Sygnastrand 1927–1982 Jentenamn (In:270)

1. Anne	15
2. Kari	14
3. Inger	12
4. Bjørg	10
5. Ingebjørg	8
6. Gerd	7
7. Liv	7
8. Marta	6
9. Gunn	5
10. Marit	5

Tabell 244 Sygnastrand 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	20
2. Kari	14
3. Inger	12
4. Bjørg	10
5. Gerd (Gerda)	9
6. Ingebjørg (Ingeborg)	9
7. Brita (Britt)	7
8. Liv	7
9. Marta (Martha)	7
10. Else (Elsa)	6

For jentene er det mest brukte namnet i andre periode former av *Anne*, og vi ser at den føretrekte forma har endra seg frå *Anna* til *Anne*, slik vi har sett i dei fleste andre tilfella. Dei andre namna på lista er kjent frå tidlegare. *Ingerid*, som stod så sterkt i førre perioden, har i dette materialet ingen tilfelle, noko som tyder på at dette namnet har vore populært i eit relativt kort tidsrom. Av dei 270 løpenamna er 7,4 % ei form av *Anne*, og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 37,4 % av løpenamna. Dette viser den same trenden som gutenamna, men vi ser at *Anne* har stått noko sterkare enn det *Olav* gjorde for gutane. Det er registrert 115 ulike leksikalske namn i materialet, noko som viser at det er blitt større variasjon i namnebruken for jentenamna enn for gutenamna.

5.8.11 Evanger

Evanger var tidlegare ein eigen kommune, og då kommunen vart slått saman med Voss, vart nokre av gardane ein del av Vaksdal kommune. Eg har valt å presentere resultata frå gardane i den delen av gamle Evanger kommune, som no er ein del av Voss kommune. Det vil seie at dei gardane og registrerte bustadane som ligg utanfor dagens kommunegrensar er luka vekk i dette materialet. Eg vil presentere resultata frå dette materialet i to tidsbolkar, slik eg har gjort med dei andre åttungane.

Tabell 245 Evanger 1887–1926 Gutenamn (In:832)

1. Johannes	70
2. Nils	57
3. Lars	49
4. Knut	43
5. Anders	35
6. Olav	33
7. Jakob	31
8. Helge	29
9. Ole	28
10. Ivar	23

Tabell 246 Evanger 1887–1926 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	74
2. Johannes	70
3. Nils	57
4. Lars	49
5. Knut	43
6. Anders	35
7. Jakob	31
8. Helge	29
9. Ivar	23
10. Gullak (Gudleik, Gulleik)	19

Former av *Olav* er det mest brukte namnet i Evanger i den første perioden, men vi ser at *Johannes* er den frittstående forma med klart flest tilfelle. Dette namnet har vi sett ein del av på listene for dei andre åttungane, men det er klart meir brukt på Evanger enn i resten av kommunen. Andre namn som skil seg ut er *Jakob*, *Helge* og *Gullak*. Alle desse tre namna kjenner vi igjen frå listene frå Evanger sokn. Dette er namn som vi klart kan seie at er typiske for Evanger, då dei har mange fleire tilfelle her enn nokon annan stad i kommunen. Av dei 832 løpenamna er om lag 8,9 % ei form av *Olav*. Dette er ein stor prosentdel, men likevel ikkje i nærleiken av det vi har sett i enkelte av åttungane. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer om lag 51,7 % av løpenamna, noko som heller ikkje er så høgt som det vi har sett andre stader. Det er registrert 138 løpenamn i materialet.

Tabell 247 Evanger 1887–1926 Jentenamn (In:773)

1. Anna	120
2. Britha	46
3. Ingeborg	43
4. Martha	35
5. Kari	27
6. Bertha	26
7. Ragnhild	26
8. Borghild	25
9. Marie	22
10. Inger	21

Tabell 248 Evanger 1887–1926 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anna (Ane, Anne)	122
2. Britha (Berta, Bertha, Berthe, Brita)	86
3. Ingeborg (Ingebjørg)	53
4. Martha (Marta)	47
5. Ragnhild (Ragnild)	35
6. Marie (Maria)	32
7. Kari	27
8. Borghild	25
9. Gudrun (Guro)	22
10. Inger	21

For jentene er former av *Anna* det mest brukte namnet i den første perioden i Evanger.

Namnet har langt fleire tilfelle enn det nest mest brukte namnet, noko som tyder på at namnet

har stått i ei særstilling når det gjeld popularitet. Vi ser at lista for jentene er svært lik på det vi har sett for dei fleste åttungane, men *Ragnhild* skil seg litt ut. Dette namnet har jamt med tilfelle i heile kommunen, men vi har tidlegare sett det høgt oppe på listene i Evanger sokn. Dette fortel oss at dette er eit lokalt populært namn på Evanger. Av dei 773 løpenamna er om lag 15,8 % ei form av *Anna*, noko som er ein vesentleg høgare prosentdel enn det *Olav* hadde for gutane. Tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 60,8 % av løpenamna. Også her ein større prosentdel enn vi såg for gutane, men langt ifrå det høgste talet vi har sett i åttungane. Det er registrert 135 ulike leksikalske namn. Dei mest brukte jentenamna har vore meir populære enn dei mest brukte gutenamna i Evanger, men sjølv om ein har færre løpenamn i materialet for jentene har ein fleire ulike namn i dette materialet.

Tabell 249 Evanger 1927–1982 Gutenamn (In:435)

1. Arne	19
2. Lars	18
3. Olav	17
4. Knut	16
5. Jan	15
6. Johannes	14
7. Nils	14
8. Kjell	11
9. Helge	10
10. Bjarne, Erling, Jarle, Jon	8

Tabell 250 Evanger 1926–1982 Gutenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Olav (Ola, Olaf, Ole)	27
2. Arne	19
3. Lars	18
4. Knut	16
5. Jan	15
6. Johannes	14
7. Nils	14
8. Kjell	11
9. Helge	10
10. Jon (John)	9

I den andre perioden i Evanger er former av *Olav* det mest brukte gutenamnet. Vi ser at *Johannes* og *Helge* framleis er mellom dei ti mest brukte namna, medan *Jakob* som hadde mange tilfelle i førre periode, no berre har tre tilfelle. Av dei 435 løpenamna er 6,2 % ei form av *Olav*, og tilfella av dei ti mest brukte namna utgjer 35,2 % av løpenamna. Dette er resultat som er relativt like det ein har sett i ein del av dei andre åttungane. Det er registrert 142 ulike leksikalske namn i materialet. Nedgangen i talet på løpenamn saman med auken i ulike leksikalske namn er eit tydeleg teikn på ein auka variasjon i namnebruken.

Tabell 251 Evanger 1927–1982 Jentenamn (In:416)

1. Astrid	14
2. Liv	12
3. Marit	12
4. Anne	11
5. Bjørg	11
6. Gerd	9
7. Kari	9
8. Kjellaug	9
9. Laila	8
10. Berit, Marta, Ragnhild	7

Tabell 252 Evanger 1927–1982 Jentenamn (Der ulike former av det same namnet er samla i same rubrikk)

1. Anne (Ann, Anna)	19
2. Astrid	14
3. Liv	12
4. Marit	12
5. Bjørg	11
6. Brita (Bertha, Brit, Britt)	9
7. Gerd	9
8. Kari	9
9. Kjellaug	9
10. Laila, Marie (Maria, Mary), Marta (Martha)	8

For jentene er former av *Anne* det mest brukte namnet i den andre perioden i Evanger. Den mest brukte forma har også her endra seg frå *Anna* til *Anne*. Talet på tilfelle for dei ulike namna har jamna seg svært mykje ut frå den første perioden, og vi ser at t.d. *Ingeborg* som hadde mange tilfelle på den førre lista, no ikkje er å finne mellom dei tolv mest brukte namna. Av dei 416 løpenamna er om lag 4,6 % ei form av *Anne*, og tilfella av dei tolv mest brukte namna utgjer om lag 30,8 % av løpenamna. I den første perioden var det jentenamna som hadde dei høgste prosentdelane for dei mest brukte namna, medan det no er dei mest brukte gutenamna som utgjer den høgste delen av løpenamna. Det er registrert 161 ulike leksikalske namn i materialet. Her ser vi at det er ein tydeleg større variasjon i namnebruken for jentene enn det er for gutane.

5.8.12 Oppsummering resultatata frå åttungane

For åttungane i den første av dei to periodane er det to namn som går igjen som dei to mest brukte, *Olav* og *Anna*. Berre Dyrvinjardal og Holebygd skil seg frå dei andre i denne perioden. I Dyrvinjardal er *Knut* det mest brukte gutenamnet og *Marta* det mest brukte jentenamnet, og i Holebygds åttung er *Ingeborg* det mest brukte jentenamnet. I alle dei andre åttungane er det dei to nemnde namna som er dei mest brukte. I den andre perioden er biletet noko annleis. *Olav* er her det mest brukte namnet i sju av dei elleve åttungane, og *Anne* er det mest brukte jentenamnet i åtte av elleve. For åttungane som høyrer til Vangen sokn (dei åtte første), er det det mest brukte jentenamnet i Vinjar åttung som har oppnådd den største prosentdelen i den første perioden. For gutane er det det mest brukte namnet i Bæjar. Når det gjeld dei ti mest brukte namna, er det topplista i Vinjar åttung som oppnår høgst prosentdel både for jentene og gutane. Om vi tek med dei andre åttungane har *Anna* den aller største

prosentdelen med 17,17 % av alle løpenamna i Sygnastrand åttung. Dei ti mest brukte jentenamna i Holebygds åttung utgjør 73 % av løpenamna. Dette er den høgste prosentdelen vi har registrert for nokon av dei geografiske områda.

Den andre perioden er for fleire av åttungane prega av ein reduksjon i talet på løpenamn. Dette fører til få tilfelle for dei ulike namna, og at topplistene vert mindre truverdige. For gutane oppnår det både det mest brukte namnet og dei ti mest brukte namna den høgste prosentdelen i Holebygds åttung. Det må leggst til at det er tolv gutenamn på lista for denne åttungen. For jentene har både det mest brukte namnet og dei ti mest brukte namna høgst prosentdel i Kvitlar åttung. Her er det òg tolv namn på topplista. Det ser ut til at dei ti mest brukte gutenamna i dei ulike åttungane i gjennomsnitt har ein noko større prosentdel enn vi ser for jentenamna.

5.9 Resultat frå eit utval av gardane

Resultata frå dei ulike gardane vil eg ikkje presentere i tabellar slik som eg har gjort tidlegare. Dette ville vere formålslaust av fleire årsaker. Det er for det første så mange gardar at det ville ta altfor stor plass med alle dei ulike tabellane. I tillegg vert det for få løpenamn for dei ulike gardane til at ein kan kunne lese statistikkane på ein god måte. Eg har i staden valt å trekkje fram to tilfeldige gardar frå kvar av sokna i perioden og kommentere funna eg har gjort her. Eg har valt gardar som har ein del namn knytt til seg. Dette fordi det då kanskje vil vere mogleg å sjå nokre trekk i materialet.

Vangen sokn:

1. **Mølster:** På garden Mølster er det til saman registrert 32 gutenamn og 29 jentenamn. Det er særleg i dei første periodane materialet frå denne garden er interessant. Mellom 1887 og 1906 er det registrert elleve gutenamn, og fem av desse er ei form av *Mathias*. For jentene er det i den første perioden registrert 14 namn og av desse er fem ei form av *Martha* og fire er tilfelle av *Anna*. I den neste perioden finn vi òg eit tilfelle av *Mathias*, medan det for jentenamna ikkje er fleire tilfelle av dei nemnde namna frå første periode. For gutane har vi fleire tilfelle av både *Olav* og *Anders* fordelt i fleire av periodane.
2. **Flatekvål:** I materialet for Flatekvål er det til saman registrert 68 gutenamn og 62 jentenamn. For gutane går *Olav* igjen i alle periodane, og i den første er sju av 24 namn ei form av *Olav*. For jentene finn vi tilfelle av *Anna* i alle periodane, men også det mindre brukte *Rannveig* viser seg i fleire periodar.

Vinje sokn:

1. **Herheim:** For Herheim gard er det til saman registrert 28 gutenamn og 35 jentenamn. Eg har tidlegare nemnd *Kolbein* som eit namn som er typisk for Vinje sokn. For Herheim gard er det registrert tre tilfelle av *Kolbein* fordelt på dei to første periodane. Elles er materialet for gutenamna på garden relativt variert, men med fleire tilfelle av t.d. *Olav*. For jentene på denne garden er det vanskeleg å sjå noko mønster, men vi har fleire tilfelle i fleire periodar av både *Anna* og *Martha*.
2. **Mørkve:** For garden Mørkve er det til saman registrert 65 gutenamn og 59 jentenamn. For gutane har vi meir enn eitt tilfelle av både *Olav*, *Knut*, *Sjur* og *Lars* i fleire av periodane. Meir interessant er at det i den andre og tredje perioden er til saman tre tilfelle av det relativt lite brukte *Anton*. Dette namnet har totalt 40 tilfelle i materialet for heime kommunen. For jentene finn vi tilfelle av *Britha*, *Martha* og *Ingebjørg* i fleire periodar, men det er ingen namn som klart skil seg frå dei andre.

Oppheim sokn:

1. **Nosi:** Skrivemåten for dette gardsnamnet varierer i materialet mitt, men er som regel Naasen eller Nåsen. Det er registrert 24 gutenamn og 27 jentenamn for denne garden. For gutane er ni av namna ei form av *Olav*, og vi finn namnet i alle periodane. For jentene er det ingen namn som skil seg sterkt frå dei andre med tanke på tilfelle, men vi finn fleire tilfelle av t.d. *Brita* og *Marie*.
2. **Tveito:** I mitt materiale er skrivemåten av gardsnamnet som regel Tveite. Det er registrert 26 gutenamn og 27 jentenamn i materialet. For gutane finn vi tre tilfelle av *Bottolf* fordelt på den første og andre perioden. Dette namnet er som tidlegare nemnd meir brukte i Oppheim sokn enn i dei andre. Vi finn også fleire tilfelle av t.d. *Leif* og *Odd*. For jentene finn vi tre tilfelle av *Ingerid* fordelt på den andre og tredje perioden. Dette er òg eit namn som er typisk for Oppheim. Elles finn vi fleire tilfelle av t.d. *Brita* og *Martha*.

Evanger sokn:

1. **Århus:** I mitt materiale er det registrert 46 gutenamn og 45 jentenamn for garden Århus. For gutane har ein i den første perioden fleire tilfelle av t.d. *Anders*, *Johan*, *Knut* og *Helge*. Ein har også fleire tilfelle av det mindre brukte *Gullak*. Dette namnet kjem igjen som *Gulleik* i den andre perioden. Dette namnet har vi tidlegare sett på

topplistene for Evanger. For jentene har vi fleire tilfelle av både *Anna* og *Britha*, men vi bør spesielt leggje merke til *Ragnhild*. Namnet har seks tilfelle i den første perioden, og eg har tidlegare nemnd det som typisk for Evanger.

2. **Rasdalen:** I dei fleste tilfella i mitt materialet er gardsnamnet berre skrive som Rasdal. Det er registrert 25 gutenamn og 42 jentenamn i mitt materiale knytt til garden. For gutane har vi fleire tilfelle av *Olav* og *Helge*. *Helge* er som tidlegare nemnd eit av dei namna som er særleg mykje brukt på Evanger. For jentene har vi fleire tilfelle av t.d. *Anna*, *Britha*, *Ingeborg* og *Martha*. Det som er meir interessant er at det i den første perioden er registrert tre tilfelle av *Torbjørn*, eit namn som har den einaste topplasseringa si i Evanger sokn.

6. Analyse og konklusjon

I presentasjonen av resultatene har eg gjennomgåande gjort ein analyse av resultatene eg har funne. For å unngå å gjenta meg sjølv for mykje, har eg difor valt å ha analysen og konklusjonen i same kapittel. Konklusjonen hadde elles blitt svært kort, då analysen i stor grad vil vere relativt samanfattande. I denne delen vil eg samanfatte det vi har sett i resultatene frå dei ulike geografiske einingane, og kommentere utviklinga og endringane.

I tabellane som tek for seg heile kommunen i den fullstendige perioden (tabell 2 og 6) er *Olav* og *Anna* dei klart mest brukte namna. Felles for desse namna er at dei har fleire former som har vore mykje brukte, som gjer at namna hamnar på toppen av lista med ulike former i same rubrikk. Forma *Anna* har faktisk så mange tilfelle at namnet hamnar på toppen sjølv utan dei andre formene. For gutane hadde *Lars* vore det mest brukte namnet om ein ikkje slo saman dei ulike formene av namna. Eg har presentert til saman 252 tabellar, det vil seie 126 for kvart av kjønna. 63 av desse tabellane er med ulike former av namnet i same rubrikk. Det er 61 topp-10 tabellar for kvart kjønn, fordi tabell 3, 4, 7 og 8 tar for seg dei elleve til 30 mest brukte namna. Desse 122 tabellane med talmaterialet som høyrer til, kan fortelje oss mykje om korleis namneutviklinga har vore i dei ulike delane av kommunen, og for kommunen i si heilheit. Tabellane kan òg til ei viss grad vise oss korleis folk flyttar på seg i kommunen, ved at vi ser ein auke eller ein nedgang i talet på løpenamn.

6.1 Analyse av resultatene frå sokna i sju periodar

Om vi ser på fordelinga av løpenamn i dei ulike sokna, er Vangen sokn i ei særstilling i høve til dei andre. Talet på løpenamn i soknet har auka frå den første perioden, men det er ikkje ein stor auke. Om ein tek med i vurderinga at den siste perioden er på 30 år, ser det ut frå løpenamna ut til at befolkninga har stabilisert seg. Ein må likevel hugse på at løpenamna er basert på dei døypte barna. Det kan ha seg slik at ein i realiteten har ei befolkningsvekst i Vangen sokn, men at denne ikkje vises i mitt materiale fordi det er fleire born enn tidlegare som ikkje blir døypt i kyrkja. For Vinje sokn ser ein at talet på løpenamn blir mindre heilt frå første periode. Det same ser ein for både Oppheim og Evanger sokn. Dette kan tyde på fråflytting frå desse delane av kommunen, men for Evanger veit vi at ein del av nedgangen kjem av at arbeidarane på Dale fabrikkar slutta å døype borna sine på Evanger. Ein må òg ta med at ein i dag får langt færre barn enn det som var vanleg på 1860-talet, då

gjennomsnittskvinna i Noreg fekk mellom fire og fem barn.⁴⁴ Det er med andre ord vanskeleg å sjå ei klar sentralisering ut frå utviklinga i talet på løpenamn i dei ulike sokna i kommunen.

I innleiinga stilte eg spørsmål ved om det er mogleg å sjå geografiske skilnader i namnebruken i kommunen. Dette har eg delvis svart på i presentasjonen av resultata, men her skal eg prøve å gi ein meir samla analyse av dette. Vi har tydeleg sett at det er lettare å sjå mønster i den tidlege periodane av materialet. Då er det fleire løpenamn i dei mindre sokna, og færre ulike leksikalske namn, noko som gjer at dei mest brukte namna får mange fleire tilfelle enn dei gjer i dei seinare periodane. I dei første periodane er det òg lettare å sjå namn som stikk seg ut ved at dei er spesielle for materialet for det soknet.

I sokna for heile perioden har vi sett at *Anna* og *Olav* er dei mest brukte namna i alle sokna bortsett frå i Vinje, der *Ingeborg* er meir brukt. Om ein ser på listene over dei ti mest brukte namna, finn vi 16 ulike namn på tabellane for sokna. Vinje og Oppheim har eit namn på lista kvar, som berre finst på deira liste. Det er *Kolbein* for Vinje, og *Anfind* for Oppheim. *Sjur* finn vi på listene til både Oppheim og Vinje, men ikkje på dei andre sokna sine. *Jakob* og *Helge* finn vi berre på lista for Evanger, medan det ikkje er nokon namn som berre finst på lista til Vangen sokn. For jentene finn vi femten ulike namn på topplistene for dei ulike sokna. *Ingerid* finn vi berre på Oppheim si liste, medan *Olina* og *Guri* er på både Vinje og Oppheim sine. *Ragnhild* og *Elisabeth* er berre på lista for Evanger sokn, medan vi heller ikkje har jentenamn som berre er på topplista til Vangen. Dette fortel oss at om vi ser på heile perioden under eitt, så er det nokre namn som er meir brukt i somme delar av kommunen enn andre. Ein må hugse på at dette er utifrå løpenamna som er registrert for det aktuelle soknet, og at talet på tilfelle for namna i dei ulike sokna ikkje heilt kan samanliknast. Eg vil no sjå på korleis utviklinga har vore i sokna i løpet periodane.

6.1.1 Analyse av resultata frå sokna i perioden 1866–1886

I den første perioden er *Ole* det mest brukte gutenamnet i Vangen, Vinje og Oppheim sokn, medan *Lars* er det mest brukte i Evanger. *Anna* er det mest brukte i Vangen og Evanger sokn, *Ingeborg* er mest brukt i Vinje, og *Britha* mest brukt i Oppheim. For gutane er det 19 namn som utgjer dei fire topplistene. *Axel*, *Johan*, *John* og *Kolben* finn vi berre på lista til Vinje. Namna som berre er på lista til Oppheim sokn er *Anfind* og *Svend*, medan vi i Evanger har *Helge*, *Jakob* og *Gullak* som skil seg ut. Det er ingen namn vi berre finn på lista for Vangen. Vi ser at fleire av namna som var spesielle for sokna i den første perioden, var det òg i den

⁴⁴ Statistisk sentralbyrå, «Samlet fruktbarhetstall, etter alder, statistikkvariabel og intervall (år)», 1866–1870

totale perioden. For jentene er det 15 namn som utgjør topplistene. *Gjøri* og *Sigvor* finn vi berre på lista for Vinje sokn, medan *Ingerid* skil seg ut for Oppheim. *Ragnhild* og *Gjertrud* er berre på lista for Evanger i den første perioden, medan vi berre har *Inger* i Vangen sokn. På same måte som for gutane ser vi at det er ein del av dei same namna som stikk seg ut som det er i den totale perioden. Det er interessant at det er færre ulike jentenamn enn gutenamn som utgjør topplistene.

6.1.2 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1887–1906

I den andre perioden er *Anna* det mest brukte jentenamnet i alle sokna. *Ole* er det mest brukte gutenamnet i Vangen og Oppheim sokn. *Lars* er mest brukt i Vinje, og *Johannes* er mest brukt i Evanger sokn. Det er 23 ulike gutenamn som utgjør topplistene. Den største grunnen til at det er så mange ulike namn, er at ein har 16 namn på lista for Oppheim sokn. *David* og *Johan* er berre å finne på lista for Vinje. Det er fem namn vi berre finn på lista for Oppheim sokn, mellom anna *Anfind* og *Bottolf*. *Jakob*, *Helge* og *Andreas* er berre å finne på listene til Evanger, medan det ikkje er nokon namn som berre er på lista for Vangen. Det ser ut til at namna som er mest brukte i Vangen sokn, stort sett er mykje brukt i heile kommunen. 18 ulike jentenamn er fordelt på dei fire topplistene. Vi ser det er færre enn for gutane, men her har ingen av listene meir enn elleve namn. *Margreta* finn vi berre på lista for Vangen sokn og *Kristine* er spesielt for Vinje. *Ingerid* som vi og har sett tidlegare, er berre å finne på lista for Oppheim. *Ragnhild* og *Torbjørn* finn vi berre på lista for Evanger sokn. Fire av namna har vi hatt på alle listene i dei to første periodane; *Anna*, *Britha*, *Martha* og *Ingebjørg*.

6.1.3 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1907–1926

I den tredje perioden er *Olav* det mest brukte gutenamnet i alle fire sokna, medan *Anna* er det mest brukte jentenamnet i alle utanom Vinje. Der er *Ingebjørg* mest brukt. For gutane er det 20 namn som utgjør topplistene. For fleire av sokna er det meir enn ti namn på listene. Fem gutenamn har vore på topplistene i alle sokna i alle periodane til no. Det er *Olav*, *Knut*, *Lars*, *Anders* og *Nils*. I denne perioden finn vi *Brynjulf* berre på lista for Vangen sokn. *Sjur* og *Kolbein* er spesielle for Vinje, medan *Hans*, *Jon*, *Martin* og *Einar* berre er å finne på lista for Oppheim. For Evanger er *Birger*, *Harald* og *Sverre* namn som skil seg ut. For jentene består topplistene av 16 ulike namn. Denne perioden er det sju namn som er å finne på alle topplistene. I tillegg til dei eg nemnde i førre periode, ser det no ut til at *Gudrun*, *Borghild* og *Maria* er særleg populære no. *Inger* og *Synneva* er berre å finne på lista for Vangen sokn. *Guri* skil seg ut i Vinje, medan *Ingerid* og *Olina* berre er å finne på lista for Oppheim. *Ragnhild* og *Jenny* finn vi berre på lista for Evanger. Både for gutane og jentene er listene i

dei mindre sokna i ferd med å bli prega av låge tal på løpenamn. Det gjer at dei namna som berre er å finne på lista i eit sokn kan ha svært få tilfelle, og at dei ikkje nødvendigvis har vore så mykje brukt.

6.1.4 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1927–1946

I den fjerde perioden er *Olav* det mest brukte gutenamnet i Vangen, Vinje og Oppheim sokn, medan *Johannes* er det mest brukte på Evanger. For jentene er *Anna* det mest brukte namnet i Vangen sokn, *Ingebjørg* er mest brukt i Vinje og Oppheim, og *Astrid* er det mest populære jentenamnet på Evanger. Det er 21 ulike gutenamn som utgjer dei fire topplistene. Fleire av sokna har meir enn ti namn på lista si. Det er no fire namn som går igjen på alle listene, og det er *Olav*, *Lars*, *Anders* og *Arne*. Av desse har dei tre første vore på alle listene i alle periodane til no. *Arne* er tydeleg vorte populært i denne perioden. *Ivar* finn vi no berre på lista for Vangen, medan *Sverre*, *Martin* og *Alf* berre er på lista for Vinje. *Harald*, *Henrik* og *Johan* er spesielle for Oppheim sokn, medan *Kjell* er det einaste namnet som berre er på Evanger si liste. Denne perioden er i enno større grad enn den førre prega av låge tal på løpenamn, og då òg låge tal for dei mest brukte namna. 24 ulike namn utgjer dei fire topplistene for jentene. *Anna*, *Marta*, *Brita* og *Bjørg* finn vi på alle dei fire listene. Dei tre første namna har vore på alle listene i alle periodane. Noko av grunnen til at vi no har så mange ulike namn på listene er at fleire av listene inneheld meir enn ti namn. Dette har igjen samanheng med det låge talet på løpenamn. *Inger* finn vi berre på lista for Vangen sokn, medan *Dagny*, *Lilly*, *Borgny* og *Gudny* er spesielle for Vinje. For Oppheim har vi *Else*, *Guri* og *Synneva* som skil seg ut, medan *Marit*, *Borghild* og *Gunhild* berre er å finne på lista for Evanger. Dei fleste av dei namna ein berre finn på lista for eit sokn, ligg på den nedre halvdel og har i denne perioden få tilfelle.

6.1.5 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1947–1966

I den femte perioden er *Anne* det mest brukte jentenamnet i alle sokna. *Olav* er det mest brukte gutenamnet i Vangen, Vinje og Evanger sokn, medan *Lars* er mest brukt i Oppheim. 24 ulike namn utgjer topplistene for gutane. Vi finn *Olav*, *Lars*, *Knut* og *Arne* på lista i alle sokna. Dei to første namna har vore på alle listene i alle periodane, og er med det dei mest stabile gutenamna i kommunen. *Kjell* og *Terje* finn vi berre på lista for Vangen sokn. *Einar*, *Anders*, *Eivind*, *Erling* og *Ivar* er berre på topp i Oppheim. Det er ingen namn som berre er på topplista til Vinje sokn, medan vi i Evanger har *Geir*, *Inge*, *Atle*, *Helge* og *Jarle*. Fire av dei fem sist nemnde namna sluttar på «e», noko som kan seie noko om kva som var i ferd med å bli populært i perioden. For jentene er det 29 ulike namn som utgjer dei fire topplistene. På

lista for Vinje sokn er det 18 namn, noko som er ein stor del av årsaka til det høge talet på ulike namn. Vi finn den største variasjonen mellom sokna i den nedre delen av listene. Vi finn *Anne*, *Kari*, *Bjørg* og *Liv* på listene for alle sokna. *Anne* har vore på alle listene i alle periodane, og er det klart med stabilt populære jentenamnet. Dei andre tre namna ser ut til å vere særleg populære i perioden. *Inger*, som tidlegare har vore eit namn som er spesielt mykje brukt i Vangen sokn, er no i tillegg å finne på listene til Vinje og Oppheim. Det er ingen namn som berre er å finne på lista til Vangen sokn, medan dei andre sokna har fleire namn som berre er på topplista der. Dei fleste av desse namna har no så få tilfelle at det er vanskeleg å kalle dei populære.

6.1.6 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1967–1986

I den sjette perioden er *Anne* det mest brukte namnet i Vangen, Oppheim og Evanger sokn. I Vinje er *Linda* det mest brukte namnet. Listene er no så prega av låge tal på tilfelle at det i Oppheim sokn er tre gutenamn som deler på førsteplassen. Det er *Bjarte*, *Geir* og *Jan*. *Olav* er det mest brukte namnet i Vangen sokn og *Geir* mest brukt i Vinje. I Evanger delar *Jan* og *Lars* på førsteplassen. 30 ulike gutenamn utgjer dei fire topplistene i denne perioden. Fleire av sokna har meir enn ti namn på lista. *Olav* og *Jon* finn vi på alle listene, og *Olav* er no det klart mest stabile gutenamnet. Dette kan vere på grunn av at namnet finst i fleire former som gjer det lettare å variere. Fleire av dei namna som tidlegare var langt oppe på alle listene, som *Lars*, *Nils*, *Knut* og *Anders*, er no å finne lenger ned på listene, og berre i nokre sokn. I fleire av sokna har dei nedste namna på lista no berre tre tilfelle, noko som gjer det vanskeleg å kalle dei populære. For jentene er det 35 ulike namn som utgjer dei fire topplistene. I Vinje, Oppheim og Evanger sokn, har no ein del av namna på lista berre to tilfelle. Vi finn framleis *Anne* på alle dei fire listene, men i Vinje sokn har namnet berre to tilfelle. Ein ser ein mykje større variasjon i materialet enn tidlegare, men dei låge tala på tilfelle gjer det vanskeleg å analysere.

6.1.7 Analyse av resultatata frå sokna i perioden 1986–2016

I den siste perioden er det større variasjon i det mest brukte namnet for dei ulike sokna. I Vangen sokn er *Olav* og *Mari* dei mest brukte namna, i Vinje er det *Eirik* og *Mari*, i Oppheim er det *Anders* og *Anna* og i Evanger er det *Lars* og *Marte*. *Mari* har i dei tidlege periodane vore mykje brukt i formene *Maria* og *Marie* og *Mari* ser ut til å ha blitt populært i denne siste perioden. 25 ulike gutenamn utgjer dei fire topplistene. I denne perioden er det færre av sokna som har meir enn ti namn på lista, noko som kan vere grunnen til at ein har ein mindre tal på ulike namn enn i førre periode. For første gong er ikkje namnet *Olav* å finne på alle listene,

men det er det tidlegare svært populære *Anders*, *Eirik*, *Andreas*, *Sondre* og *Lars* finn vi på listene for tre av sokna. *Andreas* og *Sondre* er namn som har blitt særleg populære i denne perioden. Vi såg *Andreas* på topplista for Evanger i den andre perioden, så i det soknet kan vi snakke om ein renessanse for dette namnet. For jentene er det 26 ulike namn som utgjer topplistene. For Evanger har ein femten namn på lista, og ein del av dei har berre to tilfelle. Om ein hadde hatt færre namn på denne lista, hadde det totale talet på ulike namn òg blitt lågare. Vi finn framleis *Anne* på alle listene, og namnet med alle formene sine er det mest stabilt mest populære namnet i kommunen, uavhengig av kjønn. *Mari* er òg på alle listene i perioden. I den siste perioden ser vi lite av dei tidlegare svært mykje brukte namna *Britha* og *Martha*. Det sistnemnde ser vi no helst som *Marte*. *Ingeborg* ser det derimot ut som at har fått ein renessanse. Vi finn namnet på tre av dei fire topplistene i den siste perioden.

6.1.8 Oppsummering av analysen for sokna

Vi ser ein tydeleg kontinuitet i dei tre til fire første periodane. Ein har her fleire namn som går igjen på alle dei fire topplistene for begge kjønna. Det ser ut til at ein ser ei utvikling ein stad mellom 1920 og 1940, der det går mot ein større variasjon i namnebruken og fleire ulike namn på listene. Ein ser òg at namna som har vore på alle listene, ikkje er det lenger. Nokre få namn ser ut til å halde seg stabilt populære gjennom heile perioden. Dette gjeld spesielt *Olav* for gutane og *Anna* for jentene. Nokre få namn ser ut til å tape seg i popularitet i nokre av periodane på midten, men å så kome tilbake i dei siste periodane. *Ingeborg* er eit godt eksempel på dette. Dei namna som er populære i Vangen sokn ser ut til å vere mykje brukt i dei andre sokna òg. Dette kan vere reelt ved at befolkninga rundt det administrative sentrumet på Voss er trendsettarar for namnebruken. Det kan òg forklarast ved at ein har eit større materiale for Vangen sokn, noko som gjer fleire tilfelle for dei ulike namna, og som igjen gir eit betre grunnlag for analyse enn dei andre sokna har. I dei mindre sokna har ein lister der namn med to og tre tilfelle er mellom dei ti mest brukte. Det er vanskeleg å kalle eit namn med to tilfelle mykje meir populært enn eit namn med berre eitt tilfelle, og desse listene gir oss kanskje difor ikkje eit heilt klart bilete på namnebruken i dei mindre sokna.

6.2 Analyse av åttungane i to periodar

Eg vil analysere resultatane frå åttungane på same måte som sokna. Eg tek for meg topplistene for åttungane i dei to periodane eg har delt dei inn i og kommenterer utviklinga og forskjellane vi ser. For åttungane som høyrer til Vangen sokn og Evanger, går den første perioden frå 1887 til 1926, medan den for åttungane Holebygd og Sygnastrand går frå 1866 til

1926. Den andre perioden går for alle åttungane frå 1927 til 1982, då det er her fødselsregistera tek slutt.

6.2.1 Analyse av resultatane frå åttungane i perioden 1866 (1887)–1926

I den første perioden er *Olav* og *Anna* dei mest brukte namna i sju av dei åtte åttungane som høyrer til Vangen sokn. Dyrvinjardal åttung er den einaste som skil seg ut. Der er *Knut* og *Marta* dei mest brukte namna, noko som er eit godt argument for at desse namna har stått særleg sterkt her. *Olav* og *Anna* er òg dei mest brukte namna i Sygnastrands åttung og Evanger. I Holebygd er *Olav* det mest brukte gutenamnet, men *Ingeborg* det mest brukte jentenamnet. 24 ulike gutenamn utgjer dei elleve topplistene for åttungane og Evanger. Dette er ikkje mange namn når vi har så mange ulike lister. Nokre få av listene av fleire enn ti namn. Vi har fem namn som går igjen på alle listene. Det er *Knut*, *Olav*, *Nils*, *Anders* og *Lars*. *Ivar*, *Johannes*, *Erik*, *Martin* og *Sjur* finn vi på fleire enn fire av listene. *Odd* og *Einar* finn vi berre på lista for Bordadals åttung, medan *Kolbein* skil seg ut på lista for Holebygd. *Anfind* og *Hans* er berre på lista for Sygnastrands åttung, medan *Jakob*, *Helge* og *Gullak* er spesielle for Evanger. Vi ser altså at det for åttungane innanfor Vangen sokn stort sett er dei same namna som blir brukt, medan ein i områda utanfor har noko større variasjon.

For jentene er det 23 ulike namn som utgjer topplistene. Her har også nokre få av listene meir enn ti namn. Vi finn *Anna*, *Marta*, *Brita* og *Ingebjørg* på alle listene. *Maria* finn vi på alle listene utanom den for Vinjar åttung, og *Gudrun* er på alle utanom den for Sygnastrand. *Aslaug* og *Solveig* finn vi berre på lista for Gullfjordungs åttung. *Eli* er spesielt for Kvitlar åttung, medan vi berre finn *Kirsti* på lista for Bordadal. *Kristina* og *Sigvor* er spesielle for Vikja åttung. *Gjørgine* finn vi berre på lista for Holebygd. I den første perioden for sokna såg vi at vi hadde *Gjøri* berre på lista for Vinje sokn. Desse namna har i utgangspunktet ulik etymologi, men overlappar i skrivemåte. *Ingerid* skil seg ut i Sygnastrand slik som vi òg såg i analysen av sokna. Den einaste lista med *Ragnhild* er den for Evanger. Dei namna vi berre finn på lista for ein av åttungane som høyrer til Vangen sokn, er på den nedre halvdel av lista, og har relativt få tilfelle. For dei Holebygd, Sygnastrand og Evanger skil dei tre namna seg meir tydeleg ut, og då spesielt *Ingerid* og *Ragnhild*. *Inger* er på lista til nærmast alle åttungane som høyrer til Vangen, og på lista for Evanger. Det er derimot ikkje å finne på listene til Holebygd og Sygnastrand, noko som kan tyde på at namnet ikkje har vore mykje brukt i denne delen av kommunen.

6.2.2 Analyse av resultatene frå åttungane i perioden 1927–1982

I den andre perioden er *Olav* og *Anne* dei mest brukte namna i fire av dei åtte åttungane som høyrer til Vangen sokn. I tillegg er det dei mest brukte namna i Sygnastrands åttung og Evanger. I dei gjenståande åttungane er *Knut*, *Marta*, *Arne*, *Brita*, *Jon* og *Nils* dei mest brukte namna. Vi ser allereie med dei aller mest brukte namna at det er ein større variasjon frå den første perioden. *Arne* er eit namn som vi tidlegare har sett at blir populært på 20- og 30-talet. Dei andre namna som er nemnd her var òg mykje brukt i den første perioden. 28 ulike gutenamn utgjer topplistene i den andre perioden. Her hadde eg forventa ein større auke i frå førre periode. Dette viser at namnebruken i kommunen ikkje varierer så mykje når det gjeld dei mest brukte namna. Enkelte av listene har færre enn ti namn, men nokre har òg meir. Vi finn *Knut*, *Olav* og *Arne* på alle listene. Dei to første namna har med det vore på alle listene i begge periodane, noko som fortel oss at desse namna har stått sterkt svært lenge i heile kommunen. *Lars* har vi på alle listene utanom den for Dyrvinjardal, og *Kjell* finn vi på alle utanom Dyrvinjardal og Sygnastrand. *Kjell* er eit namn som tydeleg har blitt populært i løpet av denne siste perioden. *Jon*, *Magnar*, *Jan* og *Anders* finn vi på meir enn fire av listene. *Odd* er berre på listene til Holebygd og Sygnastrand, og det verkar då som at namnet har vore meir populært i den delen av kommunen.

29 ulike jentenamn utgjer topplistene for åttungane og Evanger. Vi har *Anne* og *Bjørg* på alle listene. *Anne* har då vore på alle listene i begge periodane. *Bjørg* er tydeleg blitt populært i løpet av den andre perioden, og om ein ser på resultatene frå sokna, ser det ut til at det var ein stad mellom 1947 og 1966. *Kari* finn vi på alle listene bortsett frå den for Kvitlar åttung, og *Brita* finn vi på alle bortsett frå Gullfjordung. Vi har åtte namn som er på meir enn fire lister. Det er *Marta*, *Astrid*, *Margit*, *Liv*, *Marit*, *Inger*, *Ingebjørg* og *Gerd*. Dei fire namna som var på alle listene i den første perioden står med andre ord framleis sterkt. I ein del av åttungane er det låge tal på tilfelle for ein del av namna på listene. Dette gjeld stort sett den nedre halvdel, og gjer at nokre av dei namna som ein berre finn på lista for ein åttung, kan ha fire eller mindre tilfelle.

6.2.3 Oppsummering av analysen for åttungane

På same måte som for sokna er det òg for åttungane lettare å sjå klare linjer i den første perioden. Ein ser i stor grad det same her som ein gjer for sokna. Dei mest brukte namna stikk seg klar ut frå resten, og ein kan lettare sjå kva namn som er meir typiske for eit område enn dei andre. Det er fullstendig klart at *Olav* og *Anna* med alle sine former er mest stabilt

populære namna i kommunen under eitt, òg dette gjeld òg i dei fleste av åttungane. I nokre av åttungane ser vi mønster som er litt annleis enn for resten. Dette gjeld spesielt Holebygd, Sygnastrand og Evanger. Dei mest brukte namna er for all del populære i desse delane òg, men ein ser at ein del namn som ikkje har så mange tilfelle i resten av kommunen, står sterkare her. Dette kan ha samband med at ytterkantane av kommunen får impulsar utanfrå som påverkar namnebruken. Eg har til dømes kommentert *Bottolf*, som er eit typisk namn frå Oppheim eller Sygnastrands åttung. Dette området grensar til Sogn, der namnet har vore utbreidd, og påverknaden kan ha kome der ifrå. I Evanger har vi sett at *Jakob* og *Helge* har vore meir populært enn i dei andre delane. Her kan påverknaden ha kome frå Bergen eller tettstadane i nærleiken.

For åttungane som høyrer til Vangen sokn er det vanskelegare å sjå nokon som skil seg frå dei andre. Gullfjordungs åttung er den åttungen som inneheld dei fleste av dei gardane som ligg i sentrum av Voss. Her ser vi at det er fleire løpenamn enn for dei andre delane, men òg at talet på ulike leksikalske namn er høgt i høve til talet på løpenamn. Dette fortel oss at området har ein større variasjon i namnebruken enn dei andre delane. Området er den mest urbaniserte delen av kommunen og har nok vorte påverka av både tilflytting og utflytting i større grad enn dei andre delane. Vi ser òg at Dyrvinjardal skil seg litt ut frå dei andre åttungane i Vangen sokn. Her var *Knut* og *Marta* dei mest brukte namna i både den første og den andre perioden. Området som i dag går under namnet Dyrvedalen ligg på nord-vest sida av Vangsvatnet og er eit område med gardsbruk og spreidd busetnad. Det kan vere slik at dette området har hatt mindre kontakt med dei urbaniserte delane av kommunen og området rundt, som igjen har ført til ein meir konservativ og eigen namnebruk. Vi ser òg i materialet at det er registrert få ulike leksikalske namn for denne åttungen samanlikna med for dei andre med liknande tal på løpenamn.

6.3 Dei mest brukte namna

Det som er heilt sikkert er at dei mest brukte namna i kommunen har vore ekstremt mykje brukt. Om vi tek for oss perioden 1887–1906 for heile kommunen (tabell 14 og 16) utgjør former av *Olav* 11,7 % av løpenamna, og former av *Anna* om lag 14 %. I følgje statistikkbanken til SSB fekk om lag 7,4 % av gutane som er fødd i 1900 ei form av namnet *Olav*. For former av *Anna* er talet 5,9 %. Dette viser at desse namna var svært populære i heile landet i denne perioden. Vi må hugse på at dei mest brukte namna i dag berre oppnår ein

prosentdel på 0,14. Vi ser likevel at prosentdelen desse namna hadde i Voss kommune var mykje høgare enn det dei hadde i landet totalt. I undersøkinga til Akselberg og typiske Vossanamn var det fleire som meinte at *Knut* og *Brita* var gode kandidatar. I den perioden eg no ser på, utgjorde tilfella av *Knut* om lag 8,2 % av løpenamna, medan *Brita* hadde ein prosentdel på 10,4. På landsbasis var desse tala i 1900 0,9 % for *Knut* og 0,28 % for *Brita*. Her er det definitivt større forskjellar mellom den nasjonale og den lokale namnebruken.

Om vi går til den siste perioden i materialet 1987–2016, utgjorde formene av *Olav* 3,4 % av løpenamna. Formene av *Mari* utgjorde om lag 4,4 %. I 2000 fekk om lag 1,6 % av gutane i Noreg ei form av namnet *Olav*, og om lag 2,9 % av jentene fekk ei form av namnet *Mari*. Eg valde å søkje på år 2000 fordi det er om lag midt i den siste perioden. Vi ser her at prosentdelen av dei mest brukte namna i kommunen har blitt nærare landsgjennomsnittet. Det som likevel er interessant er at ein framleis bruker dei mest populære namna meir på Voss. Spesielt høg er prosentdelen for *Olav* på Voss i forhold til landet elles.

6.4 Konklusjon

Eg har gjennom arbeidet med namna i dei ulike geografiske delane av kommunen sett at det faktisk er forskjellar mellom dei. Forskjellane er tydeligast i den første halvdel av tidsperioden eg har undersøkt, men ein finn òg forskjellar seinare. Forskjellane mellom dei ulike delane av kommunen har vist seg sterkast i sokna Vinje, Oppheim og Evanger, og i åttungane Holebygd, Sygnastrand og Evanger. Årsakene til dette kan vere påverknad utanfrå. Denne påverknaden kan ha ført til at ein har fått inn namn som så vart populære i dei delane av kommunen, men som ikkje nådde inn til åttungane som høyrer til Vangen sokn. Voss er ein stor kommune i geografisk utbreiing, og kommunikasjonen mellom dei ulike delane av kommunen kan ikkje har vore like god som den er i dag. Om det er oppkalling som har ført til at ein har fått opphopingar av namn i dei ulike delane er vanskeleg å seie for sikkert, men det er ikkje utenkeleg.

6.4.1 Konklusjon Vinje

Vi har sett at vi Vinje sokn eller Holebygds åttung har spesielt eitt gutenamn som skil seg ut med at det er meir brukt der enn i resten av kommunen. Det gjeld namnet *Kolbein*. Namnet er registrert fleire gonger på både garden Herheim og garden Mørkve. Dette kan tyde på oppkalling, og at dette har ført til ei opphoping av namnet i Vinje sokn. For jentene har vi sett at former av *Ingeborg* har vore særleg mykje brukt i denne delen av kommunen. For gardane eg har sett på ser vi at det er fleire tilfelle av namnet i fleire periodar. Dette kan òg tyde på

oppkalling, men i og med at namnet har vore populært i heile kommunen er det vanskelegare å konkludere med det. I analysen for sokna og åttungane såg vi at vi den første perioden for sokna hadde *Gjøri* berre på lista for Vinje. I den første perioden for åttungane hadde vi *Gjørgine* berre på lista for Holebygd. I materialet for garden Herheim har eg i eitt tilfelle av *Gjøri* i den første perioden og eitt tilfelle av *Gjørine* i den andre perioden. Det er fullt mogleg at desse namna har blitt brukt om som det same namnet, då eg har fleire ulike skrivemåtar av det i materialet. Her er det òg mogleg å sjå teikn på oppkalling. I høve til talet på løpenamn har i vert fall desse namna stått sterkare i Vinje enn i resten av kommunen. I dei seinare periodane er det vanskeleg å sjå klare tendensar.

6.4.3 Konklusjon Oppheim

I Oppheim sokn eller Sygnastrands åttung har vi sett at det er fleire namn som er meir brukt her enn i resten av kommunen. Vi såg i analysen for sokna og åttungane at *Anfind* berre var å finne på listene for denne delen av kommunen. I perioden 1866–1886 er det registrert totalt 24 tilfelle av former av *Anfind* i heile kommunen. Av desse er åtte i Oppheim sokn, og i høve til talet på løpenamn er dette ein større del enn i dei andre. I materialet for dei gardane eg analyserte tidlegare fann eg ikkje tilfelle av *Anfind*, men på garden Stalheim har vi fleire tilfelle av namnet i fleire periodar, noko som kan tyde på oppkalling. For gutane har vi òg namnet *Bottolf* som skil seg ut med fleire tilfelle enn elles i denne delen av kommunen. På garden Tveite har vi fleire tilfelle av namnet i fleire periodar. Dette er eit namn som såpass spesielt at det er meir sannsynleg at det er snakk om oppkalling, enn om ein hadde sett mange tilfelle av til dømes *Olav*. For jentene har tidlegare nemnd namnet *Ingerid*. Dette er på fleire måtar litt spesielt. Det er for det første interessant at det er akkurat den forma av namnet som har mange tilfelle i Oppheim sokn og Sygnastrands åttung. Namnet er på topplista for soknet i alle dei tre første periodane, men etter dette finn ein berre nokre få tilfelle av namnet, og då i dei mykje meir brukte forma *Ingrid*. I følgje SSB var namnet mest populært i Noreg rundt 1920, altså om lag samstundes som det tapar seg i popularitet i Oppheim. På garden Tveite finn vi fleire tilfelle av *Ingerid* i fleire periodar, og det er sannsynleg at dette er teikn på oppkalling.

6.4.4 Konklusjon Evanger

Evanger er kanskje den mest interessante delen av kommunen om ein tenkjer på namn som skil seg frå resten av kommunen. Eg har tidlegare nemnd gutenamna *Johannes*, *Jakob*, *Helge* og *Gullak* som namn som tydeleg er meir populære her enn i resten av kommunen. *Johannes* har vore på mange av listene i fleire av sokna og åttungane, men dei høgste plasseringane finn

ein i Evanger. Det er i den andre perioden at namnet har høgst prosentdel med 9,6 % av løpenamna. For heile kommunen i same periode var prosentdelen 6,1, og i Noreg i 1900 fekk 1,5 % av gutane namnet *Johannes*. Så sjølv om namnet har vore populært både i heile kommunen og i landet generelt, så har det vore mykje meir brukt i Evanger. *Jakob* og *Helge* finn vi på topplistene for soknet i dei to første periodane. *Jakob* er ikkje på nokon andre lister, medan vi finn *Helge* på nokre få andre lister frå kommunen. I den første perioden er det registrert 41 tilfelle av *Jakob* i kommunen, og av desse er 35 i Evanger sokn. For *Helge* er det 43 tilfelle i heile kommunen og 39 av desse er i Evanger. For begge desse namna ser vi at det er ei sterk overvekt med tilfelle i Evanger sokn. Namnet *Gullak* er noko meir uvanleg. Vi finn namnet på topplista for soknet i den andre perioden og på topplista for åttungen i den første perioden. I den andre perioden finn vi 37 tilfelle av former av *Gullak* i materialet for heile kommunen, og av desse er 19 registrert i Evanger. På garden Århus finn vi fleire tilfelle av namnet i fleire periodar, noko som tyder på oppkalling.

For jentene er det spesielt *Ragnhild* som har skilt seg ut som eit spesielt jentenamn for Evanger. Vi finn namnet på dei fire første topplistene for soknet og på lista for den første perioden. I heile kommunen mellom 1866 og 1886 er det registrert 84 tilfelle av former av *Ragnhild*, og av desse er 53 i Evanger. Tilfella av namnet i heile kommunen utgjer om lag 3 % av løpenamna, medan prosentdelen i Evanger er 7,2. Om vi ser på heile landet fekk 0,6 % av jentene i 1880 namnet *Ragnhild*. På garden Århus fekk seks av 25 jenter namnet *Ragnhild* i perioden 1887–1906, og det er fleire tilfelle av namnet i seinare periodar. Eg har tidlegare òg trekt fram *Torbjörg*, som eit namn som er meir brukt i Evanger, enn elles i kommunen. Vi finn namnet på topplista i soknet i den andre perioden, og av dei 29 tilfella som er registrert i heile kommunen er 18 av desse i Evanger. Vi finn fleire tilfelle av namnet på garden Rasdalen, men berre i den andre perioden. Det ser ut til at dei namna som skil seg ut på Evanger stort sett berre er populære i ein mindre periode. Ein ser ikkje den langvarige populariteten som vi har sett for til dømes *Olav* og *Anna*. Unntaket er kanskje *Ragnhild*, som har vore mykje brukt over ein lengre periode.

6.4.5 Konklusjon Vangen

For Vangen sokn har det vore vanskelegare å finne namn som er meir populære enn i resten av kommunen. Dette trur eg heng saman med at soknet er så mykje større enn dei andre. Det er òg mest sannsynleg slik at det administrative sentrumet i kommunen i mykje større grad enn dei andre delane, har vore prega av tilflytting, utflytting og impulsar utanfrå. Ein ser klart

i materialet at ein for Vangen sokn har ein mykje større variasjon i namnebruken enn ein ser i dei andre sokna. Eg vil difor i hovudsak konsentrere meg om åttungane som høyrer til soknet.

Eg har tidlegare kommentert at det i Dyrvinjardal åttung ser ut til å vere ei opphoping av namna *Knut* og *Marta*. Desse namna er mykje brukt i heile kommunen, men er øvst på lista i Dyrvinjardal både i første og andre periode. I den første perioden utgjer tilfella av *Knut* 12,1 % av løpenamna i åttungen, og tilfella av *Marta* utgjer 13,2 %. I heile kommunen i same periode er prosentdelane høvesvis 10,3 % og 11,9 %. I den andre perioden utgjer tilfella av *Knut* 6,2 % av løpenamna i åttungen, medan tilfella av *Marta* utgjer 7,8 %. I heile kommunen er tala høvesvis 8,2 % og 8,8 %. I den første perioden er altså namna noko meir brukt i åttungen enn i kommunen totalt, men i den andre perioden er det omvendt. Dette tyder på at dei mest brukte namna i Dyrvinjardal ikkje er like mykje brukt som i kommunen generelt. På ellefte plass i den første perioden finn vi gutenamnet *Godkskalk* med åtte tilfelle. I kommunen er det i perioden registrert ti tilfelle av former av namnet. Namnet har altså ei klar lokalisering til Dyrvinjardals åttung.

Gullfjordungs åttung inneheld mange av dei gardane som blir rekna som sentrum av Voss, eller Vossevangen. Materialet for denne åttungen er større enn det vi har for dei andre åttungane, og vi har ein auke i både talet på løpenamn og ulike leksikalske namn frå den første til den andre perioden. Trass i at det i denne åttungen ser ut til å vere større variasjon i namnebruken enn i dei andre, har dei mest brukte namna stor oppslutning i både første og andre periode. På garden Mølster, som er ein del av åttungen fann eg seks tilfelle av namnet *Mathias* fordelt på to periodar. I åttungen er det mellom 1887 og 1926 registrert ni tilfelle av namnet, og i kommunen totalt er det registrert tretten tilfelle. Det er umogleg å seie om dette er oppkalling, men når eit namn har ei så avgrensa stor oppslutning som dette, så er det mykje som tyder på akkurat det. For jentene på garden ser det ut til at dei i stor grad har fått namn som er populære i heile kommunen.

I Borgstrandar åttung ligg garden Flatekvål. I perioden 1887–1926 vart det døypt 24 gutar frå denne garden. Av desse fekk sju ei form av namnet *Ole*. Dette er på ingen måte eit spesielt tilfelle, då *Olav* er det mest brukte namnet i heile kommunen. Det illustrerer likevel fenomenet på ein god måte. På denne garden ville det vere slik at meir enn kvar fjerde gut eller mann heitte *Ole*. For jentene fekk fem av tretten døypte jenter, namnet *Anna*, så her var meir enn kvar tredje jente eller kvinne ei *Anna*. Med mange slike gardar forstår vi kvifor desse namna har hatt så stor oppslutning totalt i kommunen.

Det har vore vanskeleg å finne namn som tydeleg skil seg ut i den eine åttungen i høve til den andre, fordi dei namna som skil seg ut har så få tilfelle at dei ikkje kjem fram i statistikken. Eg har likevel klart å finne nokre døme. Namnet *Ingebrigt* har til saman fem registrerte tilfelle i Vangen sokn mellom 1887 og 1926, og av desse er fire registrert i Vikja åttung. Former av *Olina* er registrert med til saman 52 tilfelle mellom 1887 og 1926 i Vangen sokn. Av desse er 14 registrert i Borgstrandar åttung, medan det til samanlikning berre er registrert tre tilfelle i Gullfjordung. Begge desse eksempla viser at ein kan få opphopingar av namn innanfor eit mindre geografisk område. Eg har ikkje klart å finne noko liknande i den siste perioden i åttungane. Det er nok eit teikn på at namnebruken vert meir og meir påverka av dei nasjonale namnetrendene, og eit resultat på auka kontakt med omverda.

6.5 Avslutning

I innleiinga spurte eg om kva som hadde skjedd med dei typiske vossanamna. Eg presenterte dei namna som lesarane i avisa Hordaland hadde foreslått som namn som er typiske for Voss. Eg gjorde eit søk i statistikkbanken til Statistisk sentralbyrå for å finne ut kor vanlege desse namna elles hadde vore i landet. Eg gjorde søket mitt for år 1900, og fekk følgjande resultat⁴⁵:

Lars: 1,49 %

Marta: 2,0 %

Knut: 0,9 %

Brita: 0,275 %

Olav: 7,43 %

Anna: 5,934 %

Vi ser altså at *Olav* og *Anna* var svært populære i heile landet på dette tidspunktet. Vi kan seie det same om *Lars* og *Marta*, då dei mest brukte namna i dag oppnår om lag 1,4 %. *Knut* og *Brita* er betre kandidatar til å vere typiske vossanamn, då vi har sett at desse namna oppnår mykje høgare prosentdelar i mitt materiale enn det vi ser her. I teorikapittelet reduserte eg dei typiske vossanamna til å gjelde fire namn; *Brytteva*, *Dønåt*, *Godskalk* og *Viking*. Eg har funne tilfelle av alle namna i materialet mitt, og flest tilfelle har gutenamnet *Godskalk*. Det er registrert 40 tilfelle av namnet, og av desse er 36 i Vangen sokn. Mest sannsynleg er dei fleste av desse tilfella frå perioden 1866–1886. I materialet frå åttungane finn eg nemleg berre 17 tilfelle. Av desse er åtte registrert i Dyrvinjardals åttung. Vi kan med dette slå fast at *Godskalk* har vore mest populært i Vangen sokn, og spesielt i den delen vi i dag kallar Dyrvedalen.

⁴⁵ Statistisk sentralbyrå, «Statistikkbanken, Namn» (Alle opplysningar om namn og del av befolkninga er henta frå denne kjelda)

Det er til saman registrert 26 tilfelle av gutenamnet *Viking*. Namnet er fordelt med tolv tilfelle i Vangen sokn, to i Vinje sokn, åtte i Oppheim sokn og fire i Evanger sokn. Tretten av tilfella er registrert i perioden 1866–1886, så det er difor få tilfelle etter dette. I åttungsinnndelinga ser det ut til at namnet er spreidd ut over heile kommunen på same måte som i sokna. Det ser altså ut til at namnet har vore i bruk i alle delane.

Namnet *Dønåt* er svært skjeldan, og eg har i mitt materiale berre fire tilfelle av namnet. Tre av tilfella er registrert i perioden 1866–1886, og eitt tilfelle er registrert i perioden etter. Alle fire tilfella er registrert i Vinje sokn. I følge *Norsk personnamleksikon* var namnet mest populært på 17- og 1800-talet, så namnet har mest sannsynleg vore meir i bruk enn det som kjem fram i mitt materiale. Likevel er tyder tala mine på at namnet har vore mest populært i Vinje sokn.

Kor budde *Brytteva*? Namnet har til formene av namnet har til saman 26 tilfelle i materialet. Av desse er 17 registrert i perioden 1866–1886, og fem tilfelle registrert i perioden etter. Av alle tilfella er ti i Vinje sokn, to i Oppheim sokn, og 14 i Evanger sokn. Ingen tilfelle er registrert i Vangen sokn. *Brytteva* budde altså stort sett i Vinje og Evanger sokn. På same måte som med *Dønåt*, og for så vidt dei to andre namna òg, har dette namnet tidlegare hatt ei større oppslutning enn det som kjem fram i mitt materiale. Felles for alle desse namna er at om dei ikkje allereie er forsvunne, så står dei i fare for å gjere det.

Med eit så stort materiale som denne avhandlinga har omhandla er det mange ting som kunne vore gjort annleis. Det er òg ein del ting eg har sett undervegs at eg burde gjort annleis. Det første gjeld inndelinga i tidsbolkar. Eg ser at eg med fordel kunne gjort tidsbolkane noko lengre. I fleire av dei geografiske delane er det få løpenamn, noko som fører til statistikkar med mange namn med få tilfelle. Dette kunne vore unngått med lengre periodar, men då hadde ein ikkje fått eit like detaljert bilete av utviklinga som ein har her. Samanslåinga av ulike former av same namn er òg noko eg kunne gjort på ein annan måte. Eg ser at moderne former som *Anny* og *Petro* skil seg ut når dei hamnar saman med *Anna* og *Peder*. Desse formene kunne med fordel stått for seg sjølve. Likevel har desse formene så få tilfelle at dei ikkje påverkar resultatata. *Anna* er framleis det mest brukte namnet, sjølv om ein tek vekk tilfella av *Anny*. Eg kunne med fordel ha undersøkt korleis andre namnegranskarar har gjort slike samanslåingar for å unngå å gjere slike «feil».

Om eg skulle ha arbeida vidare med dette prosjektet, er det fleire vegar eg kunne gått. Det hadde vore svært interessant å gått lenger tilbake i tid enn det eg har gjort her. Med det eg har lest om dei typiske Vossanamna, hadde det vore interessant å sjå om ein hadde meir tydelege geografiske mønster av desse tidlegare. Det hadde òg vore interessant å sjå på kommunar, eller geografiske einingar som grensar til Voss. Tidlegare nemnde eg Granvin, men òg Vaksdal kommune kunne vore ein del av ei utvida analyse. Då hadde ein mest sannsynleg fått inn fleire ulike namn enn det som er i materialet for Voss kommune.

Med denne undersøkinga har vi sett at namnebruken i Voss kommune har vore sterkt prega av ei lita gruppe med namn som er svært mykje brukt. Desse namna har òg vore svært populære svært lenge. *Anna* og *Olav* er dei som har heldt seg lengst og sterkast. Det er mogleg å sjå ein variasjon i namnebruken i dei ulike delane av kommunen. Det er særleg Vinje, Oppheim og Evanger som har skilt seg ut frå Vangen sokn. Mykje vanskelegare har det vore å finne eksempel på namn som skil seg ut i dei ulike åttungane i Vangen sokn, men eg har òg funne enkelte tilfelle av dette. Alle desse forskjellane vi har sett har vore frå den første halvdel av tidsperioden eg har undersøkt. Det er ein klar tendens mot ein større variasjon i namnebruken utover i perioden. Dette heng saman med den generelle samfunnsutviklinga. Voss har blitt ein del av den moderne verda, og såleis er òg den lokale namnebruken blitt meir og meir lik den nasjonale.

Litteratur

- Aarset, Terje. «Frå den nordiske namnerenessansen til I dag». I *Norsk personnamnleksikon*, redigert av Ola Stemshaug, 66–87. Oslo: Samlaget, 1982
- Aarset, Terje. «Personnamn i Vartdal, Hareide og Ulstein gjennom 500 år». *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag*, 1975–1976: 17–49.
- Akselberg, Gunnstein. «Den nordiske namnerenessansen – renessansenamn versus andre tradisjonsnamn». I *Person- og stadnamn under den nordiske namnerenessansen*, redigert av Gudlaug Nedreid og Tom Schmidt, 99–122. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Akselberg, Gunnstein. 2010. «Sosioonomastikk - framlegg til avgrensing». I *Namn – en spegel av samhället förr och nu*, redigert av Staffan Nyström, 15–35 Stockholm: Norstedts.
- Arkivverket. «Kirkebøker». Lest: 12.01.18
<https://www.arkivverket.no/slektsgranskning/kirkeboker>.
- Arkivverket. «Sperrere bilder av kirkebøker». Lest: 12.01.18
<https://www.digitalarkivet.no/content/restricted-kb>
- Bechsgaard, Katrine Kehlet. *Hvorfor skal barnet hedde sådan? En undersøgelse af motiver bag valg af børnenavne og social variation i forhold til navnevalg*. Ph.D.avhandling. Københavns universitet. 2015
- Berg, Arne. *Voss kyrkje*. Voss: Voss kommune, 1977
- Dahlum, Sirianne. «Kvantitativ analyse», *Store norske leksikon*. Lest 13.04.18
https://snl.no/kvantitativ_analyse
- Den norske kirke, «Medlemsstatistikk». Lest: 15.01.18 <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/bakgrunn/om-kirkestatistikk/medlemsstatistikk/>.
- Hoff, Anne Marta. «Raundalen kyrkje». *Norges kirker*. Lest: 16.01.18
http://www.norgeskirker.no/wiki/Raundalen_kyrkje
- Indrebø, Gustav. «Fjordung – Granskingar i eldre norsk organisasjons-søge», Nr. 1, Bergens Museums årbok 1935. Bergen: 1935
- Juvkvam, Dag. “Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen”. Rapport. SSB. 1999.
- Kinn, Torodd. «Førenamnsgeografi i Bergenhus-amta i 1801». *Studia Anthroponymica Scandinavica* årgang 29 (2011): 62–104.
- Kruken, Kristoffer. «Frå reformasjonen til den nordiske namnerenessansen». I *Norsk personnamnleksikon*, redigert av Ola Stemshaug, 44–65. Oslo: Samlaget, 1982.
- Lokalhistoriewiki, «Evanger». Lest: 04.05.18. <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Evanger>
- Rygh, Oluf. *Søndre Bergenhus amt*, 11. Bind, red. Magnus Olsen, *Norske gaardnavne*. Kristiania: W.C. Fabritius & sønner A/S, 1910.
- Statistisk sentralbyrå, «100 år med redusert spedbarnsdødelighet». Lest: 18.01.18
<https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/100-aar-med-reduisert-spedbarnsdodelighet>.
- Statistisk sentralbyrå, «Samlet fruktbarhetstall, etter alder, statistikkvariabel og intervall (år)», 1866–1870. Lest 06.05.18
<https://www.ssb.no/statbank/table/08556/tableViewLayout1/?rxid=169ff67c-3b9b-4f25-a8fa-888baa0eb3c4>
- Statistisk sentralbyrå, «Navn». Lest: 01.02.18. <https://www.ssb.no/navn>
- Statistisk sentralbyrå, «Statistikkbanken, Namn». Lest: 10.05.18.
<https://www.ssb.no/statbank/list/navn?rxid=5dbfe30d-4643-4fad-a874-20100629c8cd>

- Stemshaug, Ola. *Namn I Noreg*. Oslo: Det norske samlaget, 1985.
- Stemshaug, Ola. «Namngjeving og namnebruk». I *Norsk personnamnleksikon*, redigert av Ola Stemshaug, 25–31. Oslo: samlaget, 1982.
- Svanevik, Anne. *Personnavn i Oslo : en studie av personnavn sett på bakgrunn av sosiologiske forhold etter en undersøkelse av barn født i 1967/68 med søsken, foreldre og besteforeldre*. Hovedoppgåve. Universitet i Trondheim. 1981.
- Særheim, Inge. «Person- og stadnamn». I *Handbok i norrøn filologi*, redigert av Odd Einar Haugen, 337–375. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke, 2004.
- Sørensen, Gro Volmert. *Motiv til navnevalg i to kommuner i Norge : en sosio-onomastisk undersøkelse om valg av personnavn i Arendal og Harstad kommuner*. Hovedoppgåve. Universitetet i Oslo. 2002.
- Utdanningsdirektoratet, «Generell del av læreplanen», *Internasjonalisering og tradisjonskunnskap*, 2015. Lest: 13.05.18 <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/det-allmenndanna-mennesket/#felles-forstaing-i-eit-spesialisert-samfunn>
- Utdanningsdirektoratet, «Generell del av læreplanen», *Vitskapeleg arbeidsmåte og aktive elevar*, 2015. Lest 14.05.18 <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/det-skapande-mennesket/#vitskapeleg-arbeidsmate-og-aktive-elevar>
- Veka, Rolf Erik. «Gardar i gamle Evanger», *Vaksdal historielag*. Lest: 29.01.18. <http://www.vaksdalahistorielag.org/wiki/index.php?title=Hovudside>
- Voss kommune. «Voss kommune - Bygd for sterke opplevingar». Lest: 15.01.18. <http://www.visbrosjyre.no/vosskommune/WebView/>

Kor budde Brytteva?

- Ei geografisk undersøking av personnamnbruken i Voss kommune 1866–2016

Av Torbjørg Afdal

Samandrag

I denne avhandlinga undersøker eg personnamnbruken i Voss kommune mellom 1866 og 2016. Formålet med granskinga er å finne ut om det er forskjellar i personnamnbruken i dei ulike geografiske delane av kommunen. Vidare prøver eg å finne ut om ein kan sjå teikn på oppkalling i materialet, og eg undersøker kva som har skjedd med dei typiske vossanamna.

Dei geografiske delane eg har tatt utgangspunkt i er kommunen i si heilheit, dei fire kyrkjesokna i kommunen, åttungane frå den gamle åttungsinnndelinga og nokre enkelte gardar. Avhandlinga er i all hovudsak basert på statistikk som er laga ut frå materiale som er henta frå kyrkjebøker og fødselsregister, som eg reknar som primærkjelder, og kyrkjelydsblad, som eg reknar som sekundærkjelde. Materialet omhandlar om lag 35 000 namn på barn som er døypte, i det som i dag er Voss kommune. Statistikken er framstilt i tabellar over dei ti mest brukte namna frå kva geografisk del. I tillegg er den fullstendige perioden delt opp i sju periodar for sokna og to periodar for åttungane. Dette er gjort for å kunne sjå utviklinga i namnebruken over tid.

Metoden eg har brukt i avhandlinga er så vidt eg veit ikkje tidlegare blitt nytta i namnegransking, og er i stor grad utvikla på ein slik måte eg tykte ville tene føremålet til granskinga. Med eit så stort materiale og ei så omfattande gransking, vert det naturleg nok òg ein del metodiske manglar. Desse er skildra i delkapittel 4.4.

Avhandlinga er bygd opp av seks kapittel, der dei tre første er innleiing, teori, eit kapittel om Voss og ein metodedel. Hovuddelen av avhandlinga er presentasjonen av resultatata frå granskinga. Etter dette følgjer eit kapittel med analyse og konklusjon. Desse to siste kapitla er slått saman for å unngå for mange gjentakningar i konklusjonen.

Arbeidet med avhandlinga har ført fram til eit resultat som viser at ein faktisk kan sjå enkelte forskjellar i personnamnbruken i dei ulike geografiske delane av kommunen. Det er

forskjellar mellom dei ulike sokna, og då spesielt i Vinje, Oppheim og Evanger. Vi ser og enkelte forskjellar i åttungane som er knytt til Vangen sokn. Variasjonen og særtrekka er størst i den første halvdel av materialet. I den siste halvdel ser vi i større grad ein namnebruk som liknar den nasjonale, noko som har samanheng med eit meir opent samfunn, der kommunikasjonen har utvikla seg mykje frå starten av perioden som blir undersøkt. Ein kan òg finne teikn på oppkalling i resultata. Dei typiske vossanamna finn vi i den første halvdel av perioden, men dei er i dag ikkje i bruk.

Kor budde Brytteva?

- Ei geografisk undersøkning av personnamnbruken i Voss kommune 1866–2016

By Torbjørg Afdal

Summary:

This thesis explores the use of first names (given names) in Voss municipality in the period between 1866 and 2016. The purpose of the text is to **examine** whether there is a difference in usage of given names in the different geographical parts of the municipality. Furthermore, the thesis explores whether there are signs of familial naming in the material, and additionally seek to trace the development of the conventional names from Voss.

The geographical locations that forms the basis for this thesis is the municipality in its entirety, the four parishes of the municipality, «åttungane» from the the older method of dividing these parishes, in addition to a few minor farms. The thesis is mainly based on statistics provided from material that is collected from church registers and birth protocols, both of which are considered to be primary sources. The secondary sources consists of leaflets from the parishes. The material discusses approximately 35 000 names of children baptized in the area that is today knows as Voss municipality. The statistics are presented in tables of the ten most popular given names of each geographical section. Additionally, the complete period is divided into seven smaller periods for parishes, and two for «åttungane». This has been done to show the development of the use of given names over different periods of time.

The method that has been employed in this thesis is as far as I know never been used in this precise field of research, and is to a large degree been developed in a way that I thought would serve the purpose of this examination. Considering the extensive material provided here, and the magnitude of this research, there will naturally occur some methodical deficiencies. These are discussed in sub chapter 4.4.

The work of this thesis has provided a results that traces differences in the use of given names in the different geographical parts of the municipality. There are clear differences between the different parishes, especially in the areas of Vinje, Oppheim, and Evanger. There are also

differences in «åttungane» that are tied to the parish in Vangen. The variation and characteristics feature most prominently in the first part of the material. In the latter half we are able to see a trend in the use of given names that shows similarities to the national average. This is explained as a result of a more open society, where aspects of the communication has developed to a larger degree from the start of the examined period. We are also able to see signs of naming that result from familial bonds. The typical names from Voss are located in the first halv of this time period, but these are not used in present-day.

Profesjonsrelevans

Personnamna våre, og då spesielt førenamna våre er nært knytt til omgrepet identitet. Ein kan på mange måtar seie at vi er namna våre. Eg er Torbjørg, og det er vanskeleg å tenkje seg at eg skulle ha vore eit anna namn. Arbeidet mitt med denne avhandlinga har gjort at eg har fått ei større innsikt i dette aspektet av identiteten vår. Eg trur denne innsikta kan vere nyttig for meg i arbeidet mitt som lærar då eg no har ein enorm respekt for individet sitt forhold til sitt eige namn. Namnet til nokon er ikkje noko det alltid er like greitt at ein tullar med. Det er noko folk har eigarskap til, og som i stor grad er ein del av dei. Respekten for dette trur eg er viktig i møte med alle menneske. Det av vi har namn er òg noko av det som kjenneteiknar oss som menneske, og det er noko som går på tvers av alle kulturar. Ein har til no ikkje oppdaga eit einaste folkeslag eller kultur som ikkje namngir medlemmane sine. Namn er med andre ord eit fellestrekk som knyt oss alle saman som menneske.

Arbeidet med avhandlinga har gitt meg kunnskap om historia til Voss kommune. Denne kunnskapen ser eg for meg at eg kjem til å få bruk for i undervisinga, både i norsk- og historiefaget. Dessutan er ei slik historisk innsikt viktig for allmenndanninga ein bør ha som lærar. I den generelle delen av læreplanen står følgjande:

Kjennskap til hendingar og ytingar i fortida knyter menneska saman over tid. Historisk kunnskap utvidar også erfaringane for å setje mål og velje middel i framtida. Å vere fortruleg med det menneske har følt, tenkt og trudd, utvidar rommet for innsikt og handling, og minner om at dagens tilhøve vil endre seg.⁴⁶

Eg trur arbeidet med denne avhandlinga har gitt meg mykje innsikt i korleis samfunnet utviklar seg, noko eg vil å nytte av i min profesjon då samfunnet vi lev i er i stadig endring. I tillegg trur eg at eit slikt arbeid i seg sjølv er både nyttig for allmenndanninga og relevant for profesjonen. Eg har i arbeidet med masteravhandling fått fordjupe meg i eit emne på ein grundigare måte enn eg har gjort tidlegare. Det å vite korleis ein får tak i kjelder, og er kritisk til desse har vore ein viktig del av prosjektet. Det å vere oppfinnsam, kreativ og kritisk er òg noko det vert lagt stor vekt på i den generelle delen av læreplanen, og noko eg trur vil vere endå viktigare ferdigheiter i framtida.⁴⁷

⁴⁶ Utdanningsdirektoratet, «Generell del av læreplanen, Internasjonalisering og tradisjonskunnskap».

⁴⁷ Utdanningsdirektoratet, «Generell del av læreplanen, Vitskapeleg arbeidsmåte og kreative elevar».

Vedlegg 1: Oversiktstabellar gutenamn

Oversiktstabell for Voss kommune 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Voss kommune 1866–2016	18068	784	8,30 %	38,79 %
Voss kommune 1866–1886	2925	214	12,95 %	65,20 %
Voss kommune 1887–1906	3413	263	11,69 %	56,54 %
Voss kommune 1907–1926	2745	267	10,71 %	45,68 %
Voss kommune 1927–1946	2125	259	7,62 %	37,41 %
Voss kommune 1947–1966	2615	271	4,74 %	32,81 %
Voss kommune 1967–1986	1861	288	3,49 %	25,47 %
Voss kommune 1987–2016	2637	450	3,37 %	20,81 %

Oversiktstabell for dei ulike sokna 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vangen sokn 1866–2016	12866	688	7,49 %	36,38 %
Vinje sokn 1866–2016	1518	244	14,62 %	53,68 %
Oppheim sokn 1866–2016	1098	249	11,11 %	46,63 %
Evanger sokn 1866–2016	2740	352	7,95 %	45,43 %

Oversiktstabell for Vangen sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vangen sokn 1866–1886	1563	149	12,73 %	68,33 %
Vangen sokn 1887–1906	2047	194	11,92 %	58,47 %
Vangen sokn 1907–1926	1902	216	10,15 %	48,32 %
Vangen sokn 1927–1946	1509	221	7,16 %	37,97 %
Vangen sokn 1947–1966	2112	260	4,40 %	32,67 %
Vangen sokn 1967–1986	1564	275	3,26 %	33,57 %
Vangen sokn 1987–2016	2174	414	3,49 %	21,25 %

Oversiktstabell for Vinje sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vinje sokn 1866–1886	354	64	19,49 %	78,53 %
Vinje sokn 1887–1906	319	61	15,36 %	78,37 %
Vinje sokn 1907–1926	230	67	15,65 %	60,87 %
Vinje sokn 1927–1946	170	73	14,70 %	54,12 %
Vinje sokn 1947–1966	149	68	8,05 %	46,31 %
Vinje sokn 1967–1986	105	56	5,71 %	49,52 %
Vinje sokn 1987–2016	156	102	4,49 %	32,70 %

Oversiktstabell for Oppheim sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Oppheim sokn 1866–1886	261	58	16,09 %	67,82 %
Oppheim sokn 1887–1906	199	57	18,59 %	78,89 %
Oppheim sokn 1907–1926	170	63	14,12 %	61,18 %
Oppheim sokn 1927–1946	136	69	8,82 %	54,41 %
Oppheim sokn 1947–1966	122	64	6,56 %	46,72 %
Oppheim sokn 1967–1986	87	56	4,60 %	37,93 %
Oppheim sokn 1987–2016	123	92	4,07 %	26,02 %

Oversiktstabell for Evanger sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Evanger sokn 1866–1886	747	112	9,64 %	63,59 %
Evanger sokn 1887–1906	830	130	9,64 %	52,77 %
Evanger sokn 1907–1926	428	131	9,58 %	44,86 %
Evanger sokn 1927–1946	274	101	6,20 %	39,78 %
Evanger sokn 1947–1966	232	87	6,03 %	43,10 %
Evanger sokn 1967–1986	105	69	5,71 %	36,19 %
Evanger sokn 1987–2016	124	89	4,84 %	35,48 %

Oversiktstabell for åttungar og Evanger 1866–1970

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Dyrvinjardals åttung 1887–1926	347	78	12,10 %	62,82 %
Dyrvinjardals åttung 1927–1970	127	72	6,30 %	33,86 %
Gullfjordungs åttung 1887–1926	620	163	9,35 %	40,32 %
Gullfjordungs åttung 1927–1970	1078	217	5,57 %	32,47 %
Borgstrandar åttung 1887–1926	494	97	11,34 %	61,54 %
Borgstrandar åttung 1927–1970	600	158	5,00 %	35,67 %
Vinjar åttung 1887–1926	319	80	13,17 %	64,58 %
Vinjar åttung 1927–1970	291	111	4,48 %	31,96 %
Bæjar åttung 1887–1926	587	119	13,80 %	57,58 %
Bæjar åttung 1927–1970	380	131	5,53 %	39,47 %
Kvitlar åttung 1887–1926	208	73	9,62 %	53,37 %
Kvitlar åttung 1927–1970	306	120	6,21 %	36,60 %
Bordadals åttung 1887–1926	413	103	10,90 %	56,42 %
Bordadals åttung 1927–1970	688	175	4,07 %	31,10 %
Vikja åttung 1887–1926	344	89	11,92 %	63,37 %
Vikja åttung 1927–1970	312	121	7,37 %	37,18 %
Holebygds åttung 1866–1926	631	99	15,85 %	71,47 %
Holebygds åttung 1927–1970	339	115	9,73 %	43,95 %
Sygnastrands åttung 1866–1926	408	97	17,16 %	67,89 %
Sygnastrands åttung 1927–1970	275	100	6,18 %	37,09 %

Evanger 1887–1926	832	138	8,89 %	51,68 %
Evanger 1927–1970	435	142	6,21 %	35,17 %

Vedlegg 2: Oversiktstabellar jentenamn

Oversiktstabell for Voss kommune 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Voss kommune 1866–2016	17301	1025	9,23 %	39,39 %
Voss kommune 1866–1886	2807	214	14,68 %	67,83 %
Voss kommune 1887–1906	3302	312	14,57 %	60,15 %
Voss kommune 1907–1926	2514	289	9,90 %	49,68 %
Voss kommune 1927–1946	1882	265	4,94 %	32,41 %
Voss kommune 1947–1966	2570	328	7,16 %	31,90 %
Voss kommune 1967–1986	1692	334	6,70 %	26,42 %
Voss kommune 1987–2016	2620	535	4,39 %	22,86 %

Oversiktstabell for dei ulike sokna 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vangen sokn 1866–2016	12227	889	6,49 %	36,11 %
Vinje sokn 1866–2016	1482	274	11,27 %	52,70 %
Oppheim sokn 1866–2016	1046	287	9,66 %	47,51 %
Evanger sokn 1866–2016	2607	416	12,43 %	48,83 %

Oversiktstabell for Vangen sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vangen sokn 1866–1886	1492	129	15,21 %	68,16 %
Vangen sokn 1887–1906	1966	224	14,50 %	63,02 %
Vangen sokn 1907–1926	1723	244	9,58 %	49,62 %
Vangen sokn 1927–1946	1343	219	4,99 %	32,69 %
Vangen sokn 1947–1966	2058	310	7,19 %	32,46 %
Vangen sokn 1967–1986	1446	314	7,05 %	25,52 %
Vangen sokn 1987–2016	2171	488	4,47 %	22,89 %

Oversiktstabell for Vinje sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Vinje sokn 1866–1886	355	67	15,77 %	75,21 %
Vinje sokn 1887–1906	311	53	17,36 %	81,03 %
Vinje sokn 1907–1926	233	66	13,30 %	66,09 %
Vinje sokn 1927–1946	141	61	9,93 %	63,12 %
Vinje sokn 1947–1966	145	87	4,14 %	29,66 %
Vinje sokn 1967–1986	88	63	5,68 %	50,00 %
Vinje sokn 1987–2016	163	104	5,52 %	33,13 %

Oversiktstabell for Oppheim sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Oppheim sokn 1866–1886	223	57	16,59 %	70,85 %
Oppheim sokn 1887–1906	195	56	14,36 %	72,82 %
Oppheim sokn 1907–1926	155	59	9,03 %	60,00 %
Oppheim sokn 1927–1946	133	68	7,52 %	45,86 %
Oppheim sokn 1947–1966	123	58	11,38 %	53,66 %
Oppheim sokn 1967–1986	82	62	7,32 %	43,90 %
Oppheim sokn 1987–2016	135	101	6,67 %	31,11 %

Oversiktstabell for Evanger sokn 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Evanger sokn 1866–1886	737	112	17,91 %	72,05 %
Evanger sokn 1887–1906	830	148	13,73 %	57,83 %
Evanger sokn 1907–1926	347	96	12,68 %	56,77 %
Evanger sokn 1927–1946	265	117	4,15 %	36,23 %
Evanger sokn 1947–1966	244	118	6,56 %	28,69 %
Evanger sokn 1967–1986	76	59	7,89 %	40,79 %
Evanger sokn 1987–2016	108	91	4,63 %	34,26 %

Oversiktstabell for åttungar og Evanger 1866–2016

Område og tidsrom	Løpenamn	Ulike leksikalske namn	Prosentdel mest brukte namn	Prosentdel ti mest brukte namn
Dyrvinjardals åttung 1887–1926	311	81	13,18 %	64,31 %
Dyrvinjardals åttung 1927–1970	141	83	7,80 %	35,46 %
Gullfjordungs åttung 1887–1926	573	166	10,12 %	43,11 %
Gullfjordungs åttung 1927–1970	1031	259	5,14 %	29,39 %
Borgstrandar åttung 1887–1926	445	104	12,36 %	65,17 %
Borgstrandar åttung 1927–1970	488	180	7,38 %	34,02 %
Vinjar åttung 1887–1926	290	74	14,48 %	67,24 %
Vinjar åttung 1927–1970	239	118	5,02 %	33,47 %
Bæjar åttung 1887–1926	590	124	12,71 %	57,46 %
Bæjar åttung 1927–1986	372	152	7,53 %	35,48 %
Kvitlar åttung 1887–1926	189	78	13,23 %	55,03 %
Kvitlar åttung 1927–1970	267	122	7,87 %	37,83 %
Bordadals åttung 1887–1926	412	112	10,92 %	58,50 %
Bordadals åttung 1927–1970	685	193	6,72 %	34,74 %
Vikja åttung 1887–1926	292	83	17,12 %	72,26 %
Vikja åttung 1927–1970	281	132	7,47 %	33,45 %
Holebygds åttung 1866–1926	641	93	16,54 %	73,01 %
Holebygds åttung 1927–1986	307	128	5,54 %	36,81 %
Syгнаstrands åttung 1866–1926	381	94	12,60 %	65,62 %
Syгнаstrands åttung 1927–1986	270	115	7,41 %	37,41 %

Evanger 1887–1926	773	135	15,78 %	60,80 %
Evanger 1927–1970	416	161	4,57 %	30,77 %

Vedlegg 3: Talmateriale I BORA

Alt talmateriale og alle statistikker er utvikla i Excel. Datasetta er av praktiske årsaker tilgjengelege frå denne lenkja: <https://bora.uib.no/handle/1956/17710>

Vedlegg 4: Søknad om innsyn til Arkivverket

Bergen 31.03.2017

Arkivverket,
Seksjon for brukartenester 2,
Statsarkivet i Bergen
Åstadveien 22
5009 Bergen

Søknad om tilgang til kyrkjebøker og fødselsprotokollar for sokn i Voss kommune.

Eg søker med dette om tilgang til kyrkjebøker og fødselsprotokollar i sokn i Voss kommune frå tidsromma nemnt under. Opplysningane er utgangspunktet for mi masteroppgåve som skal ta for seg dei geografiske skilnadane i namnetradisjonane i Voss kommune. Det er i utgangspunktet berre døypenamna som er viktige for meg, men døypeprotokollane kan vere interessante å bruke som samanlikningsgrunnlag. Eg kjem berre til å ha nytte av førenamna, og det vil difor ikkje vere råd å identifisere enkeltpersonar ut i frå dette. Eg er kjend med teieplikta som dette arbeidet fører med seg.

Prosjektskisse:

Voss som bygd har vore prega av sterke oppkallingstradisjonar og ein sterk namnekonservatisme i fleire hundre år. Gunnstein Akselberg har forska på dette tidlegare, og eg arbeida vidare med undersøkingane hans i ei semesteroppgåve i fjor. I masteroppgåva mi vil eg prøve å finne ut om denne namnekonservatismen har ført til geografiske skilnader i namnebruken i bygdene i kommunen. Evanger og Vossestrand er teke med fordi dei i dag er ein del av kommunen. Eit eksempel kan vere om det er ein type namn som er særskild for Oppheim i forhold til Raundalen etc. Dette prosjektet handlar berre om

personnamn/førenamn. Etternamn er ikkje av interesse, og vil heller ikkje på nokon måte bli nytta eller kome fram i oppgåva.

Prosjektet skal ta føre seg perioden frå 1800 og fram til i dag. Dette grunnjev eg med at ein utover på 1800-talet får ein namnerenessanse av nordiske namn i Noreg, og at det vil vere interessant å sjå korleis dette har virka inn på namnebruken i dei ulike delane av kommunen. Det er også naudsynt å ha eit visst tidsspenn på eit slikt prosjekt, då dette er den einaste moglegheita til å kunne sjå noko klare trendar. Kyrkjebøkene vil vere eit fint utgangspunkt for dette arbeidet fordi dei allereie er geografisk inndelte.

Arbeidet med denne masteroppgåva vil ta til i august 2017, og skal vere avslutta i mai 2018. Det er denne perioden eg søker om å få nytte kyrkjebøkene i.

Følgjande lister vil vere av interesse:

Fødselsregister for Vangen, Voss:

1916 – 1925

1925 – 1937

1937 – 1949

1949 – 1957

1957 – 1964

1964 – 1972

1972 – 1982

Evanger:

1916 – 1982

Vossestrand:

Oppheim sokn 1916 – 1982

Vinje sokn 1916 – 1982

Kyrkjebøker/klokkarbøker:

Døypte Vangen, Voss:

1920 – 1944

1944 – 1959

1959 – 1963

1963 – 1970

Døypte Evanger sokn:

1918 – 1941

1942 – 1964

1965 – 1970

Døyppte Vinje B 5 1918 – 1970

Døyppte Oppheim A 4 1919 – 1949

Fødselsregister Evanger B2

Med vennleg helsing

Torbjörg Afdal

Student

Universitetet i Bergen

Institutt for litterære, lingvistiske og estetiske fag

E-post: taf003@student.uib.no

Vedlegg 5: Erklæring frå rettleiar til Arkivverket

Bergen 31.03.2017

Arkivverket,
Seksjon for brukartenester 2,
Statsarkivet i Bergen
Åstadveien 22
5009 Bergen

Fråsegn

Eg stadfester med dette personnamnprosjektet til masterstudent Torbjørg Afdal. Det er vitskapleg viktig at studenten får tilgang til desse namnekjeldene for å kunna gjennomføra ei vitskapleg gransking av personnamnbruken i Voss kommune i nyare tid. Til no har vi svært liten kunnskap om dette. Ein vitskapleg analyse av personnamnbruken i Voss kommune vil gje verdfull onomastisk kunnskap, samstundes som desse analysane vil gje ny og viktig innsikt i allmennsoga og den moderne kulturhistoria til ei viktig vestlandsbygd.

Venleg helsing

Gunnstein Akselberg
Rettleiar
Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske stadium (LLE)

Adresse: Gunnstein.Akselberg@uib.no

Vedlegg 6: Svar på søknad til Arkivverket



ARKIVVERKET
RIKSARKIVET OG STATSARKIVA

Torbjørn Afdal

E-brev: taf003@student.uib.no

Dykkar ref

31.03.2017

Vår ref.

2017/7533 TERNOM

Forskarinnsyn i arkiva etter sokneprestane i Voss, Vossestrand og Evanger –fullt innsyn innvilga

Vi viser til søknad av 31. mars d.å.

Søknaden gjeld følgjande arkiveiningar:

- Voss sokneprestembete, fødselsregister:
A 1, 1916-1925
A 2, 1925-1937
A 3, 1937-1949
A 4, 1949-1957
A, 5, 1957-1964
A 6, 1964-1972
A 7, 1972-1982
- Evanger sokneprestembete, fødselsregister:
B 1, 1916-1982
B 2, 1982
- Vossestrand sokneprestembete, fødselsregister:
A 1, Oppheim sokn, 1916-1982
B 1, Vinje sokn, 1916-1982
- Voss sokneprestembete, klokkarbøker:
C 4, 1920-1944
C 5, 1944-1959
1959-1963 (unummerert)
1963-1970 (unummerert)
- Evanger sokneprestembete, klokkarbøker:
A 6, 1918-1941
A 7, 1942-1964
A 8, 1963-1970
- Vossestrand sokneprestembete, klokkarbøker:
B 5, Vinje sokn, 1918-1970
A 4, Opheim sokn, 1919-1949

Det er på det reine at det finst opplysningar om «noens personlige forhold» blant det ovannemnde arkivmaterialet. Slike opplysningar er ut frå forvaltningslova § 13 første ledd, jf. § 13 c tredje ledd, underlagt teieplikt i 60 år.

Vi har vurdert om dei opplysningane i saka som er underlagt teieplikt, kan skiljast ut. Vi har komme til at dette ikkje kan la seg gjere med ein rimeleg arbeidsinnsats, jf. offentleglova § 12 bokstav b, jf. offentlegforskrifta § 9 første ledd. Vi viser til at søknaden om innsyn omfattar store mengder arkivmateriale.

Det følger av forvaltningslova §§ 13 d og 13 e at det kan givast innsyn i materiale underlagt teieplikt til «forsker» som skal gjennomføre eit konkret prosjekt som oppfyller lovas krav til «forskning».

Det er blitt dokumentert at du er masterstudent ved Institutt for litterære, lingvistiske og estetiske fag ved Universitetet i Bergen og at du treng tilgang til ovannemnde arkiveiningar i samband med masteroppgåva som skal leverast i mai 2018.

Vi legg til grunn at søkjaren kan givast innsyn i opplysningar underlagt teieplikt ut frå forvaltningslova §§ 13 d og 13 e.

Riksarkivaren gir deg med dette innsyn i dei ovannemnde arkiveiningane.

Innsynet givast med heimel i forvaltningslova § 13 d. Innsynet gjeld for ein periode på tre år, og berre for det føremålet som er oppgitt. Då arkivmaterialet inneheld sensitive personopplysningar som er underlagt teieplikt, ber vi deg om å underteikne det eine eksemplaret av vedlagte teielovnad og returnerer det til Arkivverket, eller levere det ved fram møte på lesesalen. Det andre eksemplaret er din gjenpart.

Innsynsløyvet omfattar ikkje utan vidare rett til å få kopiar av materialet. Det er eit spørsmål som det må takast særskild stilling til etter at du har gått gjennom materialet og tinga ønskja kopiar.

Med venleg helsing

Jon Barstad e.f.
rådgivar

Terje Nomeland e.f.
arkivar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift